Rapport 1 - 2007

# SLÅTTEENGER I MØRE OG ROMSDAL

## Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar

av John Bjarne Jordal

Møre og Romsdal fylke

LANDBRUKS-
AVDELINGA









Jordal, J. B. 2007: Slåtteenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s. ISBN 978-82-91585-27-7. ISSN 0809-957X.

Rapporten kan tingast frå:
Møre og Romsdal Fylke, landbruksavdelinga
Fylkeshusa
6404 MOLDE
tlf. 71 25 80 00
http://www.mrfylke.no

Framsidebilete:
*Øvst t.v. Denne slåtteenga har vi tenkt å ta vare på! Frå Lykkjeslett i Romsdalen.*
*Øvst t.h. Stor bloddråpesvermar finst i nokre få slåtteenger i Romsdalen og Sunndalen, og elles nokre rasmarker i varme fjordstrok. På Austlandet er han utdøydd, og finst no berre att på Nordvestlandet. Biletet er frå Flåøya i Sunndal.*
*Nedst t.h. Her var det ein gong ei fin slåtteeng med den sjeldne planten kystblåstjerne, men no gror det att. Er det muleg å tenkja seg at slåtten kan takast opp att? Frå Synnaland i Haram.*
*Nedst t.v. Kystblåstjerne - ein av dei sjeldnaste slåtteeng-plantene i fylket. Han finst framleis på Synnaland i Haram.*

Alle foto: John Bjarne Jordal

# FØREORD

Regionalt Miljøprogram (RMP) vart etablert med regionale tilskottsordningar frå 2005. RMP sine ordningar er utarbeidd for å møte dei miljømessige utfordringane som er særskilt for vårt fylke. Fylkestinget har i 2005 vedteke at den største miljøutfordringa i Møre og Romsdal er attgroing av det tradisjonelle opne kulturlandskapet, og derigjennom tap av biologisk mangfald.

I samband med revisjon av RMP fram mot søknadsåret 2009 planlegg fylket å utvikle ei tilskotsordning som skal sikre skjøtsel av så mange av dei mest artsrike slåtteengene som mogeleg. Møre og Romsdal fylke har gjennom mange år arbeidd systematisk for å få fram god og relevant kunnskap om kulturlandskapsverdiane i fylket. Denne kunnskapen er nødvendig for at ein skal kunne sette inn effektive verkemidlar i kampen mot attgroing og anna forringing av kulturlandskapsverdiane. Rapporten er ei samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar.

Biologen John Bjarne Jordal som har skreve denne rapporten er ein viktig samarbeidspartner for fylket særleg i arbeidet med å dokumentere botaniske verdiar i kulturlandskapet. Rapporten inneheld og ei omfattande litteraturliste som vil vere nyttig for alle som arbeider med kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesagronom Anders Hovde har vore kontaktperson i landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke.

Molde mai 2007

Ole Syltebø
Landbruksdirektør

# INNHALD

Samandrag ..... 8
Innleiing ..... 9
Bakgrunn ..... 9
Definisjon av slåtteng ..... 9
Føremål ..... 9
Metode ..... 10
Tidlegare undersøkingar ..... 10
Feltundersøkingar i dette prosjektet ..... 10
Samanstilling ..... 10
Resultat - oversikter ..... 12
Typeinndeling ..... 12
Lokalitetsoversikt ..... 12
Raudlisteartar ..... 18
Resultat - lokalitetar ..... 20
Aure: Benjaminsvika, Storslett ..... 20
Aure: Bjøringsetra ..... 20
Aure: Brattset I ..... 21
Aure: Espneset ..... 22
Aure: Løkvika II ..... 22
Aure: Olsvik ..... 22
Aure: Semundset II ..... 23
Aure: Tustna: Fjellingsdalen 1 ..... 23
Aure: Tustna: Øvre Nordvoll ..... 24
Aure: Vik, sør II ..... 24
Averøy: Kvernes museum ..... 25
Averøy: Litlrøssøya - sørside ..... 25
Fræna: Høghaugen sør for Sandstølen ..... 25
Fræna: Syltesetra: Hagan ..... 26
Fræna: Vestad: Rishaugan ..... 26
Fræna: Vikan: Skutholmen ..... 27
Fræna: Ås ..... 27
Gjemnes: Stokke: Vestgård ..... 28
Haram: Synnaland: Berget ..... 28
Haram: Synnaland: Nausthaugen ..... 29
Haram: Vatnedalen: Kroksetra ..... 29
Hareid: Store Alme ..... 30
Midsund: Otrøya: Hagset ..... 30
Midsund: Otrøya: Lille Klauset, austre del ..... 31
Midsund: Otrøya: Store Klauset, austre del ..... 31
Midsund: Otrøya: Sør-Heggdal ..... 31
Midsund: Tautra: nedom berga ..... 32
Molde: Hagen ved Mjelve ..... 32
Molde: Skovika ..... 33
Nesset: Eresfjorden: Bogge: Hagbø ..... 33
Norddal: Fjørå: Sjølbøskor, Gjærbakkane ..... 34
Norddal: Valldalen: Alstad ..... 34
Norddal: Valldalen: Berli ..... 35
Norddal: Valldalen: Langdalen ..... 35
Norddal: Valldalen: Nord for Omnos ..... 36
Norddal: Valldalen: Omnos ..... 37
Rauma: Isfjorden: Dalehaug ..... 37
Rauma: Isfjorden: Vika ..... 38
Rauma: Isfjorden: øvre Volstad ..... 38
Rauma: Måndalen: Venås: Nygjerdet ..... 38
Rauma: Romsdalen, midtre: Gjerde ..... 39
Rauma: Romsdalen, midtre: Gravdehaug ..... 39
Rauma: Romsdalen, midtre: Kors ..... 40
Rauma: Romsdalen, midtre: Ytste Monge ..... 40
Rauma: Romsdalen, nedre: Selen, Nordre ..... 41

Rauma: Romsdalen, øvre: Bjønnakleiva ... 41
Rauma: Romsdalen, øvre: Brudevoll ... 42
Rauma: Romsdalen, øvre: Brue: nedenfor jernbanen ... 42
Rauma: Romsdalen, øvre: Brustua ... 43
Rauma: Romsdalen, øvre: Brustua, nedenfor vegen ... 43
Rauma: Romsdalen, øvre: Gjerdshaug ... 44
Rauma: Romsdalen, øvre: Kleiva ... 44
Rauma: Romsdalen, øvre: Kleiva, nedafor vegen ... 45
Rauma: Romsdalen, øvre: Kylling, søre, Karahaugen ... 45
Rauma: Romsdalen, øvre: Kylling, søre, nedafor riksvegen ... 46
Rauma: Romsdalen, øvre: Kylling, søre, ovafor riksvegen ... 46
Rauma: Romsdalen, øvre: Lykkjeslett ... 46
Rauma: Romsdalen, øvre: Lykkjeslett, Nyhagen ... 47
Rauma: Romsdalen, øvre: Løkra ... 47
Rauma: Romsdalen, øvre: Løkra, Lykkja ... 48
Rauma: Romsdalen, øvre: Månasetra ... 48
Rauma: Romsdalen, øvre: Sletta søndre (85/6) ... 49
Rauma: Romsdalen, øvre: Slettahjellan (85/2) ... 49
Rauma: Rødven: Reitsletta ... 49
Rindal: Fossdalen: Gammelhøyløslættet ... 50
Sande: Aurvoll 2 ... 50
Sandøy: Sandøya: Storsanden ... 51
Sandøy: Sandøya: ved Sandøy kyrkje ... 51
Skodje: Opskar ... 52
Smøla: Dyrnes: Vika ... 52
Stordal: Dyrkorn: Indreseter ... 53
Stordal: Dyrkorn: Lia ... 53
Stordal: Nørdredalen: Almås: Robbåkeren ... 54
Stordal: Nørdredalen: aust for Stavdalen ... 54
Stordal: Nørdredalen: Jasvollsetra ... 54
Stordal: Nørdredalen: Lianes ... 55
Stordal: Nørdredalen: Overøyane ... 55
Stordal: Nørdredalen: Seljebotn, innmark Nedigard ... 56
Stordal: Nørdredalen: Stavdalen ... 56
Stordal: Nørdredalen: Ytstehaugen ... 57
Stordal: Røysetdalen: Røyset, nordre bruket ... 57
Stordal: Røysetdalen: Røysetsetra v. elva ... 57
Stordal: Røysetdalen: Røysetsetra v. gardane ... 58
Stordal: Storfjorden: Djupdalen ... 58
Stordal: Storfjorden: Nesplassen ... 59
Stordal: Storfjorden: Skjortneset ... 60
Stordal: Storfjorden: Skotet: Inste-Skotet ... 60
Stordal: Storfjorden: Skotet: Meskotet ... 61
Stordal: Storfjorden: Skotet: Skotshalsen ... 61
Stordal: Storfjorden: Skotet: Ytste-Skotet ... 62
Stordal: Storfjorden: Stordalsholmen ... 63
Stordal: Storfjorden: Øvstholmen ... 63
Stranda: Espehjelle (Skotungane) ... 64
Stranda: Geiranger: Hole, ved hytte ... 65
Stranda: Geiranger: Møll/Grande ... 66
Stranda: Habostaddalen: Arneberg ... 66
Stranda: Liabygda: Ansok ... 67
Stranda: Liabygda: Hammaren ... 68
Stranda: Liabygda: Kleberget ... 69
Stranda: Stranda: Hjellane, Bjorli, gnr. 23/1 ... 69
Stranda: Sunnylven: Kjellstad ... 70
Stranda: Sunnylvsfjorden: Ljøen: Beithøggane ... 70
Stranda: Sunnylvsfjorden: Ljøen: Nedre Ljøen ... 71
Sula: Eikrem: Hjellane ... 72
Sula: Sulabakken ... 72
Sunndal: Fjellgardene: Hafsåsen: Bjørklund ... 73
Sunndal: Fjellgardene: Hafsåsen: Skålvollen ... 73
Sunndal: Fjellgardene: Hafsåsen: Trøa og Bortategjerdet ... 74

Sunndal: Fjellgardene: Hafsåsen: Østistu ... 75
Sunndal: Fjellgardene: Hafsåsen: Åsattløgu ... 75
Sunndal: Fjellgardene: Jenstad: Haugen ... 76
Sunndal: Fjellgardene: Jenstad: hovedbruket ... 76
Sunndal: Fjellgardene: Røymoen: Kristenstu ... 77
Sunndal: Fjellgardene: Røymoen: Utistu ... 77
Sunndal: Fjellgardene: Svisdal: Liin ... 78
Sunndal: Fjellgardene: Svisdal: Svisdalshaugene ... 79
Sunndal: Fjellgardene: Svøu ... 79
Sunndal: Jordalsgrenda: Jordalsvøttu ... 80
Sunndal: Jordalsgrenda: Jordalsøra ... 80
Sunndal: Sunndalsfjorden nordside: Flåøya ... 81
Sunndal: Øksendalen: Grytneset ... 81
Surnadal: Melhus, Steinberget ... 82
Surnadal: Nordmarka: Austergardssetra ... 82
Surnadal: Vaulen ... 83
Sykkylven: Velledalen: Drotninghaug: Reiten ... 83
Tingvoll: Aksneset ... 84
Tingvoll: Aksneset: Fyrlykta ... 85
Tingvoll: Aksneset: Ildridtrøa ... 85
Tingvoll: Eikrem: Skarahaugen ... 86
Tingvoll: Gyl: Hamran på Bergem ... 86
Tingvoll: Holmeide: Bakkan ... 87
Tingvoll: Holmeide: Bedehuset ... 87
Tingvoll: Holmeide: Nøstvold ... 87
Tingvoll: Holmeide: Oppistua - plen ... 88
Tingvoll: Holmeide: Strupstad øvre ... 88
Tingvoll: Holmeide: Vikahammaren ... 89
Tingvoll: Kamsvåg, lokalitet 2 ... 89
Tingvoll: Liasletta i Tingvoll-lia ... 90
Tingvoll: Meisingset: Åkerfallet ... 90
Tingvoll: Straumsnes: Hagen ved Kanestraum ... 90
Tingvoll: Sørgarden ... 91
Tingvoll: Tingvoll gard ... 91
Tingvoll: Tingvoll-lia ... 92
Tingvoll: Vågbø: Brevikstranda ... 93
Vanylven: Åheim: Ekremseter ... 93
Vanylven: Åheim: Gusdal nedre ... 94
Vanylven: Åheim: Gusdal Øvre ... 94
Vanylven: Åheim: Halse ... 95
Vanylven: Åheim: Hellebust ... 95
Vanylven: Åheim: Lia ... 96
Vestnes: Skorgedalen: Helland ... 96
Vestnes: Skorgedalen: Kjelbotn ... 97
Vestnes: Tomrefjord: Juvikplassen ... 97
Vestnes: Tomrefjord: Klingrå ... 98
Volda: Folkestad: Bøen ... 98
Volda: Folkestad: Løndalen ... 99
Volda: Kilspollen: Mjeltevika ... 99
Volda: Lauvstad: Grøtholen ... 99
Volda: Tømmerbakk ... 100
Ørskog: Sjøholt: Bårdsgjerde, Martinusgarden ... 100
Ørskog: Solnørdalen: aust for Barlindhaugen ... 100
Ørskog: Vagsvika: Sollia, austre del ... 101
Ørskog: Vagsvika: Øvre Sollia ... 101
Ørskog: Vagsvika: Øvre Sollia, vestre del ... 102
Ørskog: Viset: Øggarden ... 102
Ørsta: Barstaddalen: Bakketun på Volle ... 103
Ørsta: Follestaddalen: Barstad, nedafor vegen ... 103
Ørsta: Follestaddalen: nord for Litlesæter ... 103
Ørsta: Follestaddalen: vest for Skulebrua ... 104
Ålesund: Emblem ... 104
Ålesund: Litlekalvøya: Plassen ... 105

Ålesund: Litlekalvøya: Rema.... 105
Ålesund: Litlekalvøya: Tua.... 105
Ålesund: Magerholm (småbruk) Akselhaugen .... 106
Ålesund: Ratvikvatnet (ved Lerstadvegen).... 106
Ålesund: Tørla, Gruen .... 107
Ålesund: Vanberg (ved Lerstadvegen).... 107
Ålesund: Ystebøen, Emblem.... 108
Diskusjon.... 109
Kjelder.... 110

# SAMANDRAG

Det er på oppdrag frå Landbruksavdelinga utført ei samanstilling av kunnskapen om tradisjonelle slåtteenger i Møre og Romsdal. Dette er enger som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, og som har eit interessant biologisk mangfald tilpassa årleg slått. I tillegg har dei tradisjonelle slåtteengene gjerne vore beita vår og haust. 178 lokalitetar vert skildra i rapporten. Av desse er 151 arealberekna og utgjer 1431 dekar, dvs. 9,5 dekar i gjennomsnitt. 133 av lokalitetane var tilgjengelege i Naturbase pr. mars. 2007, dei resterande 55 har kome fram gjennom innsamling av data frå ulike kjelder i dette prosjektet. Av desse er til no 18 digitaliserte og arealberekna av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Samla areal for registrerte lokalitetar vert stipulert til 1700 dekar, elles finst det truleg ein del lokalitetar som ikkje er registrerte. Dette er relativt mykje sett i eit nasjonalt perspektiv. Truleg er ein del lokalitetar feilavgrensa på den måten at dei inneheld ein del areal som er fulldyrka eller gjødsla og såleis ikkje fell under definisjonen på tradisjonell slåtteeng. Det verkelege arealet er derfor truleg mindre enn det som er oppgjeve. I ei framtidig evaluering/kvalitetssikring av data i Naturbase, burde derfor avgrensingane av ein del slåtteenger gjennomgåast på nytt med kritiske auge. Dei fleste lokalitetane er ikkje lenger i ordinær jordbruksmessig drift, sidan terrenget ofte gjer arbeidet tungvint og avlinga oftast er lågare på ugjødsla enn på gjødsla areal. Lokalitetane er anten slått på fritids/hobbybasis av eigar, leigar, eller somme gonger frivillig organisasjon eller offentleg instans, eller dei har i den seinare tid vore beita men har likevel bevart artsutvalet som er typisk for slåtteeng. Rundt halvparten av lokalitetane er intakte på den måten at dei framleis vert slått. Mange er relativt nyleg gått ut av bruk og gror att, men mangfaldet er inntil vidare i varierande grad bevart.

Slåtteenger er den mest truga naturtypen i kulturlandskapet, samstundes som han inneheld eit stort mangfald av vegetasjonstypar og mange kravfulle artar, som vanskeleg kan bevarast utan at desse lokalitetane vert tekne vare på. Dei viktigaste slåtteengkommunane er Stordal, Rauma, Tingvoll og Sunndal, men lokalitetar er registrerte i 29 av fylkets 37 kommunar. Artar som vert rekna som truga av tilbakegang i bestandane som følgje av t. d. omleggingar i jordbruket, er oppførte på ei nasjonal såkalla raudliste, og artane vert kalla raudlisteartar. 64 raudlisteartar er kjent frå dei omtala lokalitetane, det gjeld 13 karplanter, 1 sommarfuglart og 50 soppartar. Desse skal prioriterast høgt i forvaltninga, m.a. gjennom 2010-målet om stans i tapet av biologisk mangfald. Det er eit akutt behov for ein sterk, målretta innsats for å ta vare på restane av denne særmerkte naturtypen, men tiltak og verkemiddel er ikkje eit tema for denne rapporten.

# INNLEIING

## *Bakgrunn*

Denne rapporten har vorte til etter initiativ frå Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke, fordi ein har sett at tradisjonelle slåtteenger som naturtype er i sterk tilbakegang, trass i dei tilskottsordningane ein har hatt til no. Ein har derfor sett det naudsynt å få ein kunnskapsstatus som bakgrunn for framtidige tiltak, m.a. i samband med revidering av Regionalt miljøprogram i Møre og Romsdal.

## *Definisjon av slåtteng*

Med slåtteeng meinest i denne rapporten gras- og urtedominert vegetasjon som er halde ved like med slått, oftast i kombinasjon med vår- og/eller haustbeite, og som ikkje eller i liten grad har vore pløgd og gjødsla. Mange stader har det vore overflatedyrka ein gong i tida utan at dette har hatt avgjerande innverknad på det biologiske mangfaldet i dag. I mange av lokalitetane finst slike slåtteenger i mosaikk med andre kulturmarkstypar, og det er i Naturbasen i mange tilfelle avgrensa større areal enn det som strengt tatt fyller definisjonen ovanfor.

## *Føremål*

Føremålet med rapporten er å få fram kunnskapsstatus for tradisjonelle, biologisk verdifulle slåtteenger i Møre og Romsdal. Denne kunnskapen er naudsynt for å kunne berga mest muleg av dei restane som framleis er intakte.

# METODE

## Tidlegare undersøkingar

I 1992-94 vart det gjennomført nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap som følgde ein metode utvikla i 1992-93 (m.a. Moen et al. 1993). Metoden inkluderte ulike verdiar som landskapsbilete, kulturmiljø/historie, biologisk mangfald, nærmiljø/friluftsliv m.m. Her i fylket vart det i hovudsak avgrensa ein del større område med nokså ueinsarta innhald (t. d. heile Romsdalen i Rauma) (Aksdal 1994, Iversen et al. 1994).

Ut over 1990-talet utførte underteikna saman med Geir Gaarder ei rekkje undersøkingar av kulturlandskap i fylket (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a, 1997, 1998a). Desse undersøkingane er samanstilt i ein samlerapport (Jordal & Gaarder 1999). I desse undersøkingane vart det lagt vekt på artsmangfald av planter og sopp, og vegetasjon, og fokus var på mindre, einsarta og velavgrensa lokalitetar i staden for større, heterogene område (sjå metodikk i m.a. Jordal & Gaarder 1995a).

I 1999 fekk vi ein nasjonal metode for registrering av naturtypar i Noreg, nemleg DN-handbok nr. 13 (DN 1999a). Denne metoden inneheld 7 hovudnaturtypar, og kulturlandskap er ein av desse. Dei andre er havstrand/kyst, myr og kjelde, rasmark, berg og kantkratt, fjell, ferskvatn/våtmark og skog. Denne metodikken er nyleg revidert og ligg på Internett (DN 2006, sjå kjelder). Her er "slåttemark" ein av fleire ulike naturtypar som skal registrerast.

Revisjonen tek opp i seg metodikken som vart utvikla i 2004-2005 i samband med ein ny runde med nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (Bratli & Norderhaug 2005). Vi er derfor komne langt med ein nasjonal metodikk for registrering av biologisk verdifulle kulturlandskapslokalitetar. Ein er no fokusert på relativt einsarta, mindre område enn i 1992-94.

I åra etter 1999 har det vore gjennomført naturtypekartlegging etter DN (1999a) i dei fleste kommunane i fylket (sjå litteraturlista attast i rapporten). Dette har ført til fleire feltundersøkingar og meir konkrete data om artar og vegetasjon, og mange nye lokalitetar har vorte oppdaga. Samstundes har både tidlegare og nye data vorte overført til DN sin Naturbase, og finst tilgjengeleg på Internett. Eit særskilt prosjekt som fortener å nemnast i tillegg til kartleggingane av naturtypar i kommunane, er Storfjordprosjektet (Norderhaug et al. 2004). Her vart ei rekkje lokalitetar i Stranda, Norddal og Stordal undersøkt og skildra. Metoden for avgrensing og prioritering var likevel nokså forskjellig frå metoden til DN (1999a), slik at materialet ikkje utan vidare kan overførast til Naturbase. Dette er derfor heller ikkje gjort.

Ein stor del av lokalitetane i denne rapporten finst tilgjengeleg på DN sin Naturbase på Internett (http://dnweb5.dirnat.no/nbinnsyn/). Nokre lokalitetar er førebels ikkje kome inn i Naturbase. Data mottekne frå ulike personar under arbeidet med denne rapporten, nokre data frå eigne og andres rapportar og databasar, og data frå eigne feltundersøkingar i 2006 er eksempel på slike data som førebels ikkje ligg i Naturbase. Dei lokalitetane som ikkje er komne inn, vantar Naturbase-nummer og areal i oversiktene.

## Feltundersøkingar i dette prosjektet

I prosjektet som denne rapporten er ein del av har eg også utført supplerande feltarbeid i 2006, i første rekkje på Sunnmøre, m.a. i Volda, Vanylven og Ørsta. Desse data er tekne inn i samanstillinga. Data innsamla i Ørsta er og komne med i den nye naturtyperapporten (Jordal et al. 2007).

## Samanstilling

Under samanstillinga har ein nytta alle tilgjengelege skriftlege og elektroniske kjelder i form av rapportar, DN si Naturbase på Internett og eigne databasar. Alle skriftlege kjelder er refererte under "kjelder" bak i rapporten, og ein har også vist til desse undervegs i teksten. Sidan kjeldene presenterer data på ulike måtar, er det eit ganske stort arbeid å standardisera oppsettet. Slik standardisering har derfor ikkje vorte gjennomført fullt ut. Ein har heller ikkje endra opprinneleg språkform (bokmål/nynorsk), slik at det vil vera ei blanding av desse språkformene.

Det har ikkje vore noko mål å endra områdeskildringane i dei ulike kjeldene, anna enn når desse er feil eller klart mangelfulle, eller eg sjølv har supplerande data. I desse tilfella har eg markert mine eigne tillegg med namn og dato. Ein type endringar som har vore gjort utan markering, er oppdatering av raudlistestatus i høve til den nye raudlista som kom i desember 2006 (Kålås et al. 2006). Eg har i nokre tilfelle endra naturtype frå t. d. småbiotop eller naturbeitemark til slåtteeng, der eg meiner å ha gode grunnar til dette.

Eg har også vurdert verdisettinga etter DN (2006), og i ein del høve endra verdi på lokalitane i samsvar med kriteria slik eg tolkar dei i mai 2007. Det skal likevel innrømast at verdisetting er vanskeleg. Ulike gradientar i høve til gjødsling,

hevdtilstand, pH og artsmangfald gjer at det nokre gonger er vanskeleg å setta grenser, og å ha klare oppfatningar om kva som bør vera korrekt verdi. Det er og nokre gonger vanskeleg å vita kor attgrodd eller gjødsla det skal vera før ein let vera å avgrensa ein lokalitet. Tilstand/status er også vurdert. På lokalitetar som ikkje er observert/undersøkt etter 01.01.2000 er den sett til "ukjent", sidan endringar ofte går raskt om hevden opphøyrer. Som "intakt" reknast lokalitetar som vart slått på undersøkingstindspunktet. Dersom lokaliteten er skjøtta som plen er dette markert, og ein har også markert om graset vert slått men ikkje fjerna frå marka. Ein har delt gjengroande lokalitetar i to, med ein kategori "delvis intakt" for stader der artsmangfald og tilstand er nokså lite endra, medan lokalitetar omtala som "gjengrodd" er sterkare endra.

Ein del språkleg og fagleg korrektur er også utført utan særskilt markering. Til saman gjev dette ei noko meir fullstendig og forhåpentlegvis meir korrekt framstilling enn det som førebels er muleg å få ut av Naturbase.

Litteraturtilvisingar i lokalitetsskildringane er somme stader omfattande, og det er ikkje sikkert at alle tilvisingar er refererte i litteraturlista. I slike tilfelle får ein gå til litteraturlista i den opprinnelege rapporten.

# RESULTAT - OVERSIKTER

I dette kapitlet vert det presentert oversikt over alle innsamla data i tabellform. Det vil m.a. seia oversikt over typeinndeling, lokalitetar, og statistikk for kommunar, areal, verdi og tilstand. Det ville også vore ønskjeleg å ha oversikter over artsmangfald, men dette vart for omfattande, og det vert presentert ei oversikt over raudlisteartar som er kjent frå dei omtala slåtteengene.

## Typeinndeling

*Tabell 1. Inndeling av slåttemark i fylket i naturtype-utformingar, vegetasjonstypar, og med informasjon om kva vegetasjonstypar som reknast som truga. Det er kommentert litt om situasjonen i Møre og Romsdal.*

| Naturtype (DN 1999a & 2006) | Utforming (DN 1999a & 2006) | Vegetasjonstypar (Fremstad 1997, Fremstad & Moen 2001) | Truga vegetasjons-typar (Fremstad & Moen 2001) | Kommentar for Møre og Romsdal |
|---|---|---|---|---|
| **Slåttemark og natur-beitemark** | Fuktig fattigeng | G1 Fuktig fattigeng | | Viktig type i kystbeitemarker, men svært sjeldan i slåtteeng. |
| | Blåtoppeng | G2 Blåtopp-blåknappeng (vekselfuktig fattigeng) | Noko truga (VU), visse utforminger sterkt truga (EN) | Inngår ofte i kystlynghei m.m. Ikkje kjent i slåtteenger. |
| | Sølvbunkeeng | G3 Sølvbunkeeng | | Har ofte vore gjødsla og pløgd, men går etter lengre tids utmagring over i G4, og vert da meir artsrik. |
| | Frisk fattigeng | G4a,c Frisk fattigeng | | Truleg viktigaste vegetasjonstype i kulturlandskapet i fylket, ofte stort artsmangfald. Både slåtteenger og naturbeitemarker. |
| | Frisk fattigeng | G4b Frisk fattigeng (jordnøtteng m.m.) på Vestlandet | G4b er sterkt truga (EN) | Utbreidd på kysten av MR, men i sterk attgroing, svært sjeldan i slåtteeng. |
| | Finnskjegg- og sauesvingeleng | G5 Finnskjegg-eng og fattig sauesvingeleng | | Vanleg type i naturbeitemarker i seterområda i indre strok, sjeldan i slåttemark. |
| | Frisk/tørr, middels baserik eng | G6, G7b Lågurteng (tørr rikeng i lavlandet) | Sterkt truga (EN) | Sjeldan og truga type, Romsdalen og øvre Sunndalen, sjeldan i slåttemark. |
| | Frisk/tørr, middels baserik eng i høgarerliggjande strok og nordpå | G8 Flekkmure-sauesvingeleng (frisk/tørr rikeng i fjellstrøk) | Noko truga (VU) | Sjeldan type, Romsdalen og øvre Sunndalen, sjeldan i slåttemark. |
| | Vekselfuktig baserik eng | G11 Blåstarr-engstarreng (vekselfuktig rikeng) | Sterkt truga (EN) | Sjeldan og truga type, mest på kysten, men annan type finst i kalkrike innlandsstrok (t.d. Grøvuvassdraget), sjeldan. |
| | Våt/fuktig, middels næringsrik eng | G12a Soleihoveng (våt/fuktig, middelsrik eng) | Noko truga (VU), rike utforminger sterkt truga (EN) | Finst, men er lite registrert. |
| | Våt/fuktig, middels næringsrik eng | G12b, c Våt/fuktig, middels næringsrik eng | | Finst, men er lite registrert. |
| | Frisk, næringsrik gammeleng | G14 Frisk, næringsrik gammeleng | | Finst, men er lite registrert. |

## Lokalitetsoversikt

*Tabell 2. Oversikt over slåtteenger i Møre og Romsdal, med dato for siste undersøking, tilstand, areal (i dekar) og verdi der slike data finst. Symbol for tilstand: I=intakt og vert slått (observert etter 01.01.2000), p=plenskjøtsel, s=berre slått, graset ligg att, D=delvis intakt, B=beiting, G=gjengroing, ute av hevd, U=ukjent, status ikkje observert etter 01.01.2000. Symbol for verdi: A-svært viktig, B-viktig, C-lokalt viktig. * avgrensa område er sannsynlegvis for stort.*

| Kommune | Lokalitet | areal | siste dato | verdi | ny verdi | status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aure | Benjaminsvika, Storslett | | 07.05.2005 | B | B | B/I |

| Kommune | Lokalitet | areal | siste dato | verdi | ny verdi | status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aure | Bjøringsetra | | 26.05.2005 | A | A | B |
| Aure | Brattset I | 26,43 | 20.05.2005 | A | A | D |
| Aure | Espneset | | 04.05.2005 | A | A | I |
| Aure | Løkvika II | 8,26 | 27.09.2005 | B | B | D |
| Aure | Olsvik | | 23.05.2005 | A | A | B |
| Aure | Semundset II | | 07.05.2005 | A | A | B |
| Aure | Tustna: Fjellingsdalen 1 | 23,55 | 21.08.2005 | A | **B** | D |
| Aure | Tustna: Øvre Nordvoll | 2,64 | 30.10.2005 | C | C | Ip |
| Aure | Vik, sør II | 10,02 | 02.11.2004 | B | B | Is |
| Averøy | Kvernes museum | 8,19 | 11.08.2001 | A | A | Ip |
| Averøy | Litlrøssøya - sørside | 1,67 | 11.08.2002 | B | B | Ip |
| Fræna | Høghaugen sør for Sandstølen | 3,43 | 14.05.2003 | B | B | I |
| Fræna | Syltesetra: Hagan | 2,56 | 12.07.2002 | B | B | B |
| Fræna | Vestad: Rishaugan | 1,35 | 26.07.2003 | B | B | Ip |
| Fræna | Vikan: Skutholmen | *39,20 | 24.09.2004 | A | A | I |
| Fræna | Ås | 6,72 | 25.06.2003 | B | **A** | I |
| Gjemnes | Stokke: Vestgård | | 15.06.2002 | A | A | I |
| Haram | Synnaland: Berget | 3,54 | 05.06.2003 | A | A | G |
| Haram | Synnaland: Nausthaugen | 1,65 | 05.06.2003 | A | A | G |
| Haram | Vatnedalen: Kroksetra | 3,07 | 02.07.2002 | B | B | I |
| Hareid | Store Alme | 1,14 | 01.08.2001 | B | B | Is |
| Midsund | Otrøya: Hagset | 1,10 | 08.09.2003 | B | **A** | I |
| Midsund | Otrøya: Lille Klauset, austre del | 1,16 | 24.06.2003 | B | B | I |
| Midsund | Otrøya: Store Klauset | 0,25 | 24.06.2003 | B | B | I |
| Midsund | Otrøya: Sør-Heggdal | 2,24 | 24.06.2003 | B | **A** | D |
| Midsund | Tautra: nedom berga | 0,27 | 06.08.2003 | B | **C** | G |
| Molde | Hagen ved Mjelve | 4,89 | 09.06.2003 | B | B | I |
| Molde | Skovika | 8,82 | 07.06.2004 | B | B | G |
| Nesset | Eresfjorden: Bogge: Hagbø | 1,88 | 17.09.2002 | B | B | I |
| Norddal | Fjørå: Sjølbøskor, Gjærbakkane | | 25.06.2002 | B | B | I |
| Norddal | Valldalen: Alstad | | 01.07.2002 | B | B | D |
| Norddal | Valldalen: Berli | | 01.07.2002 | B | B | I |
| Norddal | Valldalen: Langdalen | | 01.07.2002 | B | B | I |
| Norddal | Valldalen: Nord for Omnos (bjørkehage, slåtteeng) | | 06.07.2002 | B | B | I |
| Norddal | Valldalen: Omnos | | 10.08.2001 | B | B | G |
| Rauma | Isfjorden: Dalehaug | 6,89 | 25.07.2000 | A | A | I |
| Rauma | Isfjorden: Vika | 12,26 | 05.07.2001 | B | B | G |
| Rauma | Isfjorden: øvre Volstad | | 12.07.2004 | B | B | G |
| Rauma | Måndalen: Venås: Nygjerdet | 9,34 | 24.07.2000 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, midtre: Gjerde | 4,39 | 01.09.2000 | B | **A** | B |
| Rauma | Romsdalen, midtre: Gravdehaug | 5,30 | 13.09.2006 | A | A | I |
| Rauma | Romsdalen, midtre: Kors | | 07.07.2006 | A | A | D |
| Rauma | Romsdalen, midtre: Selen, Nordre | 10,25 | 19.07.2000 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, midtre: Ytste Monge | 6,46 | 05.07.2005 | B | **A** | D |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Bjønnakleiva | 20,67 | 15.07.2000 | B | **A** | I/D |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Brudevoll | 2 | 05.07.2005 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Brue, nedanfor jernbanen | 0,93 | 05.07.2005 | C | **A** | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Brustua | 3,38 | 23.06.2001 | B | B | G |

| Kommune | Lokalitet | areal | siste dato | verdi | ny verdi | status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rauma | Romsdalen, øvre: Brustua, nedenfor vegen (endres fra småbiotop) | 2,21 | 05.07.2005 | C | **B** | G |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Gjerdshaug | 7,54 | 01.09.2000 | A | A | D |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Kleiva | 8,95 | 31.08.2000 | B | A | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Kleiva, nedafor vegen | 9 | 05.07.2005 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Kylling, søre, Karahaugen | 1 | 05.07.2005 | C | C | B |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Kylling, søre, nedafor riksvegen | 1 | 05.07.2005 | B | B | B |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Kylling, søre, ovafor riksvegen | 2 | 05.07.2005 | B | B | D |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Lykkjeslett | 31,29 | 05.07.2005 | A | A | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Lykkjeslett, Nyhagen | 8 | 05.07.2005 | C | C | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Løkra | 4 | 05.07.2005 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Løkra, Lykkja | 5 | 05.07.2005 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Månasetra | 12,76 | 25.06.2000 | B | B | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Sletta søndre (85/6) | 3 | 05.07.2005 | C | C | I |
| Rauma | Romsdalen, øvre: Slettahjellan (85/2) | 6 | 05.07.2005 | B | B | I |
| Rauma | Rødven: Reitsletta | *26,12 | 28.07.2000 | B | B | B |
| Rindal | Fossdalen: Gammelhøyløslættet | *75,28 | 24.09.1997 | B | B | U |
| Sande | Aurvoll 2 | 5,80 | 08.12.2003 | B | B | D |
| Sandøy | Sandøya: Storsanden | 4,17 | 13.08.2004 | B | B | G |
| Sandøy | Sandøya: ved Sandøy kyrkje | 0,60 | 13.08.2004 | B | B | Ip |
| Skodje | Opskar | 0,97 | 18.07.2002 | A | A | I |
| Smøla | Dyrnes: Vika | 19,05 | 30.06.1999 | B | **A** | U |
| Stordal | Dyrkorn: Indreseter | 8,59 | 14.09.2004 | A | A | I |
| Stordal | Dyrkorn: Lia | 29,14 | 27.06.2002 | A | A | B |
| Stordal | Nørdredalen: Almås: Robbåkeren | 1,51 | 16.09.2004 | B | **A** | I |
| Stordal | Nørdredalen: aust for Stavdalen | 6,35 | 21.06.2002 | B | B | D |
| Stordal | Nørdredalen: Jasvollsetra | 4,72 | 24.06.2000 | A | A | B/D |
| Stordal | Nørdredalen: Lianes | 0,57 | 20.06.2002 | B | **A** | D |
| Stordal | Nørdredalen: Overøyane | 5,87 | 06.09.2004 | B | **A** | D |
| Stordal | Nørdredalen: Seljebotn, innmark Nedigard | 1,83 | 21.06.2002 | B | **A** | I |
| Stordal | Nørdredalen: Stavdalen | 4,79 | 23.06.2000 | B | B | D |
| Stordal | Nørdredalen: Ytstehaugen | 3,91 | 20.06.2002 | B | **A** | D |
| Stordal | Røysetdalen: Røyset, nordre bruket | 6,10 | 19.06.2002 | B | B | Is |
| Stordal | Røysetdalen: Røysetsetra v. elva | 8,24 | 12.09.2002 | B | B | D |
| Stordal | Røysetdalen: Røysetsetra v. gardane | 7,64 | 12.09.2002 | A | A | Is |
| Stordal | Storfjorden: Djupdalen | 4,87 | 08.08.2001 | A | A | I |
| Stordal | Storfjorden: Nesplassen | 5,90 | 26.06.2002 | B | B | D |
| Stordal | Storfjorden: Skjortneset | *22,88 | 07.08.2001 | B | B | I |
| Stordal | Storfjorden: Inste-Skotet | *19,38 | 07.08.2001 | B | B | I |
| Stordal | Storfjorden: Meskotet | *25,90 | 07.08.2001 | B | B | I |
| Stordal | Storfjorden: Ytste-Skotet | *36,49 | 07.08.2001 | A | A | I |
| Stordal | Storfjorden: Skotshalsen | 9,74 | 07.08.2001 | C | C | G |
| Stordal | Storfjorden: Stordalsholmen | 13,84 | 07.08.2001 | B | B | D |
| Stordal | Storfjorden: Øvstholmen | 7,48 | 08.08.2001 | B | B | G |

| Kommune | Lokalitet | areal | siste dato | verdi | ny verdi | status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Stranda | Geiranger: Hole, ved hytte | | 18.06.2002 | B | B | D |
| Stranda | Geiranger: Møll/Grande | | ?2002 | B | B | G |
| Stranda | Habostaddalen: Arneberg | | 10.06.2002 | B | B | I |
| Stranda | Liabygda: Ansok | 11,48 | 05.09.2000 | A | A | I |
| Stranda | Liabygda: Hammaren | | 26.07.2001 | B | B | I |
| Stranda | Liabygda: Kleberget | 21,80 | 05.09.2000 | A | A | I |
| Stranda | Storfjorden: Espehjelle (Skotungane) | *52,36 | 02.07.2000 | A | A | I |
| Stranda | Stranda: Hjellane, Bjorli (23/1) | | 27.06.2002 | B | B | I |
| Stranda | Sunnylven: Kjellstad | 5,00 | 04.08.2000 | B | **A** | D |
| Stranda | Sunnylvsfjorden: Ljøen: Beithøggane | | 28.06.2002 | B | B | I |
| Stranda | Sunnylvsfjorden: Ljøen: Nedre Ljøen | | 27.06.2002 | B | B | I |
| Sula | Eikrem: Hjellane | *58,06 | 21.09.2006 | B | B | G |
| Sula | Sulabakken | *47,50 | 11.10.1995 | B | B | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Hafsåsen: Bjørklund | 5,04 | 19.07.1999 | B | B | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Hafsåsen: Skålvollen | 4,45 | 19.07.1999 | B | B | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Hafsåsen: Trøa og Bortategjerdet | 21,08 | 17.09.1999 | A | A | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Hafsåsen: Østistu | 11,27 | 17.07.1999 | B | B | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Hafsåsen: Åsattløgu | 3,19 | 21.08.2003 | A | A | D |
| Sunndal | Fjellgardene: Jenstad: Haugen | 4,25 | 16.07.1999 | C | C | G |
| Sunndal | Fjellgardene: Jenstad: hovedbruket | 10,72 | 16.07.1999 | B | **A** | I |
| Sunndal | Fjellgardene: Røymoen: Kristenstu | 16,25 | 20.07.1999 | B | B | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Røymoen: Utistu | 9,29 | 20.07.1999 | A | A | U |
| Sunndal | Fjellgardene: Svisdal: Liin | 11,87 | 30.08.1994 | A | A | I |
| Sunndal | Fjellgardene: Svisdal: Svisdalshaugene | 2,89 | 20.08.2001 | A | A | I |
| Sunndal | Fjellgardene: Svøu | 13,74 | 28.07.2006 | A | A | I |
| Sunndal | Jordalsgrenda: Jordalsvøttu | 7,04 | 15.09.2001 | A | A | Is |
| Sunndal | Jordalsgrenda: Jordalsøra | 11,27 | 15.09.2003 | A | A | I |
| Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Flåøya | 2,20 | 09.06.2002 | A | A | I |
| Sunndal | Øksendalen: Grytneset | 14,00 | 25.06.2002 | A | A | I |
| Surnadal | Melhus: Steinberget | 5,83 | 23.09.1995 | B | B | U |
| Surnadal | Nordmarka: Austergardssetra | | 24.09.1997 | A | A | U |
| Surnadal | Nordmarka: Vaulasetra | | 17.09.1995 | A | A | I |
| Sykkylven | Velledalen: Drotninghaug: Reiten | 11,16 | 16.10.1999 | A | A | I |
| Tingvoll | Aksneset | 1,66 | 21.10.2006 | A | A | I |
| Tingvoll | Aksneset: Fyrlykta | 1,01 | 21.10.2006 | C | **B** | I |
| Tingvoll | Aksneset: Ildridtrøa | 1,60 | 21.10.2006 | A | A | I |
| Tingvoll | Bergem: Hamran | 7,67 | 02.09.2000 | B | **A** | I |
| Tingvoll | Eikrem: Skarahaugen | 2,68 | 23.09.2005 | A | A | G |
| Tingvoll | Hagan ved Kanestraum | 1,50 | 13.10.2001 | B | B | Ip |
| Tingvoll | Holmeide: Bakkan | 0,62 | 20.10.2006 | C | C | Ip |
| Tingvoll | Holmeide: Bedehuset | 0,38 | 26.09.2006 | C | C | I |
| Tingvoll | Holmeide: Nøstvold | 1,87 | 21.10.2006 | B | B | I |
| Tingvoll | Holmeide: Oppistua - plen | 0,23 | 20.10.2006 | B | B | Ip |
| Tingvoll | Holmeide: Strupstad øvre | 1,15 | 21.10.2006 | B | B | I |
| Tingvoll | Holmeide: Vikahammaren | 0,75 | 20.10.2006 | B | B | Ip |
| Tingvoll | Kamsvåg, lokalitet 2 | 15,85 | 16.09.1993 | B | B | U |
| Tingvoll | Liasletta ved Tingvoll museum | 3,74 | 13.10.2001 | A | A | I |

| Kommune | Lokalitet | areal | siste dato | verdi | ny verdi | status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tingvoll | Meisingset: Åkerfallet | 15,92 | 15.06.2003 | B | B | G |
| Tingvoll | Sørgarden | 4,54 | 21.09.2003 | B | B | I |
| Tingvoll | Tingvoll Gard | 7,20 | 04.07.2001 | B | **A** | Ip |
| Tingvoll | Tingvoll-lia | *19,07 | 04.07.2001 | A | A | I |
| Tingvoll | Vågbø: Brevikstranda | 2,17 | 22.10.2006 | B | B | Ip |
| Vanylven | Åheim: Ekremseter | *19,38 | 20.09.2006 | B | B | G |
| Vanylven | Åheim: Gusdal nedre | 1,8 | 20.09.2006 | C | C | D |
| Vanylven | Åheim: Gusdal Øvre | 3,40 | 20.09.2006 | B | **A** | D |
| Vanylven | Åheim: Halse | 0,31 | 20.09.2006 | C | **B** | I |
| Vanylven | Åheim: Hellebust | 2,33 | 20.09.2006 | A | A | I |
| Vanylven | Åheim: Lia | 9,70 | 20.09.2006 | C | **B** | D |
| Vestnes | Skorgedalen: Helland | 8,06 | 10.07.2001 | B | B | G |
| Vestnes | Skorgedalen: Kjelbotn | 10,10 | 29.08.2001 | A | A | I |
| Vestnes | Tomrefjord: Juvikplassen | 6,90 | 06.07.2001 | B | B | G |
| Vestnes | Tomrefjord: Klingrå | 1,47 | 04.10.2002 | B | B | Ip |
| Volda | Folkestad: Bøen | 13,07 | 19.09.2006 | A | A | I |
| Volda | Kilspollen: Mjeltevika | *24,13 | 19.09.2006 | C | C | D |
| Volda | Lauvstad: Grøtholen | *25,18 | 19.09.2006 | A | **B** | G |
| Volda | Løndalen | 10,32 | 19.09.2006 | B | B | B |
| Volda | Tømmerbakk | 4 | 21.07.2005 | B | B | I |
| Ørskog | Sjøholt: Bårdsgjerde, Martinusgarden | 0,36 | 06.09.2004 | A | A | I |
| Ørskog | Solnørdalen: aust for Barlindhaugen | *20,85 | 28.07.2001 | B | B | G |
| Ørskog | Vagsvika: Sollia, austre del | 4,67 | 31.07.2000 | A | A | D |
| Ørskog | Vagsvika: Øvre Sollia | 1,33 | 31.07.2000 | A | A | D |
| Ørskog | Vagsvika: Øvre Sollia, vestre del | 6,39 | 31.07.2000 | B | **A** | G |
| Ørskog | Viset: Øggarden | 4,44 | 31.07.2000 | A | A | D |
| Ørsta | Barstaddalen: Bakketun på Volle | | 06.09.2006 | A | A | I |
| Ørsta | Follestaddalen: Barstad, nedafor vegen | | 20.07.2005 | A | A | D |
| Ørsta | Follestaddalen: nord for Litlesæter | | 20.07.2005 | A | A | D |
| Ørsta | Follestaddalen: vest for Skulebrua | | 20.07.2005 | A | **B** | G |
| Ålesund | Emblem | 5,97 | 09.10.1999 | B | B | U |
| Ålesund | Litlekalvøya: Plassen | 7,33 | 14.10.1999 | B | **A** | U |
| Ålesund | Litlekalvøya: Rema | *20,10 | 14.10.1999 | B | B | U |
| Ålesund | Litlekalvøya: Tua | 7,91 | 14.10.1999 | A | A | U |
| Ålesund | Magerholm (småbruk) Akselhaugen | 3,30 | 17.09.1999 | B | B | U |
| Ålesund | Ratvikvatnet (ved Lerstadvegen) | 3,19 | 12.10.1999 | A | A | U |
| Ålesund | Tørla, Gruen | 11,61 | 09.10.1999 | B | B | U |
| Ålesund | Vanberg (ved Lerstadvegen) | 2,46 | 12.10.1999 | B | B | U |
| Ålesund | Ystebøen, Emblem | *24,16 | 15.10.1999 | A | A | U |

133 av lokalitetane ovanfor var tilgjengelege i Naturbase, resten har kome fram gjennom dette prosjektet.
Følgjande lokalitetar som ligg som D01 slåttemark i Naturbase er ikkje tatt med:
BN00018130 *Surnadal: N for Krokvatnet, Austegardssetra - Vaulasetra*, denne er avgrensa som slåttemark på 4267 dekar, noko som etter mi meining vert feil i forhold til ei rekkje andre utslåttområde som også har gått ut av bruk midt på 1900-talet. I staden er det tatt inn to mindre lokalitetar i dette store området: Austergardssetra og Vaulasetra.
BN00016713 *Tingvoll: Tingvoll sentrum*: hage, denne er avgrensa som slåttemark på 1 dekar, men er no øydelagt som følgje av utbygging (Geir Gaarder pers. medd.).
BN00022228 *Volda: Årsetøya*, denne er avgrensa som slåttemark på 34 dekar, men her er det etter mi meining ikkje dokumentert tradisjonelle slåtteenger; området bør likevel undersøkast.

*Tabell 3 Statistikk for kommunar, med tal lokalitetar, tal arealberekna lokalitetar og sum areal for slåtteenger i Møre og Romsdal. Alle kommunane i fylket er tatt med, uansett om dei har slåtteenger eller ikkje.*

| Kommune | A | B | C | Lokalitetar totalt | Arealberekna lokalitetar | Sum areal (dekar) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra | | | | | | |
| Aure (inkl. Tustna) | 5 | 4 | 1 | 10 | 5 | 71 |
| Averøy | 1 | 1 | | 2 | 2 | 10 |
| Eide | | | | | | |
| Frei | | | | | | |
| Fræna | 2 | 3 | | 5 | 5 | 53 |
| Giske | | | | | | |
| Gjemnes | 1 | | | 1 | 0 | |
| Halsa | | | | | | |
| Haram | 2 | 1 | | 3 | 3 | 8 |
| Hareid | | 1 | | 1 | 1 | 1 |
| Herøy | | | | | | |
| Kristiansund | | | | | | |
| Midsund | 2 | 2 | 1 | 5 | 5 | 5 |
| Molde | | 2 | | 2 | 2 | 14 |
| Nesset | | 1 | | 1 | 1 | 2 |
| Norddal | | 6 | | 6 | 0 | |
| Rauma | 10 | 15 | 3 | 28 | 26 | 210 |
| Rindal | | 1 | | 1 | 1 | 75 |
| Sande | | 1 | | 1 | 1 | 6 |
| Sandøy | | 2 | | 2 | 2 | 5 |
| Skodje | 1 | | | 1 | 1 | 1 |
| Smøla | 1 | | | 1 | 1 | 19 |
| Stordal | 11 | 10 | 1 | 22 | 22 | 236 |
| Stranda | 4 | 7 | | 11 | 4 | 91 |
| Sula | | 2 | | 2 | 2 | 106 |
| Sunndal | 11 | 4 | 1 | 16 | 16 | 149 |
| Surnadal | 2 | 1 | | 3 | 1 | 6 |
| Sykkylven | 1 | | | 1 | 1 | 11 |
| Tingvoll | 7 | 10 | 2 | 19 | 19 | 90 |
| Ulstein | | | | | | |
| Vanylven | 2 | 3 | 1 | 6 | 6 | 37 |
| Vestnes | 1 | 3 | | 4 | 4 | 27 |
| Volda | 1 | 3 | 1 | 5 | 5 | 77 |
| Ørskog | 5 | 1 | | 6 | 6 | 38 |
| Ørsta | 3 | 1 | | 4 | 0 | |
| Ålesund | 4 | 5 | | 9 | 9 | 86 |
| **SUM** | **77** | **90** | **11** | **178** | **138** | **1431** |

*Tabell 4. Statistikk for tilstand og verdi for slåtteenger i Møre og Romsdal. Symbol for verdi: A-svært viktig, B-viktig, C-lokalt viktig.Areal i dekar, dette er summert berre for arealberekna lokalitetar.*

| **Status** | **Forklaring** | **A** | **B** | **C** | **Sum lokalitetar** | **Sum arealberekna** | **Areal (dekar)** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| I (tot.) | intakt (totalt) | 43 | 44 | 5 | 92 | 78 | 623 |
| I | intakt (uspesifisert) | 39 | 33 | 3 | 75 | 61 | 563 |
| Ip | intakt, plenslått | 2 | 8 | 2 | 12 | 12 | 28 |
| Is | intakt, graset ligg att | 2 | 3 | | 5 | 5 | 32 |
| B | beiting | 6 | 5 | 1 | 12 | 8 | 79 |
| D | delvis intakt | 18 | 12 | 2 | 32 | 27 | 214 |
| G | gjengroing, ute av hevd | 4 | 17 | 3 | 24 | 20 | 221 |
| U | ukjent etter 01.01.2000 | 8 | 13 | | 21 | 20 | 316 |

## Raudlisteartar

*Tabell 5. Oversikt over raudlisteartar (Kålås et al. 2006) som er funne i dei omtalte slåtteengene, i alt 64 artar.*
*Symbol for raudlistekategori:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| *RE* | *regionalt utdødd* | *VU* | *sårbar* |
| *CR* | *kritisk truga* | *NT* | *nær truga* |
| *EN* | *sterkt truga* | *DD* | *datamangel* |

| **Artsgruppe** | **Latinsk namn** | **Norsk namn** | **Kategori** |
|---|---|---|---|
| Karplanter | *Arnica montana* | Solblom | VU |
| Karplanter | *Botrychium boreale* | Fjellmarinøkkel | NT |
| Karplanter | *Botrychium lanceolatum* | Handmarinøkkel | EN |
| Karplanter | *Botrychium lunaria* | Marinøkkel | NT |
| Karplanter | *Comastoma tenellum* | Småsøte | NT |
| Karplanter | *Dactylorhiza incarnata* | Engmarihand | NT |
| Karplanter | *Gentianella amarella* | Bittersøte | NT |
| Karplanter | *Gentianella campestris* | Bakkesøte | NT |
| Karplanter | *Gymnadenia conopsea* | Brudespore | NT |
| Karplanter | *Primula scandinavica* | Fjellnøkleblom | NT |
| Karplanter | *Pseudorchis albida* | Kvitkurle | VU |
| Karplanter | *Tractema verna* | Kystblåstjerne | VU |
| Karplanter | *Veronica verna* | Vårveronika | NT |
| Sommerfuglar | *Zygaena lonicerae* | Stor bloddråpesvermar | EN |
| Sopp | *Camarophyllopsis schulzeri* | Gulbrun narrevokssopp | NT |
| Sopp | *Clavaria amoenoides* | Vridd køllesopp | NT |
| Sopp | *Clavaria flavipes* | Halmgul køllesopp | NT |
| Sopp | *Clavaria fumosa* | Røykkøllesopp | NT |
| Sopp | *Clavaria greletii* | | EN |
| Sopp | *Clavaria zollingeri* | Fiolett greinkøllesopp | NT |
| Sopp | *Clavulinopsis cinereoides* | | NT |
| Sopp | *Entoloma ameides* | Grå duftraudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma atrocoeruleum* | | NT |
| Sopp | *Entoloma bloxamii* | Praktraudskivesopp | VU |
| Sopp | *Entoloma caeruleopolitum* | Glasblå raudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma caeruleum* | | DD |
| Sopp | *Entoloma corvinum* | Ramneraudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma cruentatum* | | VU |
| Sopp | *Entoloma fuscotomentosum* | | NT |
| Sopp | *Entoloma griseocyaneum* | Lillagrå raudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma jubatum* | Semska raudskivesopp | NT |

| Artsgruppe | Latinsk namn | Norsk namn | Kategori |
|---|---|---|---|
| Sopp | *Entoloma politoflavipes* | | VU |
| Sopp | *Entoloma porphyrophaeum* | Lillabrun raudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma pratulense* | | NT |
| Sopp | *Entoloma prunuloides* | Mjølraudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma pseudocoelestinum* | | NT |
| Sopp | *Entoloma rhombisporum* | Rombespora raudskivesopp | NT |
| Sopp | *Entoloma sacchariolens* | | VU |
| Sopp | *Entoloma scabropellis* | | VU |
| Sopp | *Entoloma sodale* | | NT |
| Sopp | *Entoloma velenovskyi* | | NT |
| Sopp | *Entoloma versatile* | Oliven raudskivesopp | DD |
| Sopp | *Geoglossum cookeanum* | Dynejordtunge | NT |
| Sopp | *Geoglossum difforme* | Slimjordtunge | EN |
| Sopp | *Geoglossum uliginosum* | Sumpjordtunge | EN |
| Sopp | *Hygrocybe aurantiosplendens* | Gyllen vokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe calyptriformis* | | CR |
| Sopp | *Hygrocybe canescens* | Tinnvokssopp | EN |
| Sopp | *Hygrocybe flavipes* | Gulfotvokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe fornicata* | Musserongvokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe ingrata* | Raudnande lutvokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe lacmus* | Skifervokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe ovina* | Sauevokssopp | VU |
| Sopp | *Hygrocybe phaeococcinea* | Svartdogga vokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe quieta* | Raudskivevokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe splendidissima* | Raud honningvokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe subpapillata* | | VU |
| Sopp | *Hygrocybe turunda* | Mørkskjella vokssopp | NT |
| Sopp | *Hygrocybe vitellina* | Gul slimvokssopp | VU |
| Sopp | *Onygena equina* | Hornsopp | NT |
| Sopp | *Porpoloma metapodium* | Grå narremusserong | VU |
| Sopp | *Ramariopsis subtilis* | Elegant småfingersopp | NT |
| Sopp | *Thuemenidium atropurpureum* | Vrangjordtunge | NT |
| Sopp | *Trichoglossum walteri* | Vranglodnetunge | VU |

*Tabell 6. Statistikk for raudlisteartar i slåtteenger i Møre og Romsdal, med oversikt over tal artar etter raudlistekategori i dei ulike organismegruppene.*

| Kategori | Kategori (tekst) | Karplanter | Sommerfuglar | Sopp | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| RE | regionalt utdøydd | | | | |
| CR | kritisk truga | | | 1 | 1 |
| EN | sterkt truga | 1 | 1 | 4 | 6 |
| VU | sårbar | 3 | | 10 | 13 |
| NT | nær truga | 9 | | 33 | 42 |
| DD | datamangel | | | 2 | 2 |
| **SUM** | | **13** | **1** | **50** | **64** |

I tillegg til artane ovanfor er sommarfuglartane slåttengrotviklar *Dichrorampha consortana* (EN) og *Nemophora minimella* (VU) funne på Åsen i Isfjorden (Rauma) i 2006, men lokaliteten er ikkje vidare kjent. Vidare er sommarfuglartane beiteengmott *Diasemia reticularis* (EN), *Trifurcula cryptella* (VU) og alvesmygar *Pyrgus alveus* (VU) også kjent frå lokalitetar som kan vera slåtteenger, men opplysningane er mangelfulle.

# RESULTAT - LOKALITETAR

Symbol for tilstand:
I=intakt; Ip=plenslått, Is=graset ligg att
B=beiting
D=delvis intakt
G=gjengroing, ute av hevd
U=ukjent, tilstand ikkje observert etter 01.01.2000

Symbol for personar:
BB=Bolette Bele
DH=Dag Holtan
FO=Finn Oldervik
GGa=Geir Gaarder
HO=Hans Olsvik
JBJ=John Bjarne Jordal
KJG=Karl Johan Grimstad
LS=Liv Sterten
MV=Mattis Vidnes
SH=Silke Hansen

Symbol for raudlistestatus:

| | | | |
|---|---|---|---|
| RE | regionalt utdødd | VU | sårbar |
| CR | kritisk truga | NT | nær truga |
| EN | sterkt truga | DD | datamangel |

## *Aure: Benjaminsvika, Storslett*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 07.05.2005 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | B/I |
| Lokalitetsnummer | 156910030 |
| UTM: EUREF89 | MR 700 037 |
| Undersøkt/kjelder: | 14.08.2001, 01.09.2001, 04.05.2005 og 07.05.2005, FO (Oldervik in prep.) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 07.05.2005 (Oldervik in prep.). Lokaliteten ligg vest for husa i Benjaminsvika, Storslett på Ertvågsøya.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen består for det meste av naturengplantar.
*Kulturpåverknad:* Tidlegare har dette vore slåtteeng og har også ein gong vore overflatedyrka.Truleg har det vore noko bruk av kunstgjødsel i den tida Benjaminsvika var eit sjølvstendig drive bruk, men dei siste 20 - 30 åra trur ein det har vore lite av dette.
*Artsfunn:* Særleg i utkantane har beitemarka eit typisk naturengpreg med mange naturengplantar. Av desse kan nemnast: tepperot, kvitkløver, tiriltunge, myrfiol, skogfiol, jordnøtt, smalkjempe og gulaks. Det finst også ein del beitemarkssopp der, men lokaliteten er tørkeutsett, slik at det dei fleste åra vil vera lite å finna. Følgjande raudlisteartar av beitemarkssopp er påvist: gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT) og gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT).
*Verdisetting*: Grunna det typiske naturengpreget og funn av fleire raudlisteartar må lokaliteten verdsetjast som: Viktig (B). Skildringa er grunna på feltregistreringar m.a.: 14.08.2001, 01.09.2001, 04.05.2005 og 07.05.2005.
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* Ein er litt usikker på om lokaliteten er slått eller berre beita dei to siste åra. Det beste er at lokaliteten framleis vert slått, men med beiting i tillegg seint om hausten. Ein bør unngå all form for gjødsling av lokaliteten.

## *Aure: Bjøringsetra*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 26.05.2005 |
| Verdi: | A |

Verdi revurdert: A
Tilstand: B
Lokalitetsnummer 156910038
UTM: EUREF89 MR 821 125
Undersøkt/kjelder: mange besøk i åra 1999 til 2006, FO (Oldervik in prep.)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 18.08.2005 (Oldervik in prep.). Skildringa er grunna på mange vitjingar i åra 2000 til og med 2005. Lokaliteten består av to atskilde, inngjerda seterstølar. Begge stølane har dei seinare åra vore beita av sau, men den austlegaste ser i år (2005) ut til å ha vore litt beita av storfe. Det har truleg vore bruka litt kunstgjødsel i dei sentrale delane. På den austlegaste stølen var det geitehald til ut i 1970-åra. I tillegg til sjølve seterstølen er det her inngjerda noko fjellbjørkeskog med grasmark.Også nokre rikmyrsområde ligg innafor det inngjerda området.
*Vegetasjon:* Utanom gras- og storrvegetasjon veks det noko bjørk, rogn, furu og einer innanlokaliteten.Lokaliteten inneheld ein mosaikk av ymse vegetasjonstypar frå kulturlandskap, skog og myr. Heile området er meir eller mindre baserikt.
*Kulturpåverknad:* Som tidlegare nemnd er dette gamle seterstølar der det tidlegare har vore ganske hardt beitepress av geiter. Noko av området, særleg i aust og i sør er tydeleg i ein gjengroingsfase der bjørkeskogen er i ferd med å overta eit tidlegare ope myr/englandskap. Ein skogsveg er bygd gjennom lokaliteten mellom elva og seterstølen. Elles er spora etter menneskelege aktivitetar slik ein kan venta seg på og ved gamle seterstølar.
*Artsfunn:* Det er særleg innan artsgruppa beitemarkssopp at det er gjort mange interessante funn,men det er også påvist fleire basekrevjande karplanter. Av beitemarkssoppane er det særleg grunn til å framheva sauevokssopp *Hygrocybe ovina*. Denne arten er raudlista som sårbar (VU) og er påvist på til saman 4 staderpå dei to stølane (to funn på kvar støl). Elles er det påvist fleire raudlisteartar slik som: grå narremussrong *Porpoloma metapodium* (VU), fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingi* (NT), gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (NT), raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT) og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT). Funna er stort sett jamt fordelt på dei to stølane. Av krevjande karplantar kan ein nemna: engmarihand (NT), stortviblad, fjellfrøstjerne, loppestorr m.fl. Fulle artslister finnes under "karplanter" og "andre artar" i Natur2000-databasen.
*Verdisetting:* Lokaliteten er kanskje det best vedlikehaldne seterlandskapet vi har i Aure. I tillegg gjerdet baserike jordsmonnet og den lange kontinuiteten i skjøtselen at ein finn svært mange sjeldne og raudlista beitemarkssopp her. Dette tilseier at lokaliteten har nasjonal verdi og må verdsetjast som: Svært viktig -A. (Eige feltarbeid ved mange besøk i åra 1999 til 2006).
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* For den tidlegare slåtteenga hadde det beste vore at ein hadde teke oppatt slåtten, eller eventuelt hadde fått beita med sauer slik som før. Storfebeiting ser ut til å medføra tråkkskadar.

## Aure: Brattset I

Naturbasenummer: -
Areal: -
Sist undersøkt: 20.05.2005
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer 156910021
UTM: EUREF89 MR 773 048
Undersøkt/kjelder: 03.11.1999 og 20.05.2005, FO (Oldervik in prep.)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 21.05.2005 (Oldervik in prep.). Lokaliteten ligg mellom fylkesvegen og sjøen aust for gardshusa på Brattset. Området er stort til slåtteeng å vera.
*Vegetasjon:* Den vestlegaste delen har vore ute av hevd ei tid, det er difor noko oppslag av ymse rosebuskar o.l. der. Markvegetasjonen er på det meste av lokaliteten sterkt prega av at jordsmonnet er nitrogenfattig, og at dermed naturengplanter dominerer artsutvalet.
*Kulturpåverknad:* Dette er gammal dyrkamark som har vore hevda i mange hundre år. Lokaliteten er bratt, slik at bruk av moderne maskinelt utstyr har vore vanskeleg. Difor har også gjødslinga vore avgrensa. I seinare tid har det truleg ikkje vore nytta kunstgjødsel i det heile teke. Heilt vest i lokaliteten opp mot vegen låg dei gamle gardshusa for begge dei to Brattsetgardane. Ein kan endå sjå litt restar etter murar der.
*Artsfunn:* Dominerande planteartar er: smalkjempe, prestekrage, jordnøtt og ikkje minst grov nattfiol. Denne orkideen veks i hundretal på lokaliteten. Elles finn ein og artar som ryllik, lækjeveronika, tepperot, gulaks, engfrytle, hårsvæve m.fl. Førekomst av beitemarkssopp er berre undersøkt eit par gonger tett etter kvarandre i 1999. Ein trur dette året var for tørt for beitemarksopp i dei bratte sørvendte bakkane på Brattset. Likevel vart det funne 9 vokssoppartar, mellom dei musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT).

*Verdisetting*: Storleiken på lokaliteten saman med den totale dominansen av naturengplantar, gjer dette området ganske unikt i Aure. Eg trur også dette gjeld om ein utvidar området til å gjelda heile fylket. Potensialet for funn av raudlista sårbare og sjeldne soppar vert også sett på som stort. Lokaliteten vert difor verdisett som: Svært viktig (A). (Eigne feltobservasjonar m.a. 03.11.1999 og 20.05.2005).

## Aure: Espneset

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 04.05.2005 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer | 156910029 |
| UTM: EUREF89 | MR 735 033 |
| Undersøkt/kjelder: | 04.05.2005 og mange somrar tidlegare, FO (Oldervik in prep.) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 05.05.2005 (Oldervik in prep.). Lokaliteten er ei relativt lita , ganske flat eng aust og ned for husa på Espneset på sørsida av Ertvågsøya. Enga ber preg av lang kontinuitet i slått og med relativt lite gjødsling. Jorda er i utgangspunktet ganske rik. Ein finn difor ikkje særleg mykje av naturengplantar som tilhøyrer dei fattigaste utformingane.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen består for det meste av naturengplantar.
*Kulturpåverknad:* Enga har vore fulldyrka i sin tid og berre einskilde mindre område i utkantane er prega av gjengroing.
*Artsfunn:* Dominerande plantearter er: prestekrage, smalkjempe, ryllik og jordnøtt. Av beitemarkssopp er det berre funne nokre av dei vanlegaste vokssoppane.
*Verdisetjing*: Enga er usedvanleg fin på tidlegsommaren med prestekrage som ei dominerande planteart. Naturtypen har vorte svært sjeldan og lokaliteten har såpass store kvalitetar at verdien må setjast til: Svært viktig - A.(Eige feltarbeid 04.05.2005 og mange somrar tidlegare).
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* Det bør sytast for at enga vert slått også i framtida, men utan at gjødsel vert tilført.

## Aure: Løkvika II

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 27.09.2005 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer | 156910039 |
| UTM: EUREF89 | MR 687 144 |
| Undersøkt/kjelder: | 27.09.2005, FO (Oldervik in prep.) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 02.10.2005 (Oldervik in prep.). Dette er ei tidlegare slåtteeng i gjengroing. Lokaliteten ligg opp mot skogkanten vest for gardshusa i ytre Løkvika. Det byrjar å bli nokre år sidan denne enga gjekk ut or hevd, men enda er det mulig å restaurera lokaliteten.
*Vegetasjon:* For det meste vanleg naturengvegetasjon.
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har ymse spor etter menneskelege aktivitetar, slik ein kan venta seg i kulturlandskapet.
*Artsfunn:* Den raudlista vokssoppen mørkskjella vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT) vart funne to stadar på lokaliteten. Elles var det relativt få beitemarkssoppar å finna, men fleire inventeringar vil utvilsamt kunne auka talet på artar. Grov nattfiol er også verd å nemna.
*Verdivurdering*: Lokaliteten har eit potensiale for restaurering, og i og med at det er funne ein raudlisteart der, så vert lokaliteten verdisett som: Viktig - B. (Eige feltarbeid 27.09.2005).
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* I dette tilfelle ville det beste ha vore at enga hadde vorte slått ein gong kvar sommar, gjerne litt seint på året. Truleg er jordsmonnet litt kalkrikt her slik som lenger oppe i lia, slik at lokaliteten truleg har eit ganske stort potensiale når det gjeld både naturengplantar og beitemarkssopp. At hevden vert teke opp igjen er difor viktig.

## Aure: Olsvik

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 23.05.2005 |

Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: B
Lokalitetsnummer 156910023
UTM: EUREF89 MR 694 124
Undersøkt/kjelder: Mange vitjingar i åra frå 1998 til 2005, FO m.fl. (Oldervik in prep.)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 24.05.2005 (Oldervik in prep.). Gammal dyrkamark som har vore lite/ikkje gjødsla dei siste 40 åra. Ligg mellom gardshusa og sjøen i Olsvika.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen er for det meste typisk naturengvegetasjon med litt oppslag av knappsiv på fuktige stadar.
*Kulturpåverknad:* Nede ved sjøen har noverande eigar bygd ein dam med føremål å studera insektsliv m.m. i eit slikt miljø. Elles har enga vore slått med motorslåmaskin fram til 2002. Dei to siste åra har enga vore beita av hest.
*Artsfunn:* Den mest interessante arten som er funnen på denne lokaliteten er den sårbare vranglodnetunga *Trichoglossum walteri* (VU). Dette er også norsk nordgrense for denne arten. Av naturengplanter kan nemnast: smalkjempe, gulaks, hårsvæve, blåklokke, tiriltunge, engfrytle og ikkje minst store mengder grov nattfiol.
*Verdisetting*: M.a. grunna funn av sårbar beitemarkssopp, så må lokaliteten verdsetjast som: Svært viktig (A) (Mange vitjingar i åra frå 1998 til 2005, både av Geir Gaarder m.fl. og av FO og HO. Sist lokaliteten var oppsøkt var 23.05.2005).
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* Det beste for plantelivet på lokaliteten hadde truleg vore å fått teke opp slåtten igjen. Elles må ein framleis unngå gjødsling av lokaliteten.

## *Aure: Semundset II*

Naturbasenummer: -
Areal: -
Sist undersøkt: 07.05.2005
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer 156910031
UTM: EUREF89 MR 706 106
Undersøkt/kjelder: mange besøk i tidsromet 1999 til 07.05.2005, FO (Oldervik in prep.)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 25.05.2005 (Oldervik in prep.). Lokaliteten ligg mellom fylkesvegen og Semundset hagemark.
*Vegetasjon:* Vanleg naturengvegetasjon.
*Kulturpåverknad:* Dette er gammal dyrkamark som i ein lang periode har vore utan særleg gjødsling. I ganske mange år var den bruka av ein økologisk driven gard som slåtteeng. I dei par siste åra har lokaliteten vore beita av sau.
*Artsfunn:* Det er ikkje teke opp noko fullstendig artsliste for beitemarkssopp, men ved passering på veg til hagemarka har det ofte vore observert vokssoppar på lokaliteten. Både raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT) og raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT) har vore funne her. Av naturengplantar kan nemnast: tepperot, kvitkløver, tiriltunge, jordnøtt, smalkjempe, ryllik, lækjeveronika, gulaks, engfrytle og grov nattfiol.
*Verdisetjing*: Det siste året er det beita i staden for slått på lokaliteten. Det er litt negativt at enga no er bruka til beitemark i staden for slåtteeng. Slått ville ha ført til at artar som nattfiol m.fl. ville hatt betre vilkår enn om enga vert beita. I og med at det er observert raudlista sårbare vokssoppar på enga, så må den verdsetjast som: Svært viktig (A) (Eigne feltobservasjonar på bakgrunn av mange besøk i tidsromet 1999 til 07.05.2005).
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* I og med at enga har vore slått i dei fleste åra til og med 2004, så vil ein tilrå at slåtten på nytt vert nytta som skjøtselsmetode på denne enga. Enga har eit typisk naturenginventar av plantar, og det er også funne mange beitmarkssoppartar på enga, utan at har vore ført noko liste. Ved eventuell slått bør det vera aktuelt med SMIL-midlar for denne lokaliteten.

## *Aure: Tustna: Fjellingsdalen 1*

Naturbasenummer: -
Areal: 23,55
Sist undersøkt: 21.08.2005
Verdi: A
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Lokalitetsnummer 157210567
UTM: EUREF89 MR 6199 0389

Undersøkt/kjelder: 21.08.2005, FO (Oldervik in prep.)

Områdeskildring
*Generelt*: Lokaliteten ligg oppom det vestlegaste bruket og har tidlegare vore vanleg slåtteeng. Truleg har det og vore gjødsla tidlegare. Den delen av ekra som vert avgrensa ligg aust i lokaliteten og er ganske bratt.
*Vegetasjon*: For det meste vanleg naturengvegetasjon.
*Kulturpåverknad*: Slik ein kan venta på tidlegare dyrkamark.
*Artsfunn*: Dominerande karplanteartar er ryllik og blåknapp, men det er og noko smalkjempe, augnetrøyst, marikåpe, lækjeveronika, firkantperikum m.m. Dessutan vart dei to vokssoppane limvokssopp og gulfotvokssopp (NT) funne på lokaliteten.
*Verdisetting*: Sjølv om lokaliteten er i gjengroing, så er han framleis intakt. Grunna funn av raudlista beitemarkssoppar (1999), så skal lokaliteten verdsetjast som; Svært viktig (A). Supplering skrive 20.05.2007, J.B.Jordal: På grunn av endringar i raudlista, beskriven tilstand og opphøyrt skjøtsel, får lokaliteten verdi B.
*Forslag til skjøtsel og hensyn*: På grunn av manglande skjøtsel er lokaliteten i ferd med å gro igjen. Truleg er det ikkje lenge sidan det vart slutt på hevden, slik at om ein tek opp att slåtten, event. beiting på lokaliteten, så er han fint restaureringsbar enda.

## Aure: Tustna: Øvre Nordvoll

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | 2,64 |
| Sist undersøkt: | 30.10.2005 |
| Verdi: | C |
| Verdi revurdert: | C |
| Tilstand: | Ip |
| Lokalitetsnummer | 157210538 |
| UTM: EUREF89 | MR 6030 1105 |
| Undersøkt/kjelder: | 30.10.2005, GGa & FO (Oldervik in prep.) |

Områdeskildring
*Generelt*: Lokaliteten ligg rett ovafor kaia på Øvre Nordvoll, inneklemt mellom bygningar og gardsplassen. Det er snakk om nokre små flekkar med plen.
*Vegetasjon*: Om dette hadde vori ei beitemark eller typisk slåtteeng er det mest truleg av gulaks-engkvein-typen.
*Kulturpåverknad*: Lokaliteten er eit lite parti med plen som truleg vert halden i typisk hevd i så måte.
*Artsfunn*: Karplantefloraen er artsfattig, utan interessante funn. I tillegg vart det funne to artar beitemarkssopp, der sleip jordtunge kan nemnast.
*Verdisetting*: Dette er ein liten lokalitet og sleip jordtunge er ikkje lenger oppført på raudlista. Ein sett her difor berre verdi; Lokalt viktig (C).
*Forslag til skjøtsel og hensyn*: Det beste for naturverdiane er nok fortsatt hevd som no med plenslått m.v. Det er viktig å unngå fysiske inngrep i marka, og ein bør helst ikkje gjødsle eller sprøyte graspartia.

## Aure: Vik, sør II

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 30.10.2004 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Is |
| Lokalitetsnummer | 156910025 |
| UTM: EUREF89 | MR 805 084 |
| Undersøkt/kjelder: | 30.09.2000 og 30.10.2004, FO (Oldervik in prep.) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokalitetskildring innlagt av Finn G. Oldervik den 24.05.2005 (Oldervik in prep.). Lokaliteten ligg ved sida av Vik, sør på øversida av vegen.
*Kulturpåverknad:* Enga har i mange år vore ugjødsla og graset har vore slått, men ikkje alltid fjerna. Etter det brukaren fortel, så har det vore så lite gras der at det har vore lite å leggja arbeid på å fjerna graset.
*Artsfunn:* Nitrofile artar vart ikkje observert på lokaliteten, men mange typiske naturengplanter som smalkjempe, lækjeveronika, gulaks, kvitmaure, føllblom med fleire.
*Verdisetjing*: Naturtypen er lokalt ganske sjeldan. Ein vil difor verdsetja han til: Viktig (B).
(Eigne feltobservasjonar 30.09.2000 og 30.10.2004 ).

*Forslag til skjøtsel og hensyn:* Ein vil koma med framlegg om at graset på enga også vert slått og fjerna i framtida. Truleg kan enga utvikla seg enda meir i retning natureng enn det ho er no. Gjødsling unngåast på lokaliteten, anna enn den naturgjødselen som vert tilført ved eventuell beiting.

## Averøy: Kvernes museum

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00013467 |
| Areal: | 8,19 |
| Sist undersøkt: | 11.08.2001 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | Ip |
| Undersøkt/kjelder: | 11.08.2001 GGa & FO (Gaarder & Oldervik 2003, Naturbase) |

Områdeskildring
(155410035) Lokalitetskrivelse innlagt av GGa den 18.02.2002: Beskrivelsen er basert på eget besøk sammen med Finn Oldervik 11.08.2001. Lokaliteten består av plenpartiene på Kvernes museum sin tomt. Mye av disse er relativt artsrike og med god forekomst av naturengplanter (blåknapp, tepperot, kornstarr). I tillegg forekommer det en del beitemarkssopp, men ingen rødlistede arter (*Hygrocybe conica, H. insipida, H. cantharellus, H. helobia, H. pratensis, H. psittacina, Entoloma sericeum, E. sericellum, E. formosum*). Lokaliteten bar preg av å være i god hevd.

## Averøy: Litlrøssøya - sørside

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00013469 |
| Areal: | 1,67 |
| Sist undersøkt: | 11.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Ip |
| Undersøkt/kjelder: | 11.08.2001 GGa & FO (Gaarder & Oldervik 2003, Naturbase) |

Områdeskildring
(155410036) Lokalitetskrivelse innlagt av GGa den 18.02.2002: Beskrivelsen er basert på eget besøk sammen med Finn Oldervik 11.08.2001. Lokaliteten består av en liten plen på ei vanlig boligtomt (som trolig har vært del av ei gammel slåtteeng e.l. for lenge siden). Deler av plenen er artsfattig og lite interessant, men spesielt de grunnlendte partiene inntil vegen har en del naturengplanter, deriblant bakkeveronika (smalkjempe, gulaks, legeveronika). Her vokser i tillegg en god del vanlige, typiske beitemarkssopper (*H. conica, Entoloma formosum, E. poliopus, E. caesiocinctum, E. lividocyanulum, E. asprellum, E. sericellum*) (i tillegg ble antagelig også gulhette *Mycena citrinomarginata* funnet). Lokaliteten utgjør et fint lite eksempel på at også vanlige boligtomter kan ha verdifulle kulturlandskapselementer hvis de bare skjøttes på en skånsom og biologisk riktig måte.

## Fræna: Høghaugen sør for Sandstølen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020295 |
| Areal: | 3,43 |
| Sist undersøkt: | 14.05.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1548-104 |
| Kartblad: | 1220 I Hustad |
| UTM (EUREF 89): | MQ 003 785 |
| Høgd over havet: | 40 m |
| Undersøkt/kjelder: | GGa 14.05.2003 (Larsen & Gaarder 2004 lok. 14, Jordal 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er som det såg ut til eit nedlagt bruk, som vert nytta som fritidshus. Det er eit område med nokså stort artsmangfald og mykje naturengplanter. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen ber preg av nokså kalkfattige tilhøve, med både friske og meir grunnlendte, tørre felt med hovudsakeleg frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Noko av engpartia ved huset vert framleis halde i hevd med slått. Deler av desse er ganske artsfattige kulturenger og nokre av dei er også pløgd opp dei seinare åra.

*Artsfunn:* Ein rekkje typiske naturengplanter førekjem, som prestekrage, gulaks, bråtestorr, jonsokkoll, blåknapp, engfiol, smalkjempe, legeveronika, harerug og geitsvingel. Av meir uvanlege og kravfulle artar opptrer også sparsamt med marinøkkel (NT på raudlista 2006) og markfrytle. Lokaliteten har potensiale for kravfulle beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Slåtteenga er intakt og vert framleis halden godt i hevd. Ein raudlisteartar førekjem, og fleire kravfulle, regionalt sjeldne karplanter. Samla tilseier dette ein klar verdi som viktig (B).
*Skjøtsel og omsyn:* Det beste for naturverdiane er å slå engene årleg, gjerne kombinert med ekstensivt etterbeite. I tillegg bør ein unngå tilførsel av gjødsel, spesielt på dei urterike delene der det er mykje naturengplanter.

## Fræna: Syltesetra: Hagan

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020331 |
| Areal: | 2,56 |
| Sist undersøkt: | 12.07.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | B |
| Lokalitetsnummer: | 1548-30 |
| Kartblad: | 1320 IV Eide |
| UTM (EUREF 89): | MQ 124 708 |
| Høgd over havet: | ca. 180 m |
| Undersøkt/kjelder: | 12.07.2002, JBJ (Jordal 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er øvre deler av det nedlagte småbruket Hagan eller Gjerdet. Lokaliteten er i byrjande attgroing, men framleis med intakte engsamfunn med solblom.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med solblom.
*Kulturpåverknad:* Området har vore beita i seinare tid. Tidlegare har dette vore slåtteenger (Britt Eli Sylteseter Røvik pers. medd.). Solblomen står i kantane, på dei udyrka partia.
*Artsfunn:* Det vart telt opp rundt 20 stenglar av solblom (VU) ved MQ 1244 7076 ovanfor husa, og elles 5 planter til ved MQ 1242 7078 nord for husa.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten men førebels livskraftig førekomst av raudlistearten solblom.
*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten bør slåast eller beitast for å unngå attgroing. Solblom er slått- eller beiteavhengig. Grunneigar vart innformert på staden.

## Fræna: Vestad: Rishaugan

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020315 |
| Areal: | 1,35 |
| Sist undersøkt: | 26.07.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Ip |
| Lokalitetsnummer: | 1548-89 |
| Kartblad: | 1220 I Hustad |
| UTM (EUREF 89): | LQ 9758 7447 |
| Høgd over havet: | 20 m |
| Undersøkt/kjelder: | GGa 26.07.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 18) |

Områdeskildring (Jordal 2005):
*Generelt:* Lokaliteten består av ei lita plen til eit bustadhus (partiet ut mot vegen). Det er også naturleg å inkludera dei næraste partia med vegkantar. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen på plena er svært kortvaksen og prega av noko grunnlendte forhold, truleg overgangar mellom frisk fattigeng og meir baserike typar.
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vert bruka og slått som plen.
*Artsfunn:* Engfloraen er ganske artsfattig, men vert prega ikkje minst av god førekomst av den regionalt truga arten bakkesøte (NT). I tillegg førekjem artar som tiriltunge, blåknapp, blåklokke og rundskolm. Også den regionalt uvanlege sommarfuglen *Zygaena filipendulae* (ein bloddråpesvermar med seks flekker på vengene) vart observert på plena. Lokaliteten har potensiale for kravfulle beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Sjølv om lokaliteten er liten og ikkje spesielt artsrik, så vert likevel verdien sett til B (viktig). Dette skuldast ein kombinasjon av at lokaliteten vert halden i god hevd (slått med plenklipping) og har god forekomst av ein raudlisteart (bakkesøte) som har vorte spesielt sjeldan i midtre og ytre strøk av fylket.

*Skjøtsel og omsyn:* Det beste for naturverdiane er å slå plena som vanleg. Ein bør truleg slå eit godt stykke ut på hausten. Gjødsling vil vera svært uheldig.

## Fræna: Vikan: Skutholmen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020262 |
| Areal: | 39,20 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 24.09.2004 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1548-115 |
| Kartblad: | 1220 I Hustad |
| UTM (EUREF 89): | LQ 98 82 |
| Høgd over havet: | 0-5m |
| Undersøkt/kjelder: | 13.10.1992, SS, JBJ & Siv Aksdal, 13.10.1993, JBJ, 30.09.1994 GGa & JBJ, 05.10.1995 (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a, Aksdal 1994), 01.10.2003, Trond Schumacher, Anne Grete Sandnes, Inkeri Männikkö (professor og to hovudfagsstudentar frå Blindern) & JBJ, 24.09.2004, JBJ (Jordal 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Øy ut mot Hustadvika utan vegsamband, ein fastbuande (Asbjørn Skutholm). Deler av øya har vorte slått med ljå i alle år, og vert det framleis (2004).
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), finnskjeggeng (G1), litt fukteng og lynghei, grunnlendt over berg, delvis tørkeutsett. Ein må gå ut frå at det er noko saltpåverknad. Brakkvassdam med havsivaks i kanten.
*Kulturpåverknad:* Ein hadde eit par kyr til 1993, seinare oksar. Noko av slåttemarka er ugjødsla (mest artsrik), medan noko vert gjødsla med fastgjødsel. Det har vore bruka litt gjødsel på beita.
*Artsfunn:* Mest spesielt er gode bestandar av slimjordtunge *Geoglossum difforme* (EN=sterkt truga) som vart funnen her i 1992 for første gong i Noreg (pr. 2004 er det berre 3 andre kjente lokalitetar). Denne arten har framleis truleg under 20 publiserte lokalitetar i Europa Vidare vart første funn i Noreg av den sjeldne vokssopparten *Hygrocybe vitellina* (VU) gjort her, arten vart seinare kalla gul slimvokssopp (jf. omtale i Jordal & Gaarder 2002). Det er kjent 31 artar av beitemarkssopp, av desse var det 15 vokssopp-artar. Den direkte utryddingstruga jordtungearten slimjordtunge vart attfunnen i god bestand også i 2003 og 2004. I 1994 vart ein annan og minst like sjeldan jordtungeart funnen på Skutholmen, sumpjordtunge *Geoglossum uliginosum* (EN=sterkt truga). Denne arten er berre kjent frå Sverige, Storbritannia og Noreg. Andre raudlisteartar er skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT), glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (NT). Det vart funne over 50 planteartar i grasmarkene, og av desse var det 15 naturengartar. Mellom desse var harerug, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras og småengkall. I 2004 vart det og funne havsivaks (regionalt sjeldan art) i ein liten brakkvassdam ved lokaliteten for slimjordtunge.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det her finst ugjødsla slåttemark som framleis vert slått med ljå. Dette er også sjeldant som kulturhistorisk fenomen, og viser på ein fin måte korleis fiskarbonden sitt landskap kunne sjå ut. I tillegg finst bestandar av svært sjeldne og akutt truga beitemarkssopp som gjev lokaliteten ein svært høg, nasjonal biologisk verdi. Lokaliteten tilhøyrer eit av dei nasjonalt viktige kulturlandskapsområda (Aksdal 1994, Iversen m. fl. 1994). Lokaliteten er biologisk (og truleg også kulturhistorisk) ein av dei mest særmerkte på kysten av Møre og Romsdal. Dei mange truga artane finst her på grunn av langvarig og tradisjonell drift. Fleire av desse artane har vi i Noreg eit europeisk forvaltaransvar for.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald av ljåslåtten. Når den tid kjem at det vert for tungt for dagens drivar å halda fram, bør ein frå det offentlege si side leggja arbeid i å hjelpa med å finna løysingar som sikrar både kulturmiljøet og naturmiljøet på staden. Dersom det ein gong ikkje vert anna råd, er utleige til beite (sau, ungdyr) truleg eit akseptabelt alternativ for å halda kulturmarka i hevd.

## Fræna: Ås

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020325 |
| Areal: | 6,72 |
| Sist undersøkt: | 25.06.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1548-77 |
| Kartblad: | 1220 I Hustad |
| UTM (EUREF 89): | MQ 0216-0237 7199-7206 |
| Høgd over havet: | ca. 80-100 m |
| Undersøkt/kjelder: | 12.07.2002, JBJ, 25.06.2003, Ole Arne Aas & JBJ (Jordal 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Beita slåtteeng med innslag av einer i skogkanten ovanfor garden til Ole Arne Aas på Ås, lokaliteten heiter Storbakkan på økonomisk kart.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, jordnøttutforming med kystmaure (G4b, truga vegetasjonstype).
*Kulturpåverknad:* Beita vår og haust, slått om sommaren, driftveg i nedkant.
*Artsfunn:* Raudlistearten mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT) vart funnen. Ein går ut frå at lokaliteten har godt potensiale for beitemarkssopp. Vidare vart det funne 10-tals rosettar av solblom (VU) som ikkje lenger blomstrar (framvist av Ole Arne Aas). Plantene blomstra sist i 2001, og tidlegare vart det plukka bukettar av solblom. Av planter kan nemnast: jordnøtt, kystmaure, knegras, aurikkelsvæve, blåklokke, finnskjegg, gulaks, smalkjempe, geitsvingel, tepperot, blåkoll, engfrytle, kusymre (skogkant m. hassel), prestekrage, engfiol, loppestorr, kystgrisøyre og kjeldeurt.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik naturbeitemark med to raudlisteartar, mange naturengplanter, ein truga vegetasjonstype og potensiale for fleire raudlista beitemarkssopp. Dette er ein av dei nordlegaste intakte lokalitetane i landet av solblom (den nordlegaste i fylket ligg på Stokke i Gjemnes, elles er arten kjent frå Rennebu i Sør-Trøndelag). Betre undersøkingar (av m.a. beitemarkssopp) kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med fortsatt tradisjonell bruk, dvs. slått og beiting utan gjødsling og fysiske inngrep.

## *Gjemnes: Stokke: Vestgård*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 15.06.2002 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | - |
| Kartblad: | 1320 IV Eide |
| UTM (EUREF 89): | MQ 3335 8237 |
| Høgd over havet: | 60 m |
| Undersøkt/kjelder: | 15.06.2002, GGa pers. medd. mars 2007 |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteteng ligg ved eit bustadhus på Vestgård på Stokke i Gjemnes. Det er ei slåtteeng like ved vegen som under vitjinga enno vart nytta som ei tradisjonell slåtteeng.
*Vegetasjon*: Parti av slåtteenga verkar jordbearbeidd og noko gjødsla, men delar (m.a. der solblommen sto) ser ikkje ut til å vera pløgd opp, og både desse og øvrige delar av marka verkar lite gjødsla. Truleg er det riktig å betrakta delar av enga som ei frisk fattigeng, medan nedre delar går over i fuktig fattigeng.
*Kulturpåverknad*: Lokaliteten er i bruk som slåtteeng, medan den nok ikkje har vore beita på ei tid.
*Artsfunn:* Av spesiell interesse er to små grupper av solblom (VU) som vart funne nært inntil kvarandre, totalt 10-15 blomstrande, i slåtteeng, på eit magert parti. I tillegg finst ein del andre naturengplantar, som grov nattfiol (ein del), blårapp, kornstorr, tepperot, lækjeveronika, smalkjempe, prestekrage, gulaks, harerug, bråtestorr, aurikkelsveve og tiriltunge. Fuktengplanta hanekam er det også litt av i nedre delar, og den ganske sjeldsynte orkideen stortviblad veks også sparsamt i enga. Det er potensiale for beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er en intakt slåtteeng med solblom som står i ein høgere raudlistekategori og viser sterkt tilbakegang i heile utbreiingsområdet. Også ut frå naturtype og anna artsmangfald er det grunn til å gje lokaliteten ein ganske høg verdi.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med fortsatt slått uten gjødsling og fysiske inngrep. Noko rydding av lauvtre er naudsynt år om anna i øvre delar.

## *Haram: Synnaland: Berget*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00019380 |
| Areal: | 3,54 |
| Sist undersøkt: | 05.06.2003 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1534-70 |
| Kartblad: | 1220 III Brattvåg |
| UTM (EUREF 89): | LQ 6870 4474 |
| Høgd over havet: | ca. 5 m |

Undersøkt/kjelder: 05.06.2003, Frida Sønderland, JBJ (Jordal & Holtan 2005a)

Områdeskildring
*Generelt:* Intakt kystblåstjerne-lokalitet. Lokaliteten er ei attgroande gammal slåtteeng ned mot sjøen ved nausta nedanfor Knutgarden på Synnaland. Innlagt 19.03.07 av JB Jordal: Lokaliteten vert omdefinert frå naturbeitemark til slåtteeng, fordi dette truleg er ein viktig del av driftshistoria, og på grunn av det nye bustadfeltet vil mest aktuell skjøtsel i framtida vera slått.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av jordnøtt-type i attgroing.
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har vore beita til ut på 1980-talet. Sidan har området ikkje lenger vore beita.
*Artsfunn:* Lokalitet for kystblåstjerne (VU=sårbar i raudlista 2006). Arten vart attfunnen med til saman ca. 10 planter, og arten er truga av mangel på skjøtsel. Plantene er lange og tynne. Av andre interessante artar kan nemnast svartknoppurt.
*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomstane av den sjeldne raudlistearten kystblåstjerne, men verdien kan bli lågare om attgroinga får fortsetta.
*Skjøtsel og omsyn*: Det er sterkt ønskjeleg med fortsatt beiting eller slått. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

## *Haram: Synnaland: Nausthaugen*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00019381 |
| Areal: | 1,65 |
| Sist undersøkt: | 05.06.2003 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1534-69 |
| Kartblad: | 1220 III Brattvåg |
| UTM (EUREF 89): | LQ 6864 4475 |
| Høgd over havet: | ca. 20 m |
| Undersøkt/kjelder: | 05.06.2003, Frida Sønderland, JBJ (Jordal & Holtan 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Intakt kystblåstjerne-lokalitet. Lokaliteten består av ein haug ned mot sjøen ved Knutgarden på Synnaland. Innlagt 19.03.07 av JB Jordal: Lokaliteten vert omdefinert frå naturbeitemark til slåtteeng, fordi dette truleg er ein viktig del av driftshistoria, og på grunn av det nye bustadfeltet vil mest aktuell skjøtsel i framtida vera slått.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av jordnøtt-type i attgroing.
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har vore beita til 1990-talet. Sidan området rundt er utlagt til bustadfelt, vegar m.m. vert området ikkje lenger beita.
*Artsfunn:* Lokalitet for kystblåstjerne (VU=sårbar i raudlista 2006). Arten vart attfunnen med til saman ca. 100 planter, noko som gjer lokaliteten til ein av dei viktigaste for kystblåstjerna i Møre og Romsdal. Av andre interessante artar kan nemnast enghumleblom, jordnøtt og kusymre.
*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av ein velutvikla flora av eng- og beiteplanter, dels den sjeldne raudlistearten kystblåstjerne, men verdien kan bli lågare om attgroinga får fortsetta.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med fortsatt beiting eller slått. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

## *Haram: Vatnedalen: Kroksetra*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00019394 |
| Areal: | 3,07 |
| Sist undersøkt: | 02.07.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1534-85 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |
| UTM (EUREF 89): | LQ 8317 3950 |
| Høgd over havet: | 190 m |
| Undersøkt/kjelder: | 02.07.2002, JBJ (Jordal & Holtan 2005a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lita, gammel slåtteeng like ovafor vegen på Kroksetra gjennom Vatnedalen. Kantområda var mest artsrike.
*Vegetasjon:* G4 frisk fattigeng.

*Kulturpåverknad:* Intakt slåtteeng.
*Artsfunn:* Det vart funne solblom (1 blomstrande, LQ 8317 3950) (VU), elles kystgrisøyre, jordnøtt, grov nattfiol, harerug og kjertelaugnetrøst.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre slåtteeng med nokre interessante artar i små bestandar.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slåtten, elles vil dei kravfulle slåttemarksartane forsvinna.

## Hareid: Store Alme

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00012982 |
| Areal: | 1,14 |
| Sist undersøkt: | 01.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Is |
| Lokalitetsnummer: | 1517-018 |
| Kartblad: | 1119 I Ålesund |
| UTM (EUREF 89): | LQ 443 116 |
| Høgd over havet: | 15 m |
| Undersøkt: | 01.08.2001, KJG (Engen m. fl. i manus) |

Områdeskildring:
*Generelt:* Dette er ei lita slåttemark på oppsida av vegen mot Store Alme med rikt innslag av naturengplanter, mellom anna prestekrage, småengkall og smalkjempe. Elles m.a. nyseryllik og ryllik. Dette er ein naturtype som er i sterk tilbakegang. På Hareid er dette sannsynlegvis den siste med denne utforminga. Her finst også ein del beitemarkssopp, som gul vokssopp, skjør vokssopp, skarlagensvokssopp, seig vokssopp og den tidlegare raudlistearten limvokssopp (ikkje på raudlista 2006) og andre. Potensialet er stort for funn av andre beitemarkssopp ved seinare høve. Området er prega av begynnande attgroing. I øvre del av enga skyt det opp ei mengd med små rotskot av osp. Enga blir mykje nytta av sommarfugl, mellom andre f.eks. blåvenger, fløyelsringveng, perlemorsveng og admiral.
*Vegetasjon:* Enga består av variert tørr/frisk grasdominert natureng (G4). Særmerkt for enga er partia med prestekrage og nyseryllik, planter som er i sterk tilbakegang i kommunen.
*Kulturpåvirknad:* Enga blir delvis slegen, men graset blir liggande.
*Verdsetjing:* Lokaliteten er liten, men særmerkt. Ein vurderer han til B (viktig).

## Midsund: Otrøya: Hagset

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020691 |
| Areal: | 1,10 |
| Sist undersøkt: | 08.09.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1545-35 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |
| UTM (EUREF 89): | LQ 920 536 |
| Høgd over havet: | 60 m |
| Undersøkt/kjelder: | 24.06.2003, 08.09.2003, JBJ (Jordal 2005b) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei slåtteeng med mykje prestekrage like nedanfor vegen ved Hagbø (fråflytta bruk).
*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.
*Kulturpåverknad:* Slått årleg. Truleg lite gjødsla.
*Artsfunn:* Mest påfallande var store bestandar av prestekrage, truleg ei av dei finaste blomsterengene i kommunen. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, englodnegras, geitsvingel, grov nattfiol, gulaks, jonsokkoll, jordnøtt, kvitbladtistel, kystgrisøyre, lækjeveronika, nyresoleie, smalkjempe, svartknoppurt, tiriltunge. Ved haustbesøket vart det funne 8 vokssoppartar, m.a. limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik, men lita slåtteeng med den truga vegetasjonstypen jordnøtteng og einskilde artar av beitemarkssopp. Mengda av prestekrage er uvanleg. Innlagt av JB Jordal 19.03.07: Intakte og velutvikla slåtteenger av jordnøtt-type er no så sjeldne at lokaliteten fortener verdi A.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## Midsund: Otrøya: Lille Klauset, austre del

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020705 |
| Areal: | 1,16 |
| Sist undersøkt: | 24.06.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1545-43 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |
| UTM (EUREF 89): | LQ 834 511 |
| Høgd over havet: | 40-50 m |
| Undersøkt/kjelder: | 24.06.2003, JBJ (Jordal 2005b) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei slåtteeng med nokre solblomplanter på øversida av vegen ved Lille Klauset, aust for bekken.
*Vegetasjon:* Delvis G4 frisk fattigeng, med overgangar mot hasselskog i øverkant.
*Kulturpåverknad:* Slått, beita av storfe. Truleg lite gjødsla i kantane mot skogen.
*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein bestand av solblom (VU) med 4-5 blomsterstenglar. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, bråtestorr, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, grov nattfiol, hanekam, heiblåfjør, heistorr, jordnøtt, kornstorr, krattlodnegras, kystgrisøyre, smalkjempe, soleihov, svartknoppurt.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik lita slåtteeng med ein liten bestand av raudlistearten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at lokaliteten vert slått eller beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## Midsund: Otrøya: Store Klauset, austre del

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020702 |
| Areal: | 0,25 |
| Sist undersøkt: | 24.06.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1545-42 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |
| UTM (EUREF 89): | LQ 845 517 |
| Høgd over havet: | 40 m |
| Undersøkt/kjelder: | 24.06.2003, JBJ (Jordal 2005b) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei lita slåtteeng med nokre solblomplanter mellom fjøset og vegen ved Store Klauset (austre bruket).
*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.
*Kulturpåverknad:* Slått, beita av storfe. Truleg lite gjødsla.
*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein liten bestand av solblom (VU) med 7 blomsterstenglar. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, bråtestorr, englodnegras, finnskjegg, fjellmarikåpe, geitsvingel, gjeldkarve, grov nattfiol, gulaks, harerug, heiblåfjør, heistorr, hårfrytle, jordnøtt, kusymre, kystgrisøyre, prestekrage, smalkjempe, storblåfjør, stortviblad, svartknoppurt.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik, men lita slåtteeng med ein liten bestand av raudlistearten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## Midsund: Otrøya: Sør-Heggdal

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020698 |
| Areal: | 2,24 |
| Sist undersøkt: | 24.06.2003 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1545-39 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |

UTM (EUREF 89): LQ 868 525
Høgd over havet: 30 m
Undersøkt/kjelder: 24.06.2003, JBJ (Jordal 2005b)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei lita slåtteeng med ein solblombestand like ovanfor vegen ved Sør-Heggdal (like aust for huset til Ingrid Orset).
*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.
*Kulturpåverknad:* Slått til nyleg. Truleg lite gjødsla.
*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein bestand av solblom (VU) med 21 blomsterstenglar. Elles vart det funne: aurikkelsvæve, bleikstorr, blåknapp, blåtopp, bråtestorr, engfiol, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, grov nattfiol, gulaks, harerug, jordnøtt, kornstorr, krattlodnegras, lækjeveronika, smalkjempe, smyle, svartknoppurt, tepperot, tiriltunge.
*Verdisetting:* Endring skrive av J.B. Jordal 20.05.2007: Området får endra verdisetting til A (svært viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik og tilnærma intakt slåtteeng med ein bestand av raudlistearten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## Midsund: Tautra: nedom berga

Naturbasenummer: BN00020709
Areal: 0,27
Sist undersøkt: 06.08.2003
Verdi: B
Verdi revurdert: C
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 1545-50
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9232 5101
Høgd over havet: 20 m
Undersøkt/kjelder: 06.08.2003, JBJ (Jordal 2005b)

Områdeskildring
*Generelt:* Gammal slåtteeng i attgroing, mykje svartknoppurt, på nedsida av grind i gardsveg som går nedom berga. Lokaliteten er ca. 15 x 25 meter, og ligg på grunnlendt berg.
*Vegetasjon:* Engsamfunn (G4 m.m.).
*Kulturpåverknad:* Truleg slåtteeng i langvarig bruk, men vert ikkje lenger slått og er i attgroing.
*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blåknapp, blåkoll, englodnegras, engstorr, fagerperikum, finnskjegg, firkantperikum, geitsvingel, gulaks, heistorr, knegras, kornstorr, kystbergknapp, loppestorr, smalkjempe, storblåfjør, svartknoppurt, tiriltunge. Særleg påfallande var dei store mengdene med svartknoppurt.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei lita slåtteeng som no er i sterk attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med oppatt-taking i slått eller beiting.

## Molde: Hagen ved Mjelve

Naturbasenummer: BN00020773
Areal: 4,89
Sist undersøkt: 09.06.2003
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1502-10077
UTM (EUREF 89): X: 6961240 Y: 421413 (MQ 214 612)
Høyde over havet: 20-80 m
Undersøkt/kilder: Jordal & Gaarder (1995b), 09.06.2003 (Connor 2004)

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Sørvendt slåtteeng rett ovenfor E 39 ved Hagen øst for Mjelve. De interessante delene av enga avgrenses i vest ved dyrkamark, som er sterkere gjødslet og delvis opp-pløyd eng, mens den i øst ligger inntil utmarka med løvskog. I sør går E 39 inntil enga, mens en liten atkomstveg til et bolighus avgrenser lokaliteten i nord.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), urterik slåtteutforming.

*Kulturpåvirkning:* Deler av enga blir både pløyd og gjødslet. Den østlige delen av enga blir kun slått med tohjuling og graset tørkes på marken til høy. Her brukes ingen form for gjødsling (Peggy Olsen pers. medd.). Området ble tidligere (ca 20 år siden) også brukt til husdyrbeite (kyr).
*Artsfunn:* Enga har et stort mangfold av urter, og utgjør sommerstid et flott skue med store mengder prestekrage, samt innslag av en del blåklokke, rødkløver, blåknapp og tepperot. Urterike slåtteenger er generelt sett sjeldne og alltid verdifulle. Lokaliteten har også potensiale for rødlistede beitemarkssopp.
*Verdisetting*: Området verdisatt til B (viktig) siden det er en intakt slåtteeng med noen kravfulle arter. Dessuten blir intakte slåtteenger mindre og mindre vanlig i kommunen.
*Skjøtsel og hensyn:* Enga er helt avhengig av tradisjonell bruk for å opprettholde de biologiske verdiene. Den bør skjøtes som nå, ved at den slåes på ettersommeren og høyet fjernes. Gjenopptatt beite med husdyr på våren og etterbeite på høsten vil være positivt, og er antakelig på sikt nødvendig for å sikre kvalitetene (Jordal & Gaarder 1995). Bruk av kunstgjødsel vil gradvis føre til at artsmangfoldet i slåtteenga vil gå tapt. Heller ikke utstrakt bruk av husdyrgjødsel bør forekomme.

## Molde: Skovika

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00020730 |
| Areal: | 8,82 |
| Sist undersøkt: | 07.06.2004 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1502-10072 |
| Naturbasenummer: | 150208504 |
| UTM (EUREF 89): | X: 69 48828 Y: 4 09932 |
| Høyde over havet: | 80 m |
| Undersøkt/kilder: | Jordal & Gaarder (1998a), 07.06.2004 (Connor 2004) |

Områdebeskrivelse
*Generelt:* I Skovika på sørvestenden av øya ligger to nedlagte bruk og en fritidsbolig. Alle engene på oversiden av vegen ble befart.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, (G4).
*Kulturpåvirkning:* Gamle naturenger som grodde igjen.
*Artsfunn:* Ved feltregistreringer i 1998, ble 65 plantearter funnet, blant disse 15 naturengplanter. Av disse funnene fremhever Jordal & Gaarder (1998a) svartknoppurt, som hadde en god bestand. Denne arten er sjelden i Molde (Jordal & Gaarder 1995b). Videre fant Jordal ti arter av grasmarkssopp, av disse fire beitemarkssopp. Det aller mest interessante var forekomsten av sauevokssopp, som står som VU-sårbar i den nasjonale rødlista pr. 2006. Naturengplanter som ble registrert i 2004, var bl.a. harerug, tiriltunge, tepperot og prestekrage.
*Verdisetting*: Fordi det tidligere er registrert en rødlisteart (sauevokssopp *Hygrocybe ovina*) som er sårbar (VU) og en sjelden art i kommunen ellers, (svartknoppurt), har lokaliteten potensialet for å bli verdisatt til A (svært viktig). I negativ retning trekker imidlertid den sterke gjengroingen, så lokaliteten får p.g.a. dette verdi B (viktig) siden ingen spesielle arter ble påvist ved siste befaring (2004). Selv om lokaliteten er preget av sterk gjengroing, har lokaliteten fremdeles et potensial som verdifull slåtteeng, da det fremdeles finnes enkelte naturengplanter. Og trolig mycel av sjeldne beitemarkssopp i jorda (John Bjarne Jordal pers. medd.).
*Skjøtsel og hensyn:* Det er ønskelig at naturengene blir slått og holdt i hevd. Det anbefales at lokaliteten undersøkes grundigere, slik at man kan få en fullstendig oversikt over artsinventaret. Ikke minst med tanke på rødlistearten sauevokssopp.

## Nesset: Eresfjorden: Bogge: Hagbø

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00022298 |
| Areal: | 1,88 |
| Sist undersøkt: | 17.09.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1543-67 |
| Kartblad: | 1320 II Eresfjord |
| UTM (EUREF 89): | MQ 543 563 |
| Høgd over havet: | 90 m |
| Undersøkt/kjelder: | 05.07.2001, 17.09.2002 JBJ (Jordal 2005c) |

Områdeskildring

*Generelt:* Mindre slåtteeng langs riksvegen, på Hagbø inst på Boggestranda.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), innslag av fukteng. Mykje smalkjempe, småengkall og prestekrage.
*Kulturpåverknad:* Lite gjødselpåverka, vert slått årleg med tohjula slåmaskin, og dels med ryddesag, haustbeiting med sau (kjelde: Odd og Brit Wågbø).
*Artsfunn:* Det ble notert 39 plantearter, hvorav 15 naturengplanter. Her nevnes aurikkelsveve, fløyelsmarikåpe (regionalt sjelden, østlig tørrengart), gjeldkarve (mye), harerug, marinøkkel (kilde: grunneier) (NT på rødlista 2006), prestekrage, rødknapp, skogkløver og småengkall (mye). Det ble videre funnet 17 beitemarkssopp, noe som er relativt bra etter ett besøk. Det er grunn til å nevne gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), melrødskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT) og *Entoloma pratulense* (NT). I alt ble det funnet 11 rødskivesopp-arter og 5 vokssopparter. Det ble videre hørt spillende sirisser.
*Verdisetting:* Området blir verdisatt til A (svært viktig) på grunn av at det er en velutvikla slåtteeng av den lite gjødselpåvirka typen (sjelden naturtype), med flere rødlistearter, og potensiale for et vesentlig større antall arter beitemarkssopp enn det som ble funnet ved dette ene besøket i soppsesongen.
*Skjøtsel og hensyn*: Det er sterkt ønskelig at man her fortsetter slåtten, og at det gjødsles lite i de partiene som har vært lite gjødslet til nå.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Lykkjeslett, Nyhagen

Naturbasenummer: -
Areal: 8
Sist undersøkt: 05.07.2005
Verdi: C
Verdi revurdert: C
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1539-10308 (ny)
Kartblad: 1319 I Romsdalen
UTM (EUREF 89): MQ 5138 1296 (midtpunkt)
Høyde over havet: ca. 300-320 m
Undersøkt/kilder: 05.07.2005, Solveig Brøste Sletta og JBJ (Jordal 2006)

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Lokaliteten består av bratte, vestvendte enger ovafor husa i Nyhagen på Lykkjeslett.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåvirkning:* Området blir slått årlig og beites av sau vår og høst av brukerne på nabobruket. Det er tidligere brukt relativt mye møkk og kunstgjødsel på lokaliteten, og artsmangfoldet bærer preg av dette. Det finnes både rydningsrøyser og steingjerde.
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes aurikkelsveve, blåklokke, gjeldkarve, kjerteløyentrøst, kvitmaure, prestekrage og rødknapp. Disse artene vokste mest i kantområdene i øvre del.
*Verdivurdering:* Området blir verdisatt til C (lokalt viktig) på grunn av at det er en noe gjødsla og kultivert eng med et begrensa artsmangfold på store deler av lokaliteten.
*Skjøtsel og hensyn*: Området bør slås og beites også i framtida. Man bør ikke pløye, og helst gjødsle minst mulig.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Løkra

Naturbasenummer: -
Areal: 4
Sist undersøkt: 05.07.2005
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1539-10309 (ny)
Kartblad: 1319 I Romsdalen
UTM (EUREF 89): MQ 507 142
Høyde over havet: ca. 220-230 m

Undersøkt/kilder: 05.07.2005, Solveig Brøste Sletta og JBJ (Jordal 2006)

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Lokaliteten består av øvre deler av den vestvendte innmarka mot skogen på bruket Løkra nord for Verma. Det meste av innmarka nedenfor lokaliteten mot riksvegen er sterkere påvirket av pløying og gjødsling, men har også mindre partier med tørrengpreg.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), men ca. 5% dunhavre-dunkjempe-tørrenger ovafor husa (G7b).
*Kulturpåvirkning:* Området blir slått årlig (hesjing, flattørking) og beita vår og høst av sau fra brukerne på Lykkjeslett som kjøpte det i 1982 (Astrid Lykkjeslett pers. medd.).
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes blåklokke, dunhavre, dunkjempe, gjeldkarve, harerug, hårsveve, kattefot, kjerteløyentrøst, kvitmaure, prestekrage, rødknapp, skogkløver, smalkjempe, småbergknapp og stemorsblom. Ellers ble det funnet en ubestemt, mindre vanlig art av hårsveve-gruppa.
*Verdivurdering:* Området blir verdisatt til B (viktig) på grunn av at det er en middels velutviklet slåtteeng med noen kravfulle arter og svakt innslag av dunhavreeng.
*Skjøtsel og hensyn*: Området bør slås og beites også i framtida. Man bør ikke pløye, og helst gjødsle minst mulig.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Løkra, Lykkja

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | 5 |
| Sist undersøkt: | 05.07.2005 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1539-10310 (ny) |
| Kartblad: | 1319 I Romsdalen |
| UTM (EUREF 89): | MQ 5070 1423 |
| Høyde over havet: | ca. 260 m |
| Undersøkt/kilder: | 05.07.2005, Solveig Brøste Sletta og JBJ (Jordal 2006) |

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Lokaliteten er ei mindre, vestvendt slåtteeng i skogen ovafor (øst for) Løkra, lokaliteten kalles Lykkja (Astrid Lykkjeslett pers. medd.).
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4a). Lokaliteten har et fint naturengpreg med mye småengkall, prestekrage og blåklokke.
*Kulturpåvirkning:* Området blir slått årlig. Det er nå også inngjerdet og vil bli beitet vår og høst med sau fra 2005. Det var et slåtteopphold før lokaliteten ble kjøpt i 1982. Det finnes rydningsrøyser. Et mindre stykke er pløyd for noen år siden. Opplysninger om gjødsling mangler.
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes blåklokke, gjeldkarve, jonsokkoll, kjerteløyentrøst, kvitmaure, prestekrage, rødknapp, småengkall og stemorsblom.
*Verdivurdering:* Området blir verdisatt til B (viktig) på grunn av at det er en middels velutviklet slåtteeng med noen kravfulle arter, og betydelig dominans av indikatorarter som småengkall og blåklokke.
*Skjøtsel og hensyn*: Området bør slås og beites. Man bør ikke pløye, og helst gjødsle minst mulig.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Månasetra

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00001771 |
| Areal: | 12,76 |
| Sist undersøkt: | 25.06.2000 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1539-10154 |
| Kartblad: | 1319 I Romsdalen |
| UTM (EUREF 89): | MQ 503, 123-125 |
| Høyde over havet: | 500-520 m |
| Undersøkt: | 01.09.1997, JBJ (Jordal & Gaarder 1998b), 25.06.2000 (GGa) (Jordal & Stueflotten 2004) |

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Månasætra ligger på en liten hylle nede i dalside mellom Verma og Slettafjellet. Vollen er omkranset av lauvskog (bjørk og gråor) med innslag av furu og gran.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen består av sølvbunkeeng (G3), magrere eng med engkvein (G4), og finnskjeggeng (G5).
*Kulturpåvirkning:* Vollen er inngjerdet, og har vært slått fram til nå (kilde: landbrukskontoret i Rauma 1997).

*Artsfunn:* Det ble funnet 62 plantearter, mellom disse 17 naturengplanter (f. eks. aurikkelsveve, harerug, hårsveve, jonsokkoll, marinøkkel (NT på rødlista 2006), prestekrage og småengkall) og 2 seterplanter. Det ble ikke funnet beitemarkssopp, men dette skyldes nok tørken før besøket. Lokaliteten synes å passe for en del slike arter, som bare kan påvises ved flere besøk.
*Verdisetting:* Området blir verdisatt til B (viktig) på grunn av at dette er en intakt slåtteeng med en del indikatorarter. Lite gjødselpåvirkede slåtteenger er regionalt sjeldne.
*Skjøtsel og hensyn*: Det relativt høye tallet på naturengplanter har trolig å gjøre med hevden fram til nå. Det er ønskelig at slåtten fortsetter. Om dette ikke er råd bør gjerdet fjernes så sauen kan komme til.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Sletta søndre (85/6)

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | 3 |
| Sist undersøkt: | 05.07.2005 |
| Verdi: | C |
| Verdi revurdert: | C |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1539-10301 (ny) |
| Kartblad: | 1319 I Romsdalen |
| UTM (EUREF 89): | MQ 5082-5086, 1234-1243 |
| Høyde over havet: | 270-300 m |
| Undersøkt/kilder: | 05.07.2005, Solveig Brøste Sletta og JBJ (Jordal 2006) |

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Sørøstvendt tørrbakke i et område med noe mer intensivt drevet kultureng ovafor jernbanen.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4a) med innslag av arter fra tørreng (G7b).
*Kulturpåvirkning:* Området blir slått årlig i første halvdel av juli (hesjing), senere høstbeite. Har vært litt gjødslet.
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes bakkeveronika, småengkall, rødknapp, gjeldkarve og kvitmaure, dessuten en hittil ubestemt art av hårsveve-gruppa. Det ble også observert ildgullvinge (sommerfuglart).
*Verdivurdering:* Området blir verdisatt til C (lokalt viktig) på grunn av at det er en liten og ikke spesielt artsrik, tørr slåtteeng med enkelte mindre vanlige arter, i en eng som har vært noe gjødslet.
*Skjøtsel og hensyn*: Området bør slås og beites også i framtida. Man bør ikke pløye, og helst gjødsle minst mulig.

## Rauma: Romsdalen, øvre: Slettahjellan (85/2)

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | 6 |
| Sist undersøkt: | 05.07.2005 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1539-10302 (ny) |
| Kartblad: | 1319 I Romsdalen |
| UTM (EUREF 89): | MQ 509 122 |
| Høyde over havet: | 280-300 m |
| Undersøkt/kilder: | 05.07.2005, Solveig Brøste Sletta og JBJ (Jordal 2006) |

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Østvendt gammel eng ovenfor husa og gardsveien på Slettahjellan.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4a) med innslag av arter fra tørreng (G7b).
*Kulturpåvirkning:* Området blir slått årlig i midten av juli og beites av sau høst og vår. Litt gjødslet i nedre del, lenger oppover såvidt gjødsla med kunstgjødsel for hand. Trolig pløyd før 1950.
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes aurikkelsveve, blåklokke, dunhavre, gjeldkarve, harerug, hårsveve, karve, kjerteløyentrøst, kvitmaure, prestekrage, rødknapp og småengkall.
*Verdivurdering:* Området blir verdisatt til B (viktig) på grunn av at det er en middels velutviklet slåtteeng med noen kravfulle arter og innslag av dunhavreeng. Det antas å være potensiale for beitemarkssopp.
*Skjøtsel og hensyn*: Området bør slås og beites også i framtida. Man bør ikke pløye, og helst gjødsle minst mulig.

## Rauma: Rødven: Reitsletta

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00001621 |
| Areal: | 26,12 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 28.07.2000 |
| Verdi: | B |

Verdi revurdert: B
Tilstand: B
Lokalitetsnummer: 1539-10010
Kartblad: 1320 III Åndalsnes
UTM (EUREF 89): MQ 214 462
Høyde over havet: 100-160 m
Undersøkt/kilder: 28.07.2000, SSt & JBJ (Jordal & Stueflotten 2004)

Områdebeskrivelse
*Generelt:* Tidligere slåttemark, nå beitebakker i svak gjengroing. Lokaliteten ligger nær en kalsittåre, og vegetasjonen og jordsmonnet synes noe påvirka av dette.
*Vegetasjon:* Vekselfuktig, baserik eng (G11), frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåvirkning:* Beiting, tidligere også slått.
*Artsfunn:* Det vokste en god del stortveblad i beitemarkene, jfr. lokaliteten Ottestad-Reitsletta. Ellers ble det notert kornstarr, grov nattfiol, kvitmaure og skogmarihand, totalt 29 plantearter.
*Verdisetting:* Området blir verdisatt til B (viktig) på grunn av at dette er en mindre velutviklet slåttemark/beitemark, men med en regionalt uvanlig, kalkkrevende art (stortveblad). Vekselfuktig, baserik eng (G11) er en regionalt sjelden og nasjonalt truet vegetasjonstype, men utformingen på denne lokaliteten er artsfattig.
*Skjøtsel og hensyn*: Beitinga bør fortsette. Det mest ideele ville være å ta opp igjen slåtten.

## Rindal: Fossdalen: Gammelhøyløslættet

Naturbasenummer: BN00018489
Areal: 75,28 (avgrensing bør revurderast)
Sist undersøkt: 24.09.1997
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: U
Undersøkt/kjelder: 24.09.1997, JBJ (Jordal& Gaarder 1998a, Aune 2005a)

Områdeskildring (Naturbase, fra Aune 2005a)
Gammelhøyløslettet ligger i ei helling ned mot elva fra Løfalldalen. Dette er et stort tidligere slåtteengområde som nå er i tidlig gjengroing. I ei 10x10 m rute et stykke ovafor høyløa vart det funnet 30 plantearter, derav seks naturengplanter og to seterplanter. Høg dekning av engkransmose (*Rhytidiadelphus squarrosus*) og moderat dekning av strø tyder på at området må ha vært høsta til nokså nylig. Ruta hadde høg dekning av engkvein, gulaks, kvitkløver og kvitbladtistel (*Agrostis capillaris, Anthoxanthum odoratum, Trifolium repens, Cirsium helenioides*). Andre arter var bl.a. kvitsymre, maiblom, marikåpe, prestekrage, ryllik, skogstorkenebb og sølvbunke (*Anemone nemorosa, Maianthemum bifolium, Alchemilla* sp., *Leucanthemum vulgare, Achillea millefolium, Geranium sylvaticum, Deschampsia cespitosa*). Slik vegetasjon er i dag uvanlig og trulig sterkt knytta til driftshistorien. Det vart funne 78 plantearter, av disse elleve naturengplanter (bl.a. harerug, prestekrage, småengkall og sumpmaure (*Bistorta vivipara, Leucanthemum vulgare, Rhinathus minor, Galium uliginosum*) og sju seterplanter. Det vart funnet elleve arter av grasmarkssopp, av disse fem relativt vanlige arter av beitemarkssopp. Avgrensinga av lokaliteten er uklar. Det kan se ut til at Jordal & Gaarder (1998) har undersøkt området N for Seterbekken og V for Toråa. Dette stemmer med plasseringa av navnet Gammelhøyløslættet på M711-kartet. ØK har derimot "Gammelhøyslættet" (!) på tangen der Toråa svinger sørover ned Fossdalen. Vi har valgt å inkludere begge områda i lokaliteten, så får ei framtidig avklaring avgjøre om alt er like verdifullt. Kommentar J.B. Jordal mai 2007: Lokaliteten bør reinventerast for oppdatering av status, avgrensing og verdisetting.
*Forslag til skjøtsel og hensyn:* Jordal & Gaarder (1998) skriv: "Fordi vegetasjonen er slåttbetinga, hadde det vore ønskjeleg med framhald av slåtten (tradisjonelt seint slåttetidspunkt), kombinert med lite gjødsling. Beiting vil truleg endra artssamansettinga, men er det nest beste alternativet."

## Sande: Aurvoll 2

Naturbasenummer: BN00025193
Areal: 5,80
Sist undersøkt: 08.12.2003
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Undersøkt/kjelder: 08.12.2003, KJG (Vidnes & Grimstad 2006)

Områdeskildring

*Generelt*: Lokaliteten består av gamal slåttemark. Ifølge E. Aurvoll veks her solblom (VU) og hjartegras (regionalt sjeldan plante) – den einaste kjende veksestaden i kommuna for desse to artane. Desse artane indikerar saman med svarttopp eit meir baserikt jordsmonn. Ellers veks dei vanlige naturengplantene her, t.d. nattfiol, småengkall, snauveronika, jonsokkoll, blåknapp, blåklokke, legeveronika, tviskjeggveronika, kystmaure, jordnøtt, blåkoll, ryllik og smalkjempe. I eit fuktigare område i austre del av enga dominerar blåtopp og mjødurt.
*Spesielle artar:* Den raudlista plantearten solblom (VU) skal finnast, men vart ikkje attfunnen. Hjartegras er oppført som regionalt sjeldan planteart (Gaarder og Jordal 2003).
*Avgrensing og prioritering:* Verdien vert i denne omgang vurdert som viktig (B). Dersom det vert påvist solblom kan det verte aktuelt å endre verdien til svært viktig (A).
*Truslar/konflikt og forvaltning:* Lokaliteten bør skjøttast på tradisjonelt vis med sein slått og lite gjødsel. Lokaliteten bør undersøkast av ekspertar på beitemarkssopp.

## *Sandøy: Sandøya: Storsanden*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00019296 |
| Areal: | 4,17 |
| Sist undersøkt: | 13.08.2004 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1546-10 |
| Kartblad: | 1220 IV Ona |
| UTM (EUREF 89): | LQ 773 670 |
| Høgd over havet: | 3-5 m |
| Undersøkt/kjelder: | Søvik (1945), 04.08.1996, 12.08.1997 (Jordal & Gaarder 1998a), 20.07.2001, JBJ, 13.08.2004, JBJ (Jordal 2005d) |

Områdeskildring
*Generelt:* Dette er skjelsandpåverka naturengsamfunn innanfor sanddynene på staden. Desse engene har tidlegare vore slått, men gror no att.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen er overgangar mellom frisk fattigeng (G4) og vekselfuktig, baserik eng (G11).
*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Slåtten som har vore, er opphøyrt.
*Artsfunn:* Det vart funne 53 planteartar i engsamfunna, mellom desse 10 naturengplanter (m. a. gjeldkarve, knegras, prestekrage, raudknapp (mykje), smalkjempe, småengkall, svartknoppurt og vill-lin). Det er funne ein beitemarkssopp i attgroande engsamfunn (*Entoloma serrulatum*).
*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei kalkrik eng med interessante artar, men som er i attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Engsamfunna mellom sanddynene og fulldyrka mark er interessante og det hadde vore av verdi om slåtten her kunne takast opp att. Alternativt burde lokaliteten vore beita.

## *Sandøy: Sandøya: ved Sandøy kyrkje*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00019290 |
| Areal: | 0,60 |
| Sist undersøkt: | 13.08.2004 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Ip |
| Lokalitetsnummer: | 1546-12 |
| Kartblad: | 1220 IV Ona |
| UTM (EUREF 89): | LQ 768 677 |
| Høgd over havet: | ca. 6 m |
| Undersøkt/kjelder: | 03.08.1996, 17.10.1996, 03.10.1998 (Jordal & Gaarder 1998a, Jordal 2005d) |

Områdeskildring
*Generelt:* Dette er ein liten, men artsrik flekk av natureng som blir slått årleg. Enga ligg utafor hjørnet av kyrkjegardsmuren, i krysset mellom to vegar. Grunnen er sannsynlegvis skjelsand, for det er mange indikatorar på kalk/fosformangel, både sopp og planter. Nærare kyrkjeporten er vegkanten artsfattigare, her har det vore lagra grus og kontinuiteten er broten.
*Vegetasjon:* Overgangar mellom frisk fattigeng (G4) og vekselfuktig, baserik eng (G11).
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vert framleis slått.
*Artsfunn:* Det vart funne 30 planteartar på den vesle engflekken, mellom desse 9 naturengplanter (m. a. kornstorr, marinøkkel (NT på raudlista 2006) og storblåfjør). Det er funne 13 artar av beitemarkssopp (7 vokssoppartar). Mellom

desse var dei kalkkrevande artane spissvokssopp *Hygrocybe persistens*, musserongvokssopp *H. fornicata* (NT), bitter vokssopp *H. mucronella* og mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), som alle er meir eller mindre sjeldne i fylket.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita, men nokså artsrik slåtteeng som og kan klassifiserast som kalkrik eng.
*Skjøtsel og omsyn:* Denne vesle engflekken er eit nytt godt eksempel på ein "hot spot", eit lite areal med mange interessante og sjeldne artar. Det er sterkt ønskjeleg at enga framleis blir slått, og at ho blir spart for andre fysiske inngrep.

## Skodje: Opskar

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021669 |
| Areal: | 0,97 |
| Sist undersøkt: | 18.07.2002 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1529-24 |
| Kartblad: | 1220 III Brattvåg |
| UTM (EUREF 89): | LQ 7591 3499 |
| Høgd over havet: | 70 m |
| Undersøkt/kjelder: | 18.07.2002, JBJ (Jordal & Holtan 2005b) |

Områdeskildring
*Generelt:* Fin tradisjonell slåtteeng like ovanfor bygdevegen på Opskar, framvist av Gunvor Opskar.
*Vegetasjon:* G4 frisk fattigeng av jordnøtt-type, som er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).
*Kulturpåverknad:* Vert framleis slege, i juli. Ein hadde sauer fram til 1986, men det er ikkje dyr på garden lenger. Deler av enga var jordbæråker først på 1900-talet.
*Artsfunn:* Mest interessant var ca. 40 blomstrande solblom (VU). Elles vart det funne kystgrisøyre, grov nattfiol, kjertelaugnetrøst, prestekrage, smalkjempe, harerug, tiriltunge, småengkall, aurikkelsvæve, blåknapp, bråtestorr, jordnøtt, lækjeveronika, hårsvæve, blåkoll, kattefot, knegras, engfiol og kornstorr. Av beitemarkssopp vart det berre funne kantarellvokssopp.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til A (svært viktig) fordi det er ei intakt og artsrik slåtteeng og på grunn av gode bestandar av raudlistearten solblom. Vidare er jordnøttutforming av frisk fattigeng ein truga vegetasjonstype.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig med framhald av slåtten av denne enga. Dette er heilt naudsynt for å bevara det store mangfaldet.

## Smøla: Dyrnes: Vika

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00016783 |
| Areal: | 19,05 |
| Sist undersøkt: | 30.06.1999 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | U |
| Lokalitetsnummer: | 1573-023 |
| Kartblad: | 1321 I Smøla |
| UTM (EUREF 89): | MR 439 341 |
| Høgd over havet: | 0-10 m |
| Undersøkt/kjelder: | 30.06.1999 (Gaarder & Jordal 2000, lok. 4.17f, Jordal 2004a) |

Områdeskildring
*Generelt:* Ein undersøkte her engsamfunna på eit mindre bruk der vegen ut mot Storneset svingar av. Usikker avgrensing.
*Vegetasjon:* Friske fattigenger (G4).
*Kulturpåverknad:* Engene verka til dels lite gjødsla, har stort innslag av naturengplanter, og vert framleis bruka på tradisjonelt vis ved slått med ljå og to-hjula slåmaskin og beite vår og haust av sau.
*Artsfunn:* I alt vart det registrert 21 naturengplanter på engene, deriblant kravfulle og interessante artar som marinøkkel (fleire stader i til dels gode bestander) (NT på raudlista 2006), bakkeveronika og markfrytle. Potensialet for kravfulle og truga beitemarkssopp er god, men dårlege forhold under besøket var årsak til at ein berre fann brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*.

*Verdisetting:* Skrive av J. B. Jordal 20.05.2007: Verdisetting vert endra til A (svært viktig) på grunn av at det var ei intakt slåtteeng med stort artsmangfald, og interessante og dels sjeldne artar. Dette er den einaste tradisjonelle slåtteenga ein kjenner til frå Smøla. Området bør undersøkast nærare.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg at slåtten og beitinga held fram.

## Stordal: Dyrkorn: Indreseter

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021601 |
| Areal: | 8,59 |
| Sist undersøkt: | 14.09.2004 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-32 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 943 223 |
| Høgd over havet: | 200-300 m |
| Undersøkt/kjelder: | 27.06.2002, JBJ & SH, 10.09.2002, 06.09.2004, JBJ, 14.09.2004, M.E.Noordeloos, Gro Gulden & JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på sørsida av dalen. Det går grusveg heilt fram til garden. Det er no to bruk på Indresetra, men berre br. nr. 1 Josetra har busetnad. Br. nr. 3 Midtgard er fråflytt (1976), men jorda vert slått av br. nr. 1. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Det er laga miljøplan/skjøtselsplan for Indreseter (Norderhaug et al. 2004).
*Vegetasjon:* I slåtteengene ovafor husa mest frisk fattigeng (G4) og mindre parti med finnskjeggeng (G5). Desse har tidlegare vore litt gjødsla med kunstgjødsel for hand, men ikkje etter 1996. Midtgard har ikkje vore gjødsla etter 1976. Elles fulldyrka mark som framleis vert noko gjødsla.
*Kulturpåverknad:* Slåtteengene har vår- og haustbeite med sau, og slått ein gong utpå sommaren.
*Artsfunn:* Artsrike og interessante slåtteenger, med m. a. raudlisteartane solblom (VU) (få planter ved LQ 94355 22335) og kvitkurle (få planter same stad) (VU). Om hausten vart det funn tinnvokssopp *Hygrocybe canescens* i ljåslåttemark ovafor gardsvegen ca. 50 m nord for husa. Dette er ein raudlisteart i kategori EN-sterkt truga i raudlista 2006, og det var 3. funn i Noreg. Elles vart det funne brudespore (NT på raudlista 2006), nattfiol, grov nattfiol, skogmarihand, prestekrage, småengkall, harerug, blåklokke, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, hårsvæve, kvitbladtistel, bråtestorr, kystgrisøyre, sumpmaure, kattefot. Det er elles funne 7-8 andre beitemarkssopp, m.a. *Entoloma fuscotomentosum* (NT).
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er slåtteenger med fleire raudlisteartar, dels i høg kategori. Dette er blant dei biologisk sett mest interessante slåtteengene i fjorden. Det er truleg eit stort potensiale for beitemarkssopp, men det hadde vore for tørt.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør slåast også i framtida.

## Stordal: Dyrkorn: Lia

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021591 |
| Areal: | 29,14 |
| Sist undersøkt: | 27.06.2002 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | B |
| Lokalitetsnummer: | 1526-28 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 939 236 |
| Høgd over havet: | 280-380 m |
| Undersøkt/kjelder: | 27.06.2002, JBJ & SH (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på nordsida av dalen vest for Ytstesætra. Det går grusveg heilt fram til garden, som er den vestlegaste på nordsida, med storslagen utsikt over Storfjorden.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med einskilde basekrevande planter.
*Kulturpåverknad:* Dei avgrensa engene er slått med ljå til kanskje 1980, deretter beita av sau, dels som bekrebeite om sommaren.
*Artsfunn:* Mest interessant var førekomsten av ein god solblombestand (VU) med ca. 115 blomsterstenglar. Elles vart det funne grov nattfiol, brudespore (NT på raudlista 2006), tusenfryd, aurikkelsvæve, hårsvæve, harerug, smalkjempe,

blåknapp, blåklokke, jonsokkoll, kvitbladtistel, tiriltunge, kystgrisøyre, kvitmaure, kjertelaugnetrøst, klokkevintergrøn, småengkall, heistorr, heiblåfjør, småbergknapp og engfiol.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er slåtteenger (no naturbeitemark med slåtteengpreg) med ein stor solblombestand, og elles eit artsrikt og veriert kulturlandskap.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## Stordal: Nørdredalen: Almås: Robbåkeren

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021571 |
| Areal: | 1,51 |
| Sist undersøkt: | 16.09.2004 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-66 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | MQ 063 187 |
| Høgd over havet: | 360 m |
| Undersøkt/kjelder: | 14.07.2004, SEB & JBJ, 16.09.2004, JBJ (Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten består av kantområde og slåtteenger opp mot skogen på Almås.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med fleire kravfulle artar, og overgang til kalkrike enger.
*Kulturpåverknad:* Enga har vore slått kontinuerleg, også i 2004, og lite gjødsla (kjelde Kristian og Kirsti Almås). Elles oppover kulturmarka er det fine terrassar med slåtteenger som er noko utmagra (lite gjødselpåverka) i øvre deler.
*Artsfunn:* Særleg interessant var funn av 10-12 eksemplar av raudlistearten kvitkurle (VU). Av planter elles vart det funne m.a. brudespore (NT på raudlista 2006), grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst, knegras, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe.
*Verdisetting:* Skrive av J. B. Jordal 23.05.2007: Området får endra verdi til A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med bra bestand av kvitkurle og andre kravfulle artar.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør slåast eller beitast også framtida.

## Stordal: Nørdredalen: aust for Stavdalen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021644 |
| Areal: | 6,35 |
| Sist undersøkt: | 21.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1526-62 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | MQ 037 175 |
| Høgd over havet: | 190 m |
| Undersøkt/kjelder: | 19.06.2002, JBJ, 21.06.2002, DH & JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Eit mindre slåtteengområde i tidleg attgroing ved vegen aust for Stavdalen i Nørdredalen. I nedkant rikmyrflekker som også truleg har vore slått tidlegare.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med innslag av sølvbunkeeng (G3).
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing.
*Artsfunn:* Det vart funne nyresoleie, grov nattfiol (rundt 50), prestekrage, smalkjempe, blåklokke, vårpengeurt, kvitbladtistel, blåkoll, tiriltunge, surikkelsvæve, finnskjegg, markjordbær, harerug, hårsvæve og engfiol.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng i byrjande attgroing. Slåtteenger av denne typen er nasjonalt og regionalt sjeldne, og viktige å ta vare på.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør anten slåast eller beitast av storfe. Sau er meir uheldig på grunn av orkidéane.

## Stordal: Nørdredalen: Jasvollsetra

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021633 |
| Areal: | 4,72 |
| Sist undersøkt: | 24.06.2000 |
| Verdi: | A |

Verdi revurdert: A
Tilstand: B/D
Lokalitetsnummer: 1526-58
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 026 181
Høgd over havet: 380 m
Undersøkt/kjelder: Skogen & Odland (1989), 24.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001b, Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Inngjerda setervoll omgjeve av engprega, fuktig og open bjørkeskog med ein del myrsig. Avgrensa etter Melby & Gaarder (2001b) og G. Gaarder (pers. medd.).
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med noko rikare preg.
*Kulturpåverknad:* Dette var tidleg ein gard med fast busetnad, truleg rydda på 1600-talet, og først nemnt i 1656 og 1666. Det er likevel ikkje utenkjeleg at Jasvollsetra har vore seter i førhistorisk tid (Sande 1989, s. 81-82, jfr. s. 91). Seinare seter, seterdrifta er no slutt. Øvste bruket vert slått, det nedste er i noko attgroing.
*Artsfunn:* Mest interessant var at 17 individ av kvitkurle (VU) vart funne på den inngjerda vollen, desse plantene er raudlisteartar. Notert i tillegg for det meste på inngjerda parti: aurikkelsvæve, bjønnbrodd, blåklokke, blåknapp, breiull, 30-50 brudespore (NT på raudlista 2006), engfrytle, finnskjegg, fjellmarikåpe, gulaks, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, kattefot, kornstorr, kystmyrklegg, lækjeveronika, 20-30 nattfiol, prestekrage, ryllik, smalkjempe, svarttopp. Potensiale for beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei velutvikla og artsrik slåtteeng som m.a. har levedyktige bestandar av raudlistearten kvitkurle.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med slått (eller beiting) også i framtida. Dette vil vera naudsynt for å bevara bestandane av dei sjeldne artane som finst her.

## Stordal: Nørdredalen: Lianes

Naturbasenummer: BN00021634
Areal: 0,57
Sist undersøkt: 20.06.2002
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1526-64
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 047 180
Høgd over havet: 260-270 m
Undersøkt/kjelder: 20.06.2002, DH & JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Ei lita, relativt bratt slåtteeng i attgroing ned mot vegen vest for husa på den fråflytta garden Lianes i Nørdredalen. Enga er under 1 dekar.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing.
*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 12 planter av raudlistearten kvitkurle (VU). Elles vart det funne eit 50-tal grov nattfiol, smalkjempe, og ein del gulaks.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein mindre bestand av kvitkurle, men som er i attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## Stordal: Nørdredalen: Overøyane

Naturbasenummer: BN00021615
Areal: 5,87
Sist undersøkt: 06.09.2004
Verdi: B
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1526-78
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 077-078 206-208
Høgd over havet: 410-420 m

Undersøkt/kjelder: 21.06.2002, DH & JBJ, 06.09.2004, JBJ (Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er eit slåtteengområde i tidleg attgroing ned mot vegen ved Overøyane i Nørdredalen.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med noko fuktigare parti (fukteng, intermediær myr) og finnskjeggeng (G5).
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing. Mange hytter i omgjevnadene.
*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 33 planter av raudlistearten kvitkurle (VU) spreidd ned mot ei løe (MQ 0772 2073). Elles vart det funne 200-300 nattfiol, mykje skogmarihand, harerug, småengkall, bråtestorr, brudespore (NT på raudlista 2006). Av beitemarkssopp vart det funne semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (NT på raudlista 2006).
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) (opprinneleg B) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein bra bestand av kvitkurle, men som kan få lågare verdi etter kvart fordi ho er i tidleg attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## Stordal: Nørdredalen: Seljebotn, innmark Nedigard

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021632 |
| Areal: | 1,83 |
| Sist undersøkt: | 21.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-69 |
| Kartblad: | 1319 IV Valldal |
| UTM (EUREF 89): | MQ 0871 1783 |
| Høgd over havet: | 400-420 m |
| Undersøkt/kjelder: | 21.06.2002, DH & JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Slåtteengområde som framleis vert slått ovafor br. nr. 3 Nedigard.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) i kantane. Ute i gammal eng er det også stadvis frisk fattigeng med gulaks og engkvein og elles nokså mykje engsyre.
*Kulturpåverknad:* Truleg relativt lite gjødsla i kantane. No delvis slått i kantane, og noko beita av storfe.
*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 5 planter av raudlistearten kvitkurle (VU) i kantområde mot skog. Elles fanst prestekrage, jonsokkoll, blåklokke, lækjeveronika og jonsokkoll.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten slåtteengkant som huser ein liten bestand av kvitkurle.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## Stordal: Nørdredalen: Stavdalen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021643 |
| Areal: | 4,79 |
| Sist undersøkt: | 23.06.2000 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1526-61 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | MQ 033 175 |
| Høgd over havet: | 120 m |
| Undersøkt/kjelder: | 23.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001b, Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Ein relativt artsrik slåtteengrest, m. a. med sparsam førekomst av raudlistearten kvitkurle (VU). Lokaliteten er grovt (og unøyaktig) avgrensa som i Melby & Gaarder (2001b). Det er og mottatt tilleggsinformasjon om avgrensing frå Geir Gaarder.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Slåtteeng som er i byrjande attgroing.
*Artsfunn:* Attgroande eng med prestekrage, 3 eks. av kvitkurle (VU), nattfiol, harerug, kornstorr, smalkjempe, tiriltunge, tepperot, småengkall, engfrytle, gulaks og bråtestorr.

*Verdisetting:* Enger med artsrike naturengparti er ikkje vanleg, og kvitkurle er nasjonalt sjelden og oppført på raudlista. Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten har ein liten bestand av raudlistearten kvitkurle.
*Skjøtsel og omsyn:* Verdiane går gradvis tapt etter kvart som enga gror att. Skal ein ta vare på verdiane må slåtten takast opp att, eller området må beitast (helst av storfe).

## Stordal: Nørdredalen: Ytstehaugen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021567 |
| Areal: | 3,91 |
| Sist undersøkt: | 20.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1526-77 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | MQ 074 200 |
| Høgd over havet: | 390-400 m |
| Undersøkt/kjelder: | 20.06.2002, DH & JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er eit mindre slåtteengområde i tidleg attgroing ned mot vegen vest for Ytstehaugen i Nørdredalen.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med noko rikare parti.
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing.
*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 23 planter av raudlistearten kvitkurle (VU) spreidd på 3-4 stader. Elles vart det funne ein god del nattfiol, harerug, brudespore (NT på raudlista 2006), småengkall, blåklokke, svarttopp, kattefot, jonsokkoll, blåkoll og prestekrage, dessutan toppklokke og vårpengeurt.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) (opprinneleg B) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein bra bestand av kvitkurle, men som kan få lågare verdi etter kvart fordi ho er i tidleg attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## Stordal: Røysetdalen: Røyset, nordre bruket

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021653 |
| Areal: | 6,10 |
| Sist undersøkt: | 19.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | Is |
| Lokalitetsnummer: | 1526-52 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | MQ 013 143 |
| Høgd over havet: | 220 m |
| Undersøkt/kjelder: | 19.06.2002, JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Røyset består av to bruk som ligg vel 200 m over havet like ovanfor riksvegen i indre del av Røysetdalen i Stordal. Bruka er ute av drift men har busetnad. Markene vert for det meste slått, men graset vert oftast liggjande. Kvart av bruka hadde tidlegare hest og 5-6 kyr, seinare gjekk dei over til sau. Sørlegaste bruket hadde sau til 1996, medan det nordlegaste bruket slutta på 1980-talet. Det vart avgrensa slåtteenger som ligg aust for og ovanfor husa på det nordlegaste bruket.
*Vegetasjon:* Gammel fulldyrka til overflatedyrka eng, no med frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type.
*Kulturpåverknad:* Engene er tidlegare dels fulldyrka, dels overflatedyrka i kantane, men har vore lite gjødsla i nyare tid, og dei siste åra berre slått utan at graset har vore raka bort.
*Artsfunn:* M. a. følgjande naturengplanter vart noterte: prestekrage, kvitmaure, hårsvæve, jonsokkoll, lækjeveronika, engfiol, blåklokke, nattfiol, grov nattfiol, harerug. Dessutan vart det funne nyresoleie og vårpengeurt.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med nokre interessante artar.
*Skjøtsel og omsyn:* Slåtteenga har framleis eit artsinventar som er muleg å ta vare på ved å halda fram slåtten. Det er best om graset vert raka vekk.

## Stordal: Røysetdalen: Røysetsetra v. elva

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021579 |
| Areal: | 8,24 |

Sist undersøkt: 12.09.2002
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1526-54
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 022 133
Høgd over havet: 350-400 m
Undersøkt/kjelder: 10.08.2001, JBJ, 20.06.2002 og 12.09.2002, JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Røysetsetra består av to fråflytta bruk som ligg 350-400 m over havet inst i Røysetdalen i Stordal. Lokaliteten som vert skildra her, er ei slåtteeng som ligg eit par hundre meter søraust for bruka, ned mot elva.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen på den registrerte slåtteenga er i hovudsak frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type. Det er oppslag av småosp i kantane. Sidan enga ikkje har vore slått dei siste åra, er det ein god del strø (daudgras) i botnen.
*Kulturpåverknad:* Enga er tidlegare fulldyrka, men har vore lite gjødsla i seinare tid, og fleire av dei siste åra heller ikkje slått. Enga vart slått i 2002.
*Artsfunn:* I 2002 vart raudlistearten kvitkurle (VU) funnen med 4 eksemplarar. Elles vart *Hieracium auriculinum* samla. M. a. følgjande naturengplanter vart noterte i tillegg: blåklokke, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Truleg har lokaliteten potensiale for beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei nokså intakt slåtteeng i sakte attgroing, med eit relativt ordinært artsutval.
*Skjøtsel og omsyn:* Slåtteenga har framleis eit artsinventar som er muleg å ta vare på ved å ta opp att slåtten.

## Stordal: Røysetdalen: Røysetsetra v. gardane

Naturbasenummer: BN00021655
Areal: 7,64
Sist undersøkt: 12.09.2002
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: Is
Lokalitetsnummer: 1526-53
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 021 134
Høgd over havet: 350-400 m
Undersøkt/kjelder: 20.06.2002, DH & JBJ, 12.09.2002, JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Røysetsetra består av to (tidlegare 3) fråflytta bruk som ligg 350-400 m over havet inst i Røysetdalen i Stordal. Bruka er dels brukt som fritidsbustader. Markene vert for det meste slått, men graset ikkje alltid raka bort. Det vart avgrensa slåtteenger som ligg aust for og ovanfor husa på det austlegaste bruket.
*Vegetasjon:* Fulldyrka mark har engvegetasjon typisk for gammel eng, med ulike utformingar av sølvbunkeeng (G3) og frisk, næringsrik gammeleng (G14). I kantane og ovanfor husa vesentlege innslag av artsrik frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type.
*Kulturpåverknad:* Enga er truleg tidlegare overflatedyrka, men har vore lite gjødsla i nyare tid, og dei siste åra berre slått, men ikkje alltid raka bort.
*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 32 kvitkurler (raudlisteart, VU) ved MQ 0216 1349. M. a. følgjande naturengplanter vart noterte: grov nattfiol, hårsvæve, prestekrage, blåklokke, jonsokkoll, lækjeveronika, heiblåfjør, blåknapp, blåkoll, harerug, aurikkelsvæve og *Hieracium auriculinum*. Elles vart korallrot funnen i fuktig sig øvst mot skogen. Av beitemarkssopp vart det funne semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (NT på raudlista 2006).
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med ein betydeleg bestand av raudlistearten kvitkurle.
*Skjøtsel og omsyn:* Slåtteengene har eit interessant artsinventar som er muleg å ta vare på ved å halda fram slåtten.

## Stordal: Storfjorden: Djupdalen

Naturbasenummer: BN00021580
Areal: 4,87
Sist undersøkt: 08.08.2001
Verdi: A

Verdi revurdert: A
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1526-13
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 942 155
Høgd over havet: 350 m
Undersøkt/kjelder: 08.08.2001, JBJ & SH (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Garden Djupdal ligg i ein hengedal på austsida av Storfjorden sør for Stordal. Sjøvegen opp frå naustet går langs berghamrane, over Djupdalselva, og vidare oppover berga der dei siste partia er såpass bratte og nifse at mange kvier seg for å gå der. Ein ser 200 meter lukt ned i fjorden. Dette er ein av dei nifsaste naustvegane i heile Storfjorden, og det var umuleg å føra dyr opp denne vegen. Dyr måtte førast opp frå Holmeneset over Holmesetra og ned til garden eller over fjellet frå Liabygda. I etterkrigstida har ein dels køyrt opp sauer med løypestreng til beite i Djupdalen.
*Vegetasjon:* Når ein følgjer stien opp frå elva inne i Djupdalen, kjem ein først til tuftene etter Gamlegarden. Her er framleis opne, attgroande enger med ein mosaikk mellom frisk fattigeng (G4) og meir nitrofil attgroingseng (G14) med stornesle, hundegras, bringebær og kveke. Rundt dagens bustadhus er det ei open eng (G4) som framleis vert slått, og som truleg ikkje har vore nemnande gjødsla i løpet av dei siste 100 åra. Dette er ei av dei mest artsrike og interessante slåtteengene i heile Storfjorden. Vegetasjonstypen kan klassifiserast som velutvikla frisk fattigeng av engkvein-gulakstype med mange naturengplanter, særleg var det uvanleg mykje kjertelaugnetrøst og knegras. Nedanfor fjøset var det sølvbunkeeng (G3). I området rundt vart det observert styva selje og bjørk. Omgjevnadene har elles dels lågurtskog med tresjikt av lauvtre og furu (B1).
*Kulturpåverknad:* Trass i vanskeleg sjøveg er dette en gammal gard som har vore busett og liggje aude i fleire periodar. Olderfar til Petter Djupedal (f. 1889) heitte Peder og budde på Gamlegarden. Sonen Halkjell bygde hus eit par hundre meter lenger opp, der huset framleis står (GPS-posisjon LQ 9415 1549), og dyrka opp rundt dei nye husa. Det vart dreve utslått i liene, og om vinteren vart det hogd mykje ved. Djupdalen vart fråflytta etter 1910, etter at brukaren hadde kjøpt Øvstholmen og flytta dit. I etterkrigstida har næraste innmarka rundt husa vore slått, i alle fall til 2001. Samstundes vart det og sett saueskit etter streifande sau.
*Artsfunn:* Slåtteenga rundt bustadhuset inneheldt ei rekkje naturengplanter, m. a. blåklokke, blåkoll, bråtestorr, engfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst (mengder), kvitmaure, raudknapp, småengkall og storblåfjør. Det vart vidare funne 7 vokssoppartar trass i det tidlege tidspunktet, av desse er det særleg grunn til å nemna den raudlista raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT). Vidare vart det funne tre raudskivesoppar, m. a. *Entoloma exile*. Lokaliteten har heilt klart eit stort potensiale for mange fleira artar av beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei intakt slåtteeng med lang kontinuitet og truleg svært sparsam gjødsling, mange naturengplanter og vidare førekomst av fleire raudlisteartar av beitemarkssopp, dels i høgare kategori.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## *Stordal: Storfjorden: Nesplassen*

Naturbasenummer: BN00021628
Areal: 5,90
Sist undersøkt: 26.06.2002
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1526-21
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 9488-9503, 1858-1864
Høgd over havet: 5-30 m
Undersøkt/kjelder: 26.06.2002, JBJ (Jordal, Busengdal & Holtan 2005)

Områdeskildring
*Generelt:* Gammel eng på småbruket Nesplassen ovafor riksvegen vest for Stordal mot Dyrkorn. Lokaliteten ligg i ei sørvendt li og er omkransa av lauvskog. Gneis i berggrunnen.
*Vegetasjon:* Stort sett utformingar av frisk fattigeng (G4) i kantane, mest G14 (frisk, næringsrik gammeleng) i den meir intensivt drivne marka, innslag av G10 (hestehavreeng).
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til riksveg og busetnad. Fråflytta, husa er til forfalls, frukthage. Noko blir slått, men ikkje dei mest artsrike partia.
*Artsfunn:* Det kan nemnast funn av vårmarihand, grov nattfiol, blåklokke, prestekrage, blåkoll, nyresoleie, vårpengeurt og hårsvæve.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng med fleire interessante planteartar, men som no er i ferd med å gro att.

*Skjøtsel og omsyn:* Området bør ideelt sett slåast eller beitast, elles vil dei fleste interessante artane i løpet av få år truleg forsvinna og verdien verta lågare.

## Stordal: Storfjorden: Skjortneset

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021575 |
| Areal: | 22,88 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 07.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-11 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 909 173 |
| Høgd over havet: | 0-60 m |
| Undersøkt/kjelder: | 07.08.2001, JBJ & LS (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Skjortneset ligg på vestsida av Storfjorden omlag rett overfor Stordal sentrum i ei nokså bratt austvendt li med bratte berghamrer nedanfor på nordsida. Det er god sjøveg opp frå naustet.
*Vegetasjon:* Det er omlag samanhengande slåttemark frå nausta og heilt opp til forbi garden. Engene vert stort sett slått og graset raka bort. Ved nausta er det relativt magre, lite gjødselpåverka enger, frisk fattigeng (G4), deler av dette vert skjøtta som plen (av faste campinggjester). Halvveges opp til garden ligg ein frukthage med ei løe (Hylla), med frisk fattigeng (G4) med ein del følblom. Rundt garden er det tidlegare fulldyrka eng som no magrast sakte ut. Nedanfor garden står eit par gamle styvingsalmer på opp til 1 m stammediameter.
*Kulturpåverknad:* Det vart drive med geit til 1947. Bruket vart fråflytta i 1970, men dei 7 søskena som no eig bruket i lag, har tilhald i heile sommarhalvåret og held både husa og mykje av kulturlandskapet ved like gjennom slått og bortraking av graset. Det har ikkje vore nytta kunstgjødsel etter fråflyttinga. Garden vert svakt beita av sauer som streifar over frå Sykkylven. Løypestrengen er intakt og i bruk til fritidsformål. Det vart tidlegare hogge lauv til nokre hundre kjerv, mest av bjørk.
*Artsfunn:* Det vart notert ein del naturengplanter, m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, gjeldkarve, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, prestekrage, smalkjempe og småengkall, mest i engene nede ved nausta. Elles vart det funne fire artar vokssopp, mellom desse limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at her finst intakte slåtteenger med lang driftshistorie og dels sparsam gjødsling, og med eit intakt artsutval av naturengplanter og nokre beitemarkssopp. Lokaliteten har heilt klart eit større potensiale for beitemarkssopp.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er å håpa at ein kan halda fram med slåtten, noko som vil halda ved like slåtteengene.

## Stordal: Storfjorden: Skotet: Inste-Skotet

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021606 |
| Areal: | 19,38 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 07.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-3 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 918 218 |
| Høgd over havet: | 240-260 m |
| Undersøkt/kjelder: | Ansok (1973), Jordal & Gaarder (1997), Sande (1989), Idar Skotte (pers. medd.), 07.08.2001, JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Inste-Skotet er den austlegaste av Skotsgardane. Sjøvegen er opp frå Naustvika forbi Skotshalsen, men det er også muleg å gå opp frå Vollvika til Ytste Skotet, og grendevegen derifrå.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen var i 1996 dominert av høgvaksne gras og urter, med eit tjukt strølag i botnen (ikkje slått). Naturengplanter har overlevd på magre stader med meir kortvaksen vegetasjon. Sidan 1998 har Stiftinga Ytste Skotet sørga for slått på Inste-Skotet. Det er likevel ein tendens til at einskilde mindre naturenger (frisk fattigeng, G4) ikkje vert slått. Det er gjerne desse som er mest artsrike og verdifulle frå ein forvaltningsmessig sysnsstad. Desse gror no til med stadig meir firkantperikum og småbusker. Fleire styvingstre, mest bjørk.
*Kulturpåverknad:* Skotsgardane har truleg vore bebudd i vikingetida (Sande 1989). På Inste Skotet er det ein stad som heiter Veten, som var ein del av varslingssystemet som vart oppretta frå midten av 900-talet. Etter Svartedauden er

Skotet første gong nemnt 1606. Frå 1926 slo dei også Skotshalsen saman med to andre bruk, og delte på høyet. Inste-Skotet vart fråflytt i 1954. Deretter vart det slått av Meskotet til 1980. På Inste-Skotet har det ikkje vore slått gras ein periode frå 1980 fram til 1998, da litt vart slått. Frå 1999 har graset vore slått av stiftinga Ytste Skotet (Idar Skotte og Ottar Overå) og raka bort. I nerkant av vollen finst slåtteterrassar som ikkje er slegne.
*Artsfunn:* Det vart funne 54 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mellom desse var kvitmaure, småengkall og storblåfjør. Noterte artar 2001: prestekrage, nattfiol, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, brudespore (NT på raudlista 2006), harerug og blåklokke. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteenger med eit dels intakt artsutval, og somme stader ei driftshistorie med sparsam gjødsling.
*Skjøtsel og omsyn:* Oppatt-taking av skjøtselen frå 1999 i regi av stiftinga Ytste-Skotet er svært positiv for dei gamle slåtteengene, som i 1996 var i tiltakande attgroing. Ein bør særleg sørja for å slå dei magraste (og mest artsrike) partia, som gjerne er dei tyngste og minst planerte. Slåtten bør fortsetta. Om dette vert vanskeleg, bør ein sleppa beitedyr her.

## Stordal: Storfjorden: Skotet: Meskotet

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021605 |
| Areal: | 25,89 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 07.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-2 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 915 219 |
| Høgd over havet: | 220-250 m |
| Undersøkt/kjelder: | Ansok (1973), Sande (1989), Jordal & Gaarder (1997), Idar Skotte (pers. medd.), 07.08.2001, JBJ (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Meskotet er den midtre av Skotsgardane. Sjøvegen er opp frå Naustvika forbi Skotshalsen, men det er også muleg å gå opp frå Vollvika til Ytste Skotet, og grendevegen derifrå.
*Vegetasjon:* Den fulldyrka marka har vore slått kontinuerleg av Idar Skotte også etter fråflyttinga i 1981. Sidan 1998 har Stiftinga Ytste Skotet sørga for slått på alle tre Skotsgardane (framleis utført av Idar Skotte). Mest fulldyrka mark, små areal med ugjødsla natureng. Fleire styvingstre, mest bjørk, men og selje og rogn. Ei styva selje er bortimot ein meter i stammediameter.
*Kulturpåverknad:* Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende. Etter Svartedauden er Skotet første gong nemnt 1606 (Sande 1989). Meskotet var den siste strandsitjargarden som vart fråflytta i Storfjorden, det skjedde i 1981. Meskotet har vore kontinuerleg slått også etter at drifta vart nedlagt. Ein fekk motorslåmaskin i 1971. Kunstgjødsel kom i mellomkrigstida. Meskotet har vore kontinuerleg slått også etter at drifta vart nedlagt i 1981. Litt streifbeiting av sau. Idar Skotte brukte ca. 2 tonn kunstgjødsel den tida han dreiv alle Skotsgardane (1965-81), truleg fullgjødsel A.
*Artsfunn:* Det vart funne 56 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men tilhøva kan vera gode for desse artane somme stader.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at dei artsrike, ugjødsla engene utgjer små kantareal med avgrensa mangfald.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er svært positivt om slåtten og ryddinga som er utført til no held fram også i framtida. Vi vil sjølv sjå det som interessant å leita etter beitemarkssopp på Meskotet eit anna år.

## Stordal: Storfjorden: Skotet: Skotshalsen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021609 |
| Areal: | 9,74 |
| Sist undersøkt: | 07.08.2001 |
| Verdi: | C |
| Verdi revurdert: | C |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1526-4 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 922 217 |
| Høgd over havet: | 70-80 m |
| Undersøkt/kjelder: | Ansok (1973), Sande (1989), 07.08.2001, JBJ & LS (Norderhaug et al. 2004, Jordal, Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Skotshalsen ligg på en relativt flat avsats i den bratte, austvendte fjellryggen som går fra sjøen opp til Inste Skotet. Ein kjem dit ved å gå stien som går frå Naustvika til Inste Skotet, og så ta av når ein kjem opp på den ryggen der Skotshalsen ligg, rundt 80 m over fjorden. Det er framleis noko open kulturmark på staden, men ein del er attgrodd med skog. Det synest ikkje å ha vore beitedyr innom dei siste åra.
*Vegetasjon:* Mykje av innmarka var attgroingsenger med nitrofile innslag (G14), dels meir utmagra frisk fattigeng (G4) i kantane. Innslag av tørrberg (F3). Ovafor bruket finst berg, rasmark og skog med varmekjær flora (ikkje avgrensa)
*Kulturpåverknad:* Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende. Skotshalsen var i bruk som husmannsplass på slutten av 1800-talet (Sande 1989: 222). På Skotshalsen var det busetnad til rundt 1926. Mannen døydde og enkja tok med seg ungane til Amerika. Det vart deretter tre bruk som kjøpte og slo ilag her frå 1926 (Inste-Skotet, Vidhammar og "Hotell-Johan" Vinje i Stordal). Skotshalsen vart slått til ut på 1950-talet. Det er framleis noko open kulturmark på staden, men ein del er attgrodd med skog. Det synest ikkje å ha vore beitedyr her dei siste åra.
*Artsfunn:* Relativt triviell flora, her kan nemnast gjeldkarve, olavsskjegg, smalkjempe, raudknapp, småsmelle og blåklokke.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er gamle slåtteenger i attgroing, og der det opprinnelege artsutvalet truleg er noko utvatna.
*Skjøtsel og omsyn:* Kulturmarka har ein del av artsmangfaldet intakt, og det er muleg å bevara dette gjennom rydding og slått. Området kan med fordel beitast i framtida.

## *Stordal: Storfjorden: Skotet: Ytste-Skotet*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021603 |
| Areal: | 36,49 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 30.09.1996 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1526-1 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 913 222 |
| Høgd over havet: | 180-240 m |
| Undersøkt/kjelder: | Bruaas & Hatløy (1991), 30.09.1996 JBJ, Idar Skotte pers. medd. 19.11.02, Jordal & Gaarder (1997, 1998a), Jordal, Busengdal & Holtan (2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Ytste Skotet er ein av dei ytste hyllegardane i Storfjorden. Skotsgardane ligg høgt og fritt på ei nordvendt hylle eit par hundre meter over Storfjorden.
*Vegetasjon:* Vi vil her visa til ei fyldig kandidatoppgåve (Bruaas & Hatløy 1991) frå distriktshøgskulen i Sogndal (no Høgskulen i Sogn og Fjordane). Vegetasjonen på innmarka er for det meste frisk fattigeng. Området har mest gneisbergartar, men det er kjent ei kalksteinsåre i området som truleg kan gjera seg gjeldande somme stader på Ytste-Skotet.
*Kulturpåverknad:* Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende (Sande 1989). Etter Svartedauen er garden første gong nemnt i 1606. I 1863 var buskapen 9 storfe, 40 småfe og ein hest. I første halvdel av 1900-talet var vanleg fønad 4-5 kyr, 20 geiter og 8 sauer. Innmarka er ca. 45 dekar, av dette vel 30 dekar dyrka. Det har vore brukt 500-600 kg kunstgjødsel årleg frå mellomkrigstida til fråflyttinga, transportert opp med taubane (anlagt 1943). Bruket vart fråflytta i 1954. Deretter har garden vore slått fram til 1980 (1955-65 av Vidhammar, deretter av Meskotet), og kyr og sauer har også beita på innmarka i denne perioden. Etter 1980 har det berre vore streifbeiting av sau og hjort, og betydeleg attgroing. Storfjordens Venner overtok i 1989, stiftinga Ytste-Skotet som syter for drifta vart skipa i 1990, og dette året tok dei til å slå innmarka på nytt (utført av Idar Skotte). Dei siste åra har dei også hatt beitedyr på garden. Nesa var kornåker til 1942. All eng fekk sauetalle annakvart år og kugjødsel annakvart år, gjeve om hausten. Frukthagen vart gjødsla med hestegjødsel og berre slått, ikkje beita. Åker vart gjødsla om våren med kugjødsel. All slått etter fråflyttinga i 1954 har vore sein slått, etter 1. august (kjelde: Idar Skotte).
*Artsfunn:* Det er funne 102 planteartar på open kulturmark, tidlege attgroingsstadium og tidlegare slåttemyr (Gjerå), av desse 23 naturengplanter. Seine attgroingsstadium med skogpreg er utelatne. Dette er høge tal. Det er stadvis uvanleg mykje orkidéar, m.a. grov nattfiol, brudespore (NT på raudlista 2006) og stortviblad. Det vart funne 22 artar av beitemarkssopp. Dette er eit ganske høgt tal etter eitt besøk i ein dårleg sesong. Av dei artane som vart funne i 1996 er det særleg grunn til å nemna halmgul køllesopp *Clavaria flavipes=straminea* som internasjonalt sett er ein sjeldan, beite- eller slåttavhengig art (NT=nær truga på raudlista). Denne vart funne i Hagen, som no vert slått. I same frukthage vart det vidare funne fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (NT), fleire mindre vanlege raudskivesoppar, og 8 vokssopp-artar. I nokre magre parti på innmarka ved frukthagen (Nesa), og på Haugane ovafor husa er det truleg også gode tilhøve for beitemarkssopp. Når det vart funne lite på Nesa, kan det ha å gjera med at dette har vore kornåker, og dermed ikkje har så lang kontinuitet som grasmark.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte slåtteenger med lite gjødsla parti og stor artsrikdom, m.a. uvanlege orkidéar, fleire raudlista beitemarkssopp og generelt stor artsrikdom.
*Skjøtsel og omsyn:* Frå ein biologisk synsstad er slåtten og beitinga som no vert organisert på denne tungt tilgjengelege hyllegarden særleg verdifull for å ta vare på det biologiske mangfaldet som er knytt til kulturpåverknad i mange hundre år. Dette gjeld særleg nokre mindre vanlege naturengplanter, orkidéar og sjeldne beitemarkssopp. Vi vil likevel understreka at Hagen og Haugane ikkje bør gjødslast, ettersom desse stadene er dei mest artsrike når det gjeld soppar som er knytt til lite gjødsla grasmark. Det er viktig at slåtten held fram. Graset må ikkje ligga att på bøen.

## Stordal: Storfjorden: Stordalsholmen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021641 |
| Areal: | 13,84 |
| Sist undersøkt: | 07.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1526-19 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 933 176 |
| Høgd over havet: | 0-40 m |
| Undersøkt/kjelder: | 21.07.1962 (B. I. Grønningsæter), 07.08.2001, JBJ & LS (Norderhaug et al. 2004, Jordal Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Stordalsholmen ligg vakkert til ned mot sjøen på eit nes ved Stordalsvika i Storfjorden. Tilgjenge er med båt. Tidlegare, da fjorden var den viktigaste ferdselsåra, var dette ein sentral stad.
*Vegetasjon:* Fulldyrka eng vert slått og har eit vanleg artsinventar, noko nitrofil vegetasjon. Småmark vert dels ikkje slått. Mest interessant var dei tørre engene og berga med artsrik vegetasjon (G7, F3), elles finst litt frisk fattigeng med mykje smalkjempe. Ivar Holmen meiner at attgroinga starta rundt 1970. Oppe ved sommarfjøset er det nitrofile attgroingsenger (G14) med m.a. hundegras og firkantperikum og oppslag av osp. Nedanfor sommarfjøset er det styva bjørk. Tuntreet er ei stor ask med fleire lavartar på stammen.
*Kulturpåverknad:* Stordalsholmen har vore gammal skyss-stasjon og mottaksplass for laks og andre varer. Som gard kan han ha vorte rydda på 1600-talet, garden er første gong nemnt i 1666, da med berre 2 naut (Sande 1989). I 1873 vart holmen nedlagt som offentleg skyss-stasjon. I 1904 utgjorde jordbruk og fiske på nytt hovudnæringa. Buskapen var i 1835 4 kyr, 6 sauer og 6 geit. I 1875 var det 5 kyr og 23 småfe (smale). I 1864 var det vidare 3 mål åker, 2 mål eng og 10 mål "ringare eng". Buskapen på 1900-talet besto gjerne av 3-4 kyr, okse, 30-40 geit og 5-6 sau. Kyrne og sauene vart om våren rodd i trerøring til Holmeneset der dei hadde sommarfjøs, medan geitene for opp Stigen. Stordalsholmen vart fråflytta i 1970. Staden er i dag sommarbustad. Husa er verneverdige og restaurerte. Små potetåkrar finst framleis fleire stader ovafor garden. Rundt husa og på engane oppover neset var det i 2001 slått, dels med ljå. Det var ikkje spor av beiting. Kjelder: Ansok (1973), Sande (1989), Strøm (1766:222), Ivar Holmen pers. medd.
*Artsfunn:* I 1962 vart det notert mykje bakkesøte (NT) "på sudvendt turt bakkehell", denne vart ikkje attfunnen i 2001. På dei tørre engane og berga fanst i 2001 m. a. bitterbergknapp, bustnype, engtjæreblom, gjeldkarve, hårsvæve, jonsokkoll, kattefot, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, olavsskjegg, småbergknapp, småengkall, småsmelle, småsyre, stemorsblom, storblåfjør og åkerminneblom. Det vart også funne brudespore (NT på raudlista 2006). Tørrengene og berga er det floristisk mest interessante i kulturmarka.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det finst tørre enger og berg med eit interessant artsutval.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## Stordal: Storfjorden: Øvstholmen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021577 |
| Areal: | 7,48 |
| Sist undersøkt: | 08.08.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1526-17 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 938 169 |
| Høgd over havet: | 300-340 m |
| Undersøkt/kjelder: | Ansok (1973), 08.08.2001, JBJ & SH (Norderhaug et al. 2004, Jordal Busengdal & Holtan 2005) |

Områdeskildring
*Generelt:* Øvstholmen ligg omlag 280-320 m over fjorden i sørvestvendt li ovanfor Holmeneset. Øvstholmen var ein del av "Holmebygda", ei grend som reisande på fjorden kanskje kanskje ikkje får auge på fordi ein berre ser aude fjordlier. "Holmebygda" ligg på austsida av Storfjorden sør for Stordalsvika, og omfatta busetnaden frå Stordalsholmen til Djupdalen. Lettaste tilgjenget til Øvstholmen er sti opp frå Holmeneset, men det er også muleg å gå opp frå Stordalsholmen.
*Vegetasjon:* Innmarka er i dag i attgroing. Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng (G3), dels strandrøyrdominert attgroingseng (G14) nedanfor husa. Ute mot kantane finst innslag av meir artsrik frisk fattigeng av gulaks-engkvein-type (G4). I tørrare parti i nordkanten er det innslag av einerbakkar med relativt artsrike enger.
*Kulturpåverknad:* Øvsteholmen er truleg rydda før Svartedauden. Etter Svartedauden er garden nemnt første gong i 1606 (Sande 1989). Garden låg øyde rundt 1760 (Strøm 1766: 221). I 1864 var det 3,5 mål åker, 4 mål god eng og kring 60 mål "ringare eng". Husdyrhaldet kunne vera 7 storfe og 35 småfe. Bruket vart fråflytta rundt 1947. Kjelder: Strøm (1766), Ansok (1973), Sande (1989).
*Artsfunn:* Av naturengplanter kan nemnast blåklokke, blåkoll, brudespore (NT på raudlista 2006), grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe og storblåfjør.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng med fleire interessante planteartar, men som no er i ferd med å gro att.
*Skjøtsel og omsyn:* Området bør ideelt sett slåast eller beitast, elles vil dei fleste interessante artane i løpet av nokre år truleg forsvinna og verdien verta lågare.

## Stranda: Espehjelle (Skotungane)

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00008383 |
| Areal: | 52,36 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 11.09.2002 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Undersøkt/kjelder: | 12.09.1999 DH & FO, 24.09.1999 FO, 26.09.1999 GGa, DH & KJG, 02.07.2000 DH & KJG, 11.09.2002 JBJ (Holtan & Grimstad 2004a, Norderhaug et al. 2004) |

Områdeskildring
*Landskap, tilgjenge:* Espehjelle ligg austvendt på ei flatlendt hylle over Storfjorden under Skurdahornet (849 m o.h.) ein dryg halvtimes gange nordover frå Øygarden i Stranda. I daglegtale har garden vore kalla Skotung eller Skotungane, og har heilt sidan 1600-talet hatt to namn.
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Garden er nemnt første gong i 1650. I 1658 svara bruket skatt for 1 hest, 5 kyr, 10 geiter og 8 sauer. I 1723 var det 3 kyr, 1 ungnaut, 3 geiter, 3 sauer og lam , ingen hest. I 1865 var det oppgjeve 5,5 mål åker, 2,5 mål eng og innmark ialt 18 mål, vidare vart det hausta 300 lauvkjerv. Bruket vart drive med 40 geit, 18-20 sau og 2-3 kyr. Fram til 1930 var det også ein hest. Kyrne beita i området ned mot sjøen, geitene beita i lia oppover. Det var seterdrift på fjellet cirka 500 m o.h. Det vart drive utslått i setermarka til 1954. Der var ei tømmerhytte og ei høyløe. Marka var så stor at ein slo kvar flekk berre annakvart år (årbyte). Ein begynte først å slå ved sjøen og cirka 14 dagar seinare på fjellet. Ein hadde også håslått på garden. Under slåtten på fjellet overnatta ein i tømmerkoie. Ved sida av denne sto det tidlegare ei løe til oppbevaring av høy. I 1944 hausta ein cirka 100 høybør/høymeis. Korn vart dyrka på garden fram til 1950-talet (m. a. på Storåkeren og Litleåkeren). I 1918 fekk ein telefon på Espehjelle og i 1929 straum. I 1948 vart kvernhuset øydelagd. Lengre oppe på fjellet var det grave ei lang grøft for å leie vatn ned til kvernhuset. I 1961 vart gardsdrifta nedlagt. Garden vart fråflytt i 1964. Etter den tid har det vore drive med slått, poteter og frukt. Petter og Bodil Korsedal overtok eigedommen i 1979. I 2002 var det meste av engene framleis slått.
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* Stovehuset er bygd i 1900, og løa var bygd i 1886 og vart ombygd i 1913. Desse husa står framleis. Stabburet har delvis runde stokkar som tyder på høg alder av bygninga/byggematerialet. Det er lagt tegl på taket. Under dette nyare taket finst det gamle spontaket med flis. Det er ein avkjølingsplass og brønn på Espehjelle. I tillegg er det restar etter eit sommarfjøs på den øvste kanten av innmarksarealet. Opp til setra er det tre kvileplassar, Hellaren, Heskerhaugen og Tytebærhaugen (?). Eit steingjerde går delvis rundt innmarksarealet. Ein geil, cirka 1,50 m høg, leia dyra over innmarka til utmarka. Steingjerdet og geila er i forholdsvis bra stand. Det er fleire "geitestiar" i lia ovanfor geila, og bakkemurar i innmarka. Vegen Espehjelle-Ødegård vart ferdig i 1910. Ein svært fin veg går ned til sjøen. Denne vegen er brei og oppmurt. Ein sti går opp til fjellet (tømmerkøye og stølen). Stia og vegen vert årleg halde vedlike ved slått og rydding. Lenger ute i fjorden finst tufter etter mange plassar: Torsletta, Skots-Knut-Plassen, Bod-Ola-Vika, Skotungneset. Naustet var i tidlegare tider rett nedanfor garden, men vart etter Skafjell-ulukka i 1731 flytta til Skotungvika. Naustet er i god stand. Ved sjøen er det også eit gamalt notskur med trebøtter, trekassar og blikktak. Denne bygningen er i noko dårlegare stand. Frå ei gamal utløe i god stand går ein taubane opp til garden. Taubanen er framleis i bruk. Langsmed vegen mellom garden og sjøen er det ein forholdsvis stor murt omn med jarngryte. På denne plassen vart det produsert tjære. Det er også tre kvileplassar, Furekvile, Tjærehjella og Svøda (?), og gamal slåttemark med steinrøyser og bakkemurar langsmed vegen. Det er fleire stiar/gamle ferdselsårer i området.

*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Artsrik slåttemark med sjeldne artar (m. a. større mengder kvitkurle - VU på raudlista 2006), arealet vert delvis årlig slått og er i god hevd, potetåker og gamle åkerlappar (m. a. Storåkeren og Litleåkeren), kultureng, noen gran er planta på Espehjelle, stort tal styvingstre (bjørk) i området både oppe på fjellet og ned til sjøen, gamal slåttemark og mykje hassel langs med vegen mot sjøen. Rundt husa er det gamle, velhaldne slåtteenger som dominerer. Frisk fattigeng (G4) er utbreidd, med dominans av gulaks. Engene er uvanleg artsrike, og heilt tilvaksne med naturengplantar som augnetrøst, brudespore (NT på raudlista 2006), gulaks, nattfiol, prestekrage, skogmarihand, smalkjempe, småengkall, storblåfjør og tiriltunge m.fl.
*Artsmangfald:* Nattfiol finst i hundrevis, kan hende tusenvis. Arten er elles generelt uvanleg, og er vesentleg meir sparsam enn grov nattfiol (som ser ut til å vante på Espehjelle) i Møre og Romsdal. Opp mot firesifra tal, slik som her, har vi ikkje høyrt om før. Her er også spreidd litt marinøkkel (NT på raudlista 2006), som etter kvart har vorten sjeldsynt i kulturlandskapet. Størst interesse mellom karplantane har likevel den raudlista kvitkurla (VU), som på Espehjelle (om lag 90 plantar talt) truleg har eit av sitt viktigaste einskildområde i fylket vårt. Også denne har gått sterkt attende i kulturlandskapet i nyare tid. I alt vart det elles funne 23 natureng- eller seterplantar, og det er svært mykje på fattig berggrunn. Mellom soppane er det verd å nemne den sjeldsynte arten lillabrun raudskivesopp *Entoloma porphyrophaeum* (NT=nær truga). Av andre soppartar kan nemnast bronseraudskivesopp *Entoloma formosum*, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* og musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT). Fagerhette (*Mycena adonis*) er og ein uvanleg art. Langsmed stien frå Stranda: m. a. kranskonvall, sanikel, blåknapp, kransmynte, bergmynte, myske, småengkall, kvitkurle (1 eksemplar) (VU) saman med sølvbunke, vendelrot, skogstorkenebb, bleikstorr, gaukesyre, raudflangre, furu, rogn, hassel, einer. Langsmed stien til sjøen: m.a. hassel, kransmynte, nattfiol, lundgrønaks, ramslauk.
*Heilskapleg vurdering:* Espehjelle er eit heilskapelig kulturlandskap frå fjord til fjell. Det er svært mange kulturminne og biologiske verdiar i området. Grunneigaren held vedlike mange viktige kulturhistoriske og biologiske verdiar. Området er lett tilgjengeleg frå Stranda og er eit populært turområde. Espehjelle er (saman med Ansok og Kleberget) den viktigaste einskildlokaliteten i kultur-landskapet i Stranda frå ein biologisk synsvinkel, m. a. på grunn av intakte, svært artsrike slåtteenger. Den biologiske verdien kan karakteriserast som nasjonal.
*Mulege tiltak:* Det viktigaste er at heile eigedomen vert slått kvart år, og at graset ikkje vert liggjande på bøane. Av omsyn til kvitkurla (veks på bøen på nordsida av låven), kan ein godt vente med å slå denne delen til sist i juli eller byrjinga av august. Eit uheldig innslag er ein gammal hekk med sitkagran. Ein må følgje med på evt. frøspreiing om han ikkje kan fjernast. Gras frå slåtten bør helst ikkje leggjast på bakkemurer, tørre knausar osv. Det er ønskjeleg å halde geilen fri frå vegetasjon. Ein bør vurdere om eigedomen kan vere med i ein regional plan for skjøtsel av viktige område i kulturlandskapet i Storfjorden.
*Andre kjelder:* Kjølås (1954), Ansok (1973). Holtan & Grimstad (2004a), Grunneigar Peter og Bodil Korsedal
*Andre forhold:* Om vinteren kunne det gå to dagar å måke seg fram dei 3 kilometra til Øygarden i Stranda.

## Stranda: Geiranger: Hole, ved hytte

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 18.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 11430 |
| Kartblad: | 1319III Tafjord |
| UTM (EUREF 89): | MP 075 861 |
| Høgd over havet: | 290-310 m |
| Undersøkt/kjelder: | 18.06.2002 JBJ (Norderhaug et al. 2004) |

Områdeskildring

*Landskap, tilgjenge:* Lokaliteten ligg nedanfor ei hytte i skogkanten aust for campingplassen på Hole i Geiranger. UTM-koordinaten MP 0746 8612 gjeld sørlegaste hjørnet ved steingjerdet.

*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng. Det er oppsett eit steingjerde rundt deler av enga, m.a. i nedkant.

*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* Steingjerde.

*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Lokaliteten er ei lita slåtteeng med frisk fattigeng og innslag av tørrengartar som gjeldkarve og gulmaure.

*Artsmangfald:* Utvalg av noterte planter (totalt 44 arter): blåklokke, blåknapp, gjeldkarve, gulmaure, harerug, raudknapp, smalkjempe, småengkall.

*Heilskapleg vurdering:* Dette er eit eksempel på ei lita, tradisjonell natureng i det terrasserte og mosaikkpregа kulturlandskapet på Hole.

*Mulege tiltak:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust.

## Stranda: Geiranger: Møll/Grande

Naturbasenummer: -
Areal: -
Sist undersøkt: ?.2002
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 11030
Kartblad: 1219II Geiranger
UTM (EUREF 89): MP 046-053 883-896
Høgd over havet: 0-540 m
Undersøkt/kjelder: ?.2002 Ann Norderhaug (Norderhaug et al. 2004)

Områdeskildring [JBJ merknad: slåtteenger er ikkje særskilt avgrensa og kan derfor ikkje verdisettast sikkert, avstandsobservasjon tyder på attgroing av dei artsrike engene]

*Landskap, tilgjenge:* Området er lett tilgjengeleg. Gardane ligg i den bratte Møllslia der Ørnevegen (nasjonal turistveg) slynger seg nedover, om lag 2 km vest for Geiranger sentrum.

*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Bosettinga i området går langt attende i tid (steinalder eller bronsealder). Gardane Møll og Grande er nemnt frå 1600-talet. Klimaet i den sørvendte lia og godt jordsmonn har gjort dei høgt verdsette m.a. på grunn av årviss og god kornavling. Møll vart i 1780 delt i tre bruk og har framleis ein gammal teigstruktur. Grande som ligg nedst i lia ved fjorden, vart delt i tre bruk i 1650. Dei store utmarksområda gjorde det muleg å halda mange dyr. Setrene (Møllsetra, Grandesetra og Gråsteinsetra) spelte ei viktig rolle i denne sammenhengen. M.a. kom vinterfôret i stor grad derifrå. Husdyrhaldet har vore allsidig, men har variert opp gjennom tidene. Frå ca. 1915-1982 var det ikkje geiter på Møll. Frå 1961 da storfebruket opphøyrde, hadde dei berre sau (spelsau). Sauene vart mjølka fram til 1980. Siden utvikla Møll seg til eit stort geitebruk og samdrift vart satt i gang. Siste brukaren slutta i 1988, men ein forpaktar held geitebeitet i hevd. I 1930-åra vart det planta frukttre i Møllslia og fruktdyrkinga voks fram til 1960-åra. Grande vart rekna som ein av dei beste fruktgardane i fylket. På Grande dreiv ein allsidig husdyrbruk heilt fram til motell og campingturisme overtok.

*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* Klyngetunet på Møll er freda og består av 11 bygningar. I tillegg er heile lia frå strandområda rundt Grande og oppover full av kulturminne av ulike slag og alder (sjå kartvedlegg). Gamlevegen (sti) kan følgjast oppover frå Grande. Han er stadvis kanta av gamle, styva tre (alm, ask) og passerer gjennom tunet på Møll. Vegen vidare opp til Møllseter er fint tilrettelagt med over 1300 steinlagte trappetrinn, men delvis attgrodd. Bygningane på Møllseter vart tekne av snøras i 1986, men setra er likevel godt synleg frå vegen p.g.a. ein imponerande steingard.

*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* I Møllslia finst ei blanding av slåtteenger, beiteområde, frukthage og meir eller mindre attgrodde område (edellauvskog). Engene er både kulturenger og meir artsrike "naturenger". Geitene vert førte i ein geil frå fellesfjøset nedover mot Grandeelva og beiter i stor grad i dei bratte liene på andre sida av elva.

*Artsmangfald:* Dei minst gjødselpåverka engene er artsrike med førekomst av m.a. tiriltunge, raudknapp, blåknapp, gulaks, engkvein, gulaks, blåklokke, ryllik, tviskjeggveronika, vårmarihand, gjeldkarve, kvitmaure, engtjæreblom, kvitkløver, raudkløver, småengkall, knegras, bergmynte, prestekrage. Gullhavre stod tidlegare på den norske raudlista i ei oversikt over innførte karplantearter som har kome hit før middelalderen (DN 1999b), men er ikkje med i 2006-raudlista. Denne arten veks her fleire stader. I Møre og Romsdal er det kjent berre ein intakt lokalitet av gullhavre i tillegg til denne (Sunndal).

*Heilskapleg vurdering:* Frå undersøkingane til Asdøl. m.fl. (1991) heiter det m.a.: "Området har mange ulike verdier og er høyst bevaringsverdig. Området er i første rekke et representativt kulturlandskap på Vestlandet. Det vil derfor fungere som et referanseområde for regionen. Elementene har ikkje bare en stor visuell og estetisk verdi, men også kulturhistoriske og naturfaglige verdier. Samtidig har området beholdt sitt særpreg pga. begrensede tekniske inngrep. Mølltunet er sjeldent og representativt i regional og nasjonal sammenheng. Tunet er kulturhistorisk interessant i Geiranger og er et av de mest intakte klyngetunene som står igjen i sitt opprinnelige miljø i indre Sunnmøre. Summen av de ulike verdiene i landskapet gjør at området har stor pedagogisk verdi." Området høver svært godt for opplevelsesturisme langs gamlevegen og innom klyngetunet.

*Mulege tiltak:* Her vil vi berre vise til eigen skjøtselsplan utarbeidd av Asdøl m.fl. (1991).

*Andre kjelder:* Grunneigarar, Asdøl et al. (1991).

*Andre forhold:* Utviklinga i Møllslia har stor betydning for turismekvalitetane langs Ørnevegen både når det gjeld opplevinga av landskapet ein forflyttar seg gjennom og mulegheitene for utsikt over fjorden.

## Stranda: Habostaddalen: Arneberg

Naturbasenummer: -
Areal: -
Sist undersøkt: 10.06.2002

Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 11560
Kartblad: 1219I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 878 058
Høgd over havet: 400 m
Undersøkt/kjelder: 10.06.2002 BB & LS (Norderhaug et al. 2004)

Områdeskildring [JBJ merknad: slåtteenger er ikkje særskilt avgrensa, verdisetting er vanskeleg]
*Landskap, tilgjenge:* Arneberg er tilgjengeleg på ein bomveg frå Engset. Arneberg ligg i skogen ved inngangen til Habbostaddalen.
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Arneberg vart fråflytta i 1937 men var i drift fram til 1950. (meir informasjon frå grunneigaren)
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* Hus med røykstove, fjøs, løe, stabbur, tørkehus, 2-3 uthus til – alle bygningar er i god eller svært god stand og autentisk bevart. Steinrøyser, steinmura, fleire vegar, grøfter.
*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Utanfor gardsmiljøet beitemark med enkelte søyleeiner. Nedanfor fjøset delvis nitrofil og artsfattig vegetasjon. Artsrike slåtteenger i aust og på øvste kanten.
*Artsmangfald:* Smalkjempe, prestekrage, skogstorkenebb, ryllik, følblom, blåklokke, blåbær, kvitbladtistel, småengkall, gran, raudsvingel, harerug, vassarve, gulaks, engkvein, engfrytle, bekkestjerneblom, raudkløver, blåknapp, svæve, finnskjegg, firkantperikum, augnetrøst, tviskjeggveronika, bjørk, engsyre, myrfiol, gulmaure, sølvbunke, lækjeveronika, hengjeveng, småsyre, solblom (VU) (i øvste kanten vest for husa).
*Heilskapleg vurdering:* Arneberg er eit heilskapelig, godt bevart og verdifullt gardsmiljø. Det er mange verdifulle bygningar, kulturminne og ei artsrik slåtteeng på Arneberg. Solblom førekjem i kanten.
*Mulege tiltak:* Rett skjøtsel er nødvendig for å bevare dei biologiske verdiane.
*Andre kjelder:* Grunneigar Laurits Devold, Ålesund
*Andre forhold:* Gardbrukarane på Engset slår på Arneberg.

## Stranda: Liabygda: Ansok

Naturbasenummer: BN00008313
Areal: 11,48
Sist undersøkt: 26.07.2001
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: I
Undersøkt/kjelder: 05.07.2000 DH & KJG, 05.09.2000 GGa & JBJ, 26.07.2001, SH (Holtan & Grimstad 2004a, Norderhaug et al. 2004)
Områdeskildring
*Landskap, tilgjenge:* Ansok har mark frå fjøre til fjell, garden ligg i ei sørvendt li rett vest for Liabygda. Det området som er biologisk undersøkt er dei gamle beite- og slåtteengene på den vestlegaste av dei to Ansok-gardane (eigar: Perry Jarle Ansok). Vi konsentrerte oss om områda vest for våningshuset ved den gamle frukthagen, på nordsida av vegstubben mot Kleberget og nokre kantsoner. Plassen er tilgjengeleg etter ein bilveg frå Ringset. Ansok er del av eit større område som er prega av tradisjonell bruk i eit landskap med vanskeleg topografi og gunstig lokalklima.
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Ansok er nemnt første gong i 1603, men er truleg mykje eldre, det er og gjort oldtidsfunn. I 665 vart det dyrka korn, og det var 18 kyr og 2 ungfe. I 1723 var det 10 kyr, 4 ungfe, 11 sauer, 14 geiter og 1 hest. I 1865 var det omlag 8 storfe, 30 småfe og 1 hest. Det var vidare 7,5 mål åker, 5,5 mål eng og 65 mål innmark i alt. Det vart dyrka bygg, havre og poteter og hausta 12-14 lass høy og 600-800 lauvkjerv. Ansok dreiv Hammaren etter at det vart øydebruk kring 1750. I tillegg til jordbruket har det vore dyrka noko frukt, særleg morellar. Enga ved frukthagen er i attgroing, elles vert det framleis slått på heile garden. Nokre sauer går framleis på beite, i alle fall om hausten. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Det er laga miljøplan/skjøtselsplan for Ansok (Norderhaug et al. 2004).
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* 2 drftsbygningar, 2 bustadhus, alle i god tilstand, bakkemurar, frukttre, høyhesjer, steinrøyser, løypestreng. I 1902 vart det bygd gardsveg, som vart vidare utbetra på 1950-talet. Bruk nr. 1 bygde nytt stovehus i 1909 og ny løe i 1916. B. nr. 2 bygde stovehus 1875 og fjøs i 1928. Til garden høyrer Ansoksetra.
*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* På Ansok-garden er eit forholdsvis stort areal med tradisjonelle slåtteenger i drift. Desse er i god hevd og har lang kontinuitet i den tradisjonelle bruken. Ved den tradisjonelle bruksforma med m.a. sein slått, lite gjødsling og vår- og høstbeiting har det vorte skapt ein karakteristisk og artsrik slåtteengvegetasjon. Ansok er rik på strukturar, m.a. frukttre, lauvtre, bakkemurar, steinrøyser og gamle styvingstre i utmarka, og det finst mange småbiotopar, m.a. kantvegetasjon og tørre knausar. I tillegg til dei tradisjonelle slåtteengene er desse viktige for det biologiske mangfaldet. Vegetasjonen er noko tørrengprega (overgangar mellom frisk fattigeng og tørreng (G4-G7), men øvst er det også innslag av fuktsig, m.a. med kystplantar som heiblåfjør og heistorr.

*Artsmangfald:* Det vart funne i alt 97 karplantar, av desse 25 naturengplantar. Dette er eit uvanleg høgt tal. Interessante artar var marinøkkel (meir enn 50 plantar talt, truleg finst langt fleire) (NT på raudlista 2006), som har gått sterkt attende i låglandet i seinare tid (Lid & Lid 1994), noko brudespore (NT på raudlista 2006), grov nattfiol og vill-lin. Dominerande mellom naturengplantane er slike som kjertlaugnetrøst, kvitmaure, smalkjempe, småengkall og storblåfjør i tillegg til kulturengengplantane engsyre, firkantperikum, kvitkløver og raudkløver m.fl. Av soppane får ein merke seg funn av mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides*; (NT), gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) og limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* (ikkje lenger raudlista).
*Heilskapleg vurdering:* Artsrikdomen, strukturen i landskapet og måten området vert hevda på i dag, gjer at det må reknast som svært viktig. Ansok er del av eit heilskapleg og svært verdifullt kulturlandskap med Ansok, Klevberg, Grova, Ansoksetra, Hammaren og Klevbergsetra (der også Grova setra). Ansok og dei andre plassene/bruka har for det meste kontinuitet i drift og er i god hevd. Den tradisjonelle drifta på Ansok, Klevberg og tilhøyrande stader har sterk forankring i familietradisjonen. Bruka på Ansok er framleis i drift med salg av høy og sauehald. Driftsbygningane er i bruk og i god stand. Vedlikehald av bruka og skjøtsel av landskapet er nødvendig for bevaring av verdiane. Kulturlandskapet er rikt på kulturminne. Området er godt synleg frå Sunnylvsfjorden og Norddalsfjorden. Aktiv drift med bl.a. bruk av høyhesjer på Ansok har betydning for turistverksemda på fjorden. Vegen til Ansok gjer området lett tilgjengeleg. Dei velhaldne plassane, utsikta og stinettet gjer området attraktivt for friluftsliv. Dei mange blomsterrike slåtteengane med stort biologisk mangfold er ein svært viktig kvalitet i området.
*Mulege tiltak:* Dei største biologiske verdiane er i delområde som nå er prega av attgroing, m.a. i den gamle frukthagen. Her må slåtten snarast takast opp att dersom verdiane ikkje skal reduserast eller gå tapt. Det er viktig at kontinuiteten i slått og beiting blir bevart. Det bør vurderast om eigedomen kan vere med i ein regional skjøtselsplan for viktige område i kulturlandskapet i Storfjorden.
*Andre kjelder:* Kjølås (1954), Holtan & Grimstad (2004a)
*Andre forhold:* Husa brann jonsoknatta 1830. I Storfjordprosjektet er det utarbeidd eit eksempel på skjøtselsplan for Ansok.

## Stranda: Liabygda: Hammaren

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 26.07.2001 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 11150 |
| Kartblad: | 1119I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 964 109 |
| Høgd over havet: | 430 m |
| Undersøkt/kjelder: | 26.07.2001 SH (Norderhaug et al. 2004) |

Områdeskildring [JBJ merknad: slåtteenger er ikkje særskilt avgrensa]
*Landskap, tilgjenge:* Den gamle plassen Hammaren ligg på ei hylle 430 m over Storfjorden/Norddalsfjorden. Plassen er tilgjengeleg til fots etter ein sti frå Ansok/Klevberg.
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Hammaren var busett frå 1665 til ut på 1700-talet (ca. 1750 ifølgje Kjølås 1954). Årsaka til fråflyttinga skulle vera for lite brensel i området pga. sterkt beite med geit. Fønad i 1665 var 5 storfe og 1 hest, i 1723 3 kyr, 2 ungfe, 5 sauer, 5 geiter og 1 hest. Hammeren har etter 1750 vore i bruk som utslått og beite til Ansok-gardane. Under krigen var det 20 mål åkerbruk på Hammaren (Sakarias Ansok) og det vart hausta havre, bygg, kveite (200 kg korn per år). I tillegg vart det hausta 40 lass med høy. I dag finst det tett skog rundt plassen. Eigaren, dottera til Sakarias Ansok og mannen hennar held plassen vedlike og slår større deler av innmarka. Brukaren fortel at skogen rundt hammeren var meir open tidlegare. Steingardar og steinrøyser i skogen viser at omådet er gammal kulturmark.
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* To bygningar og vatningsveiter er i god stand. Det er nettinggjerde rundt Hammaren og det finst steinrøyser. Det finst ein kvilestein på stien opp til Hammaren.
*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Vegetasjonen på Hammaren er prega av den kontinuerlege bruken med slått. Slåtteengvegetasjonen er dominert av gras og urter som lækjeveronika, augnetrøst, storblåfjør og harerug (frisk fattigeng, G4). Deler av innmarka blir slått årleg, deler med større mellomrom. Deler som ikkje vert slått årleg har større andel sølvbunke og mindre andel naturengplanter (G3, sølvbunkeeng). Hammaren er i god hevd trass i at han berre er tilgjengeleg etter ein sti. Det vart observert gamle styva bjørketre langs stien opp til Hammaren.
*Artsmangfald:* Ufullstendig artsliste. Noterte artar: engfrytle, firkantperikum, lækjeveronika, kornstorr, augnetrøst-art, blåkoll, storblåfjør, svæve-art, harerug, (svært ufullstendig)
*Heilskapleg vurdering:* Hammaren er ein del av eit heilskapleg og svært verdifullt kulturlandskap med Ansok, Klevberg, Grova, Ansoksetra og Klevbergsetra (der også Grova setra). Hammaren og dei andre plassene/bruka har for det meste kontinuitet i drift og er i god hevd. Kulturlandskapet i området er rikt på kulturminne med stor innverknad på landskapsbiletet. Området er godt synleg frå Sunnylvsfjorden og Norddalsfjorden. Vegen til Ansok gjer området

lett tilgjengeleg. Dei velhaldne plassane, utsikta og stinettet gjer området attraktivt for friluftsliv. Dei mange blomsterrike slåtteengane med stort biologisk mangfold er ein svært viktig kvalitet i området.
*Mulege tiltak:* Å bidra til bevaring av det heilskaplege kulturlandskapet.
*Andre kjelder:* Kjølås (1954)
*Andre forhold:* Til dette omfattende kulturlandskapet høyrer det sannsynlegvis også fleire utslåttar som ikkje har vore undersøkt. Området er ein populær utfartsstad.

## Stranda: Liabygda: Kleberget

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00008312 |
| Areal: | 21,80 |
| Sist undersøkt: | 05.09.2000 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Undersøkt/kjelder: | 05.07.2000 DH & KJG, 05.09.2000 GGa & JBJ, 26.07.2001, SH (Holtan & Grimstad 2004a, Norderhaug et al. 2004) |

Områdeskildring
*Landskap, tilgjenge:* Klevberget er ein liten hyllegard vest for Liabygda og Ansok. Garden ligg i ei li 330 m over Storfjorden. Plassen er tilgjengeleg etter ein veg frå Ringset forbi Ansok. Klevberg er del av et større område som er prega av tradisjonell bruk i eit landskap med vanskeleg topografi og gunstig lokalklima.
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Kleivberg vart første gong nemnt i skriftlege kjelder 1603. I 1665 var fønaden 7 naut og 1 hest, i 1723 1 hest, 5-3 kyr, 2 ungfe, 4 sauer og 5 geiter, i 1865 5 kyr, 16 geiter, 10-12 sauer og 1 hest. Avlinga var m.a. 30 lass høy og 600 lauvkjerv. Grunneigaren, som dreiv med sau i meir enn 30 år, kan fortelje at her aldri har vore gjødsla med kunstgjødsel (så nær som ein småteig), og det synest på plantelivet.
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* 3 bygninger i god tilstand, bakkemurar, frukttre, steinrøyser, løypestreng
*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Også på Klevberg er dei tradisjonelle slåtteengene i god hevd og har lang kontinuitet i den tradisjonelle bruken. Ved den tradisjonelle bruksforma med m.a. sein slått, lite gjødsling og vår- og haustbeiting har det vorte skapt ein karakteristisk og artsrik slåtteengvegetasjon. Her er store gulaks- og finnskjeggenger (G4, G5) med dominante artar som aurikkelsvæve, finnskjegg, smalkjempe og småengkall med kvitbladtistel i fuktige parti (G12). Også Klevberg er rik på strukturar og småbiotopar som kantvegetasjon og tørre knauser. I tillegg til dei tradisjonelle slåtteengene i god hevd er desse viktige for det biologiske mangfaldet. Det vart observert gamle styvingstre (bjørk) i utmarka.
*Artsmangfald:* Sjølv om vi kartla området i innspurten på slåtten, fann vi likevel 79 karplantar, av dei 22 natureng- eller seterplantar (dette er eit høgt tal). Det vart m.a. talt opp om lag 100 marinøklar på nedsida av våningshuset (her var ikkje slått enda). Elles er her ein god del brudespore (NT på raudlista 2006), noko grov nattfiol og prestekrage, sporadisk også sølvmure, som her er på eller nær yttergrensa si på Sunnmøre. Av 19 beitemarkssoppar var åtte vokssoppar, mellom dei gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) og limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*. Også den sjeldsynte mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT) og bronseraudskivesopp *Entoloma formosum* var mellom dei noterte artane. Ein skal ikkje sjå bort frå at sopplista kan utvidast mykje i ein betre sesong enn i 2000.
*Heilskapleg vurdering:* Ut frå heilskapen i området, der ein framleis slær, og ut frå artsrikdomen med fleire sjeldsynte artar og raudlisteartar, valte vi å setje den biologiske verdien til A, svært viktig. Klevberg er ein del av eit heilskapleg og svært verdifullt kulturlandskap med Ansok, Klevberg, Grova, Ansoksetra, Hammaren og Klevbergsetra (der også Grova setra). Klevberg og dei andre plassene/bruka har for det meste kontinuitet i drift og er i god hevd. Området er godt synleg frå Sunnylvsfjorden og Norddalsfjorden. Vegen til Ansok gjer området lett tilgjengeleg. Dei velhaldne plassane, utsikta og stinettet gjer området attraktivt for friluftsliv. Dei mange blomsterrike slåtteengane med stort biologisk mangfold er ein svært viktig kvalitet i området.
*Mulege tiltak:* Det bør drøftast om eigedomen kan gå inn i ein regional skjøtselsplan for å take vare på dei biologiske verdiane i dei viktigaste områda i denne naturtypen i Storfjordområdet.
*Andre kjelder:* Kjølås (1954), Holtan & Grimstad (2004a)
*Andre forhold:* Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

## Stranda: Stranda: Hjellane, Bjorli, gnr. 23/1

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 27.06.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 11360 |
| Kartblad: | 1219I Stranda |

UTM (EUREF 89): LQ 933 097
Høgd over havet: 140 m
Undersøkt/kjelder: 27.06.2002 BB & LS (Norderhaug et al. 2004)

Områdeskildring [JBJ merknad: slåtteenger er ikkje særskilt avgrensa]
*Landskap, tilgjenge:* Lett tilgjengeleg langs vegen mot Uksag/Sandvika frå Stranda sentrum
*Brukshistorie og aktivitet i dag:* Frå gamalt av høyrde bruket til Hjellebruket. Hadde opptil 10 sauer til og med 2001. Hadde 1-2 kyr fram til 1960-åra. Har ikkje bruka kunstgjødsel dei siste 20-30 åra. Slår framleis innmarka.
*Anlegg, bygningar, kulturminne og tilstanden deira:* Gamle rydningsrøyser finst spreidd i heile innmarka. Eit felt med oppstamma einer som er tenkt bruka til gjerdestolpar representerer eit verdifullt innslag i landskapet.
*Kulturmarkstypar, vegetasjonstypar, attgroingsstatus:* Ugjødsla, forholdsvis artsrik slåttemark.
Omtalen er her tatt direkte ut fra Tingvoll kommune sin database Natur2000.
Lokalitetskrivelse innlagt av GGa den 15.03.2002:
Omtalen er ut frå eige besøk 13.10.2001. Lokaliteten utgjer berre nokre ti-talls $m^2$ og er nordre del av plenen på plassen. Her er det tydeligvis mager eng med ein del naturengplantar. I tillegg veks det fleire beitemarkssopp, m.a. den sårbare fiolett greinkøllesopp og ett par jordtunger.
Det er ikkje kjent klare trugsmål mot lokaliteten, men det er viktig at den fortsatt vert skjøtta med plenklipp eller slått og at graset vert fjerna. Enga bør ikkje gjødslast.
Bakgrunn for prioritering: Lokaliteten er en liten plenflekk som er vekseplass for flere beitemarkssopp, bl.a. ein truga art. Den får difor VERDI B som viktig."

## *Tingvoll: Sørgarden*

Naturbasenummer: -
Areal: -
Sist undersøkt: 21.09.2003
Verdi: Viktig (B)
Tilstand: I
UTM: MQ 593 773
Undersøkt dato: Et par besøk i 1997-1998, samt flere i perioden 2002-2003, sist 21.09.2003, alle av Geir Gaarder (Gaarder 2007)

Områdebeskrivelse
Omtalen er her tatt direkte ut fra Tingvoll kommune sin database Natur2000.
Områdebeskrivelse innlagt av GH den 14.03.2000:
Lokaliteten ligg nokre få hundre meter søraust for Tingvoll-lia (lokalitet nr. 26), ved Sørgarden. Beskrivelsen er henta frå Jordal & Gaarder (1998a). Området består i små naturengrestar på og rundt gardstunet. Det er truleg at dei har vore utan hevd ein periode, men slåtten er no teke opp att, samstundes som det ikkje vert tilført gjødsel. Det er ikkje teke planteliste på lokaliteten.
Artane i lista for spesielle artar er såkalla beitemarksopp, som er grasmarksoppar knytta til gamle beite- og slåttemarker med låg jordbearbeidingsgrad, langvarig hevd og låg gjødslingsintensitet, jfr. Jordal (1997). Det er funne 13 artar av beitemarkssopp på lokaliteten, og dei mest interessante er lillagrå raudskivesopp (NT) og *Entoloma exile* (Jordal & Gaarder 1998a) og (Gaarder, pers. medd.).
Lokaliteten er undersøkt 2 gonger (1998/ -99), jfr. Jordal & Gaarder (1998a) og Gaarder (pers. medd.).
Supplerande informasjon innlagt av GGa den 13.01.2007: Lokaliteten vart noko betre undersøkt 2002-2003 av GGa, og ein del nye og interessante funn vart gjort (det er no funne i alt 18 artar beitemarkssopp her), m.a. av raudlisteartar som *Entoloma sacchariolens* (VU) og marinøkkel (NT på raudlista 2006), samt eit par eksemplar av stortviblad. Sidan har det vori lite undersøkingar og hevden er nok usikker (det er mogeleg nokre delar har vorti øydelagd av hardt beite og andre delar gror att, men dette må sjekkast nærare). Verdien er satt opp frå tidlegare lokalt viktig (C), til viktig (B), sidan fleire raudlisteartar er kjent herifrå. Ein kunne kanskje ha satt verdien endå høgare, men noko usikker og dels dårleg hevd i nyare tid gjer dette tvilsamt.
Noverande hevd bør halda fram (Jordal & Gaarder 1998b).
Avgrensing: Avgrensinga fylgjer Gaarder (pers.medd.), og er særs god.

## *Tingvoll: Tingvoll gard*

Naturbasenummer: BN00016751
Areal: 7,20
Sist undersøkt: 21.09.2005
Verdi: Svært viktig (A)
Tilstand: Ip
UTM: MQ 587 765
Undersøkt dato: Jevnlige besøk fra midten av 1990-tallet og fram til 2006 av Geir Gaarder, bl.a. 24.09.2003 og 23.09.2005 (Gaarder 2007)

Områdebeskrivelse

Omtalen er her tatt direkte ut fra Tingvoll kommune sin database Natur2000. Områdebeskrivelse innlagt av GH den 14.03.2000: Lokaliteten ligg i tilknytning til Tingvoll Gard, som driv økologisk, og Norsk Senter for Økologisk landbruk (NORSØK). Beskrivelsen nedanfor er henta frå Jordal & Gaarder (1998a):
I parken og rundt eit par av bolighusa er det innslag av gammal plen som truleg er tidlegare slåtte- eller beitemark. I øvre og vestre delar av parken, og rundt hus nr. 2 og 4 frå vest førekjem det ein del naturengplanter, sjå def. under. Spesielt i kantsoner rundt hus 2 er det gjort påfallande mange funn av beitemarksopp, men ein del av dei same artane er òg funne i nordvestre delar av parken og nedanfor hus 4.
Delar av området vert slått med plenklippar nokre gongar i løpet av vekstsesongen, og delar av parken og plenområda vert òg beita av husdyr (sau og hest) i kortare periodar. Lokaliteten er eit eksempel på at artsinventaret i parkar kan likne mykje på tradisjonelt kulturlandskap. Det er brukshistoria som avgjer artsutvalet, og her er kutting av graset, jordbearbeiding og lite gjødsling viktigast. (Jordal & Gaarder 1998a)
Artane i lista for karplanter er såkalla naturengplanter, som er engplanter med relativt låg toleranse for attgroing og gjødsling, jfr. Jordal & Gaarder (1995a). Det er ikkje teke planteliste for lokaliteten, men nokre få artar står i artslista (Jordal & Gaarder 1998a). Artane i lista for spesielle artar er såkalla beitemarksopp, som er grasmarksoppar knytta til gamle beite- og slåttemarker med låg jordbearbeidingsgrad, langvarig hevd og låg gjødslingsintensitet, jfr. Jordal (1997). Det er funne 22 artar av beitemarksopp på lokaliteten, og dei mest interessante er vranglodnetunge (VU), vridd køllesopp (NT), raudnande lutvokssopp (NT) og limvokssopp (Jordal & Gaarder 1998a).
Lokaliteten er undersøkt fleire gonger; i 1998 (5 besøk) og 1999, jfr. Jordal & Gaarder (1998a) og Gaarder (pers. medd.).
Supplerande informasjon innlagt av GGa den 13.01.2007: Lokaliteten har også vore undersøkt av og til på hausten fram til 2006 (med seinaste supplement av noko omfang 21.09.2005). Det har vorti gjort nokre nye funn av beitemarkssopp (talet har no kome opp i 27 artar, der 4 har status NT og 2 status VU). Hevden har stort sett vore god dei siste åra, men små engparti har gått tapt som følge av nokre inngrep (flytting av veg t.d.). Ei avgrensa plantelista vart teke 09.06.1999, og omfattar artar som tepperot, tiriltunge, gulaks, engfiol, jonsokkoll. grov nattfiol, engfrytle, bråstestorr, smalkjempe, aurikkelsveve, harerug, lækjeveronika, finnskjegg, blåklokke, prestekrage og hårsvæve.
Ein ytterlegare overgang til tradisjonell hevd med beite og slått vil sannsynlegvis vera berre positivt, og vidare er førekomstane av dei trua beitemarksoppane særs sårbare for tilfeldige inngrep, då dei stort sett i veks i kantsoner mellom vegar, bær- og grønsakshagar (Jordal & Gaarder 1998a).
Bakgrunn for prioritering: Slåtteeng er ein sjeldan naturtype, og sjølv om hevden her er berekna på parklandskap kan ein likevel seie at lokaliteten er i fortsatt hevd med både slått og beiting. Det er vidare funne fleire raudlisteartar av beitemarksopp. Lokaliteten får VERDI B som viktig.
Ny verdivurdering 16.01.2007 av GGa: Eit relativt stort tal beitemarkssopp, inkludert to sårbare artar (vranglodnetunge og *Hygrocybe subpapillata*), samt ein ganske god hevd som slåtteenger (og plen) gjer at det verkar absolutt mest riktig å høyne verdien til svært viktig - A.
Avgrensing: Avgrensinga fylgjer Gaarder (pers.medd.), og er særs god."

## *Tingvoll: Tingvoll-lia*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00016731 |
| Areal: | 19,07 (avgrensing bør revurderast, lokaliteten bør delast i to) |
| Sist undersøkt: | 00.09.2006 |
| Verdi: | Svært viktig (A) |
| Tilstand: | I |
| UTM: | MQ 588 776 |
| Naturtype: | Slåtteeng (30%) og Naturbeitemark (70%) |
| Undersøkt dato: | Mange besøk i perioden 1992-2006 (det første året av John Bjarne Jordal, siden hovedsaklig av Geir Gaarder) (Gaarder 2007) |

Områdebeskrivelse
Omtalen er her tatt direkte ut fra Tingvoll kommune sin database Natur2000. I tillegg er den omtalt av Austad (1988), Jordal (1997), Jordal & Gaarder (1995a, 1995a, 1998a) og Jordal & Sivertsen (1992) og opplysninger fra lokaliteten forekommer også i flere andre kilder, som Jordal (1997), Jordal & Gaarder (1998b), samt i form av herbariebelegg ved ulike museer. Førstnevnte kilde har forslag til skjøtselsplan for området, mens de øvrige konsenterer seg om de naturfaglige kvalitetene tilknyttet beitemark og slåtteenger.
" Områdebeskrivelse innlagt av Gudrun Hagen den 11.10.99: Lokaliteten ligg ved Tingvoll Bygdemuseum i Tingvollvågen, og består i både slåtteeng og beitemark, der slåtteenga er den mest interessante. Beitebakken har kalkfattig tørreng og fukteng, noko gamal einer, spredte tre (bjørk, gran) og mykje sølvbunke i øvre del (Jordal & Sivertsen 1992). Beitet vert beita av sau frå Tingvoll Gard, som driv økologisk. Det er grunn til å sjå lokaliteten i samband med økomuseum-aktivitetane i Tingvoll-lia, med fjerning av skog og forsøk på gjenskaping av det gamle halvopne beite- og slåttelandskapet i området (Jordal & Gaarder 1995a) og (Austad 1988). Nedre delar er kupert og mest artsrikt, medan øvre delar er artsfattig og sannsynleg tidlegare åker (Jordal & Gaarder 1995a).

På vestre del av museumstomta ligg det ei artsrik slåtteeng som er prega av naturengplanter, m.a. veks den kravfulle orkidéen stortveblad sparsomt i enga (Gaarder, pers. medd.). I tillegg er ein del beitemarkssopp funne her òg, m.a. enkelte raudlistearter, som raudlistearten skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT, funne i 1999) (Gaarder, pers. medd.). Artane i lista for karplanter er såkalla naturengplanter (med unntak av stortveblad), som er engplanter med relativt låg toleranse for attgroing og gjødsling, jfr. Jordal & Gaarder (1995a). Det er i alt registrert 20 artar av naturengplanter på lokaliteten. Artane i lista for spesielle artar er såkalla beitemarksopp, som er grasmarksoppar knytta til gamle beite- og slåttemarker med låg jordbearbeidingsgrad, langvarig hevd og låg gjødslingsintensitet, jfr. Jordal (1997). I alt er det funne 34 artar av beitemarksopp, der dei mest interessante er *Clavulinopsis cineroides*, raudnande lutvokssopp, i tillegg er det funne fleire artar som er nær truga (NT) (Jordal & Gaarder 1995a, Jordal & Gaarder 1998a, Soppdatabasen, utskrift 08.02.00, og Gaarder pers. medd.). Andre artar (av sopp og planter) enn dei som er spesielt knytta til naturtypen er ikkje teke med i artslistene, men står oppført i henhaldsvis henvist litteratur og kryssliste hjå Gaarder (pers. medd.). Lokaliteten er undersøkt fleire gonger; 1992, 1993, 1994, 1996, 1998 (4 besøk) og 1999, samt i 2000 og 2001 (GGa pr. 15.02.2002).
Supplerande informasjon innlagt av GGa den 13.01.2007: Det har også vori spreidde undersøkingar dei siste åra, utan at det er gjort dei heilt store, nye funna, men mange av tidlegare registrerte artar er sett. I alt 44 artar beitemarkssopp er no kjent, og av desse har 15 raudlistestatus som NT. Det er grunn til å trekke fram at det på beitemarka i aust også veks einskilde litt uvanlege karplanter som breiull og kystmyrklegg. Lokaliteten burde ha vori skilt i to, med beitemarka på oversida og austsida av tunet som ein lokalitet (naturbeitemark med verdi B eller A) og delar av tunet og enga på vestsida av tunet som ein annan (slåtteeng av verdi A), men dette vert ikkje gjort her. Hevden av slåtteengene har vori tradisjonell og god dei siste åra. Også beitetrykket har vori til dels bra på beitemarka, men det er uheldig at ein del treoppslag ikkje vert fjerna frå dei austlegaste delane.
Dagens bruk bør halda fram i form av slått, og beiting av beitemarka (Jordal & Gaarder 1998).
Bakgrunn for prioritering: Lokaliteten er i fortsatt hevd, med både slått og beiting, og er rik på beitemarksopp, m.a. ein del raudlisteartar. Slåttemarka utgjer kanskje den mest verdifulle delen av denne lokaliteten. På grunnlag av den store mengda beiteindikatorar, med fleire raudlista artar, og det at lokaliteten representerer både slåtteeng og beitemark i hevd, får lokaliteten VERDI A svært viktig/ nasjonalt verdifull.
Avgrensing: Avgrensinga fylgjer Gaarder (pers. medd.), og er meget god."

## *Tingvoll: Vågbø: Brevikstranda*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | - |
| Areal: | - |
| Sist undersøkt: | 22.10.2006 |
| Verdi: | Viktig (B) |
| Tilstand: | Ip |
| UTM: | MQ 644 766 |
| Undersøkt dato: | 22.10.2006 av Geir Gaarder (Gaarder 2007) |

Områdebeskrivelse
Lokaliteten omfatter det meste av badestranda på Breivikstranda. Deler av den er opparbeidet som badeplass i nyere tid, trolig dels oppfylt med løsmasser og med noe forbygning mot sjøen. Det virker likevel sannsynlig at partier særlig inn mot bygdevegen består av noe eldre eng. Naturtype er derfor noe diskutabel, og f.eks. "erstatningsbiotop" kunne kanskje også vært brukt. Uansett skjøttes den nå som plen og brukes en god del til friluftsformål om sommeren. Plantelivet er artsfattig og det er ikke påvist spesielle naturengplanter her. Derimot ble det noe overraskende funnet en del beitemarkssopp ved besøket, i alt 12 arter. Nær innkjørselen omfattet dette også svært uventet enkelte sjeldne til meget sjeldne og antatt kravfulle arter, d.v.s. dynetunge *Geoglossum cookeanum* (NT) og *Clavaria greletii* (VU). For sistnevnte art er dette eneste kjente lokalitet i fylket, og en av få på landsbasis. Trolig er arten betinget av det lave og usammenhengende vegetasjonsdekket, muligens med et visst kalkinnslag i grunnen (skjellsandpåvirkning?). Også på andre deler av plenen vokser en del naturengplanter, men mest lite kravfulle arter.
*Verdi:* Lokaliteten får en klar verdi som viktig (B), siden et par rødlistearter er påvist, inkludert en sårbar art. Muligens burde verdien vært satt enda høyere, men dette avventes inntil videre, bl.a. fordi de økologiske kravene til den høyest rødlistede arten er litt uklare, og fordi brukshistorien er dårlig kjent.
*Skjøtsel og hensyn*: Det er viktig at plenen ikke blir gjødslet, men at den fortsatt hevdes godt med plenklipp, og at det generelt tilstrebes et meget lavt feltsjikt. Tråkk er trolig en klar fordel for flere av de interessante artene, og selv moderat kjøring med tunge kjøretøy i tørre perioder (det er derimot viktig at kjøreskader ikke oppstår!) kan være svakt positivt.

## *Vanylven: Åheim: Ekremseter*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00012949 |
| Areal: | 19,38 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 20.09.2006 |
| Verdi: | B |

Verdi revurdert: B
Tilstand: G
UTM (ED50): LP 24 85
Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Høgde (m.o.h.): 280 - 300
Besøkt i felt: 03.06.2002 MV, 24.07.2002 MV, KJG (Vidnes 2003), 20.09.2006 JBJ

*Områdeskildring*: Lokaliteten ligg på olivingrunn på det nordlegaste bruket på Ekremseter, og er ei lite gjødsla slåtteeng med mange naturengplantar, m. a. mykje småengkall og i tillegg marinøkkel (NT på raudlista 2006), storblåfjør, harerug, tiriltunge, gulaks, jonsokkoll, gjerdevikke, følblom, kystmaure, kystgrisøyre, jordnøtt og smalkjempe. Det vart funne beitemarkssopp/vokssopp (ubestemte) på delar av enga, og det er truleg bakkar og kantområde som ikkje har vore gjødsla i særleg grad. Innlagt av J.B. Jordal 19.03.2007: det såg ikkje ut til å vera noko bruk av området i 2006, og området er i full attgroing.
*Spesielle artar*: Den gode naturengindikatoren marinøkkel (NT på raudlista 2006). Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: andre artar var knegras, heisiv, blåkoll, heistorr, skogmarihand og loppestorr. Det vart berre funne eit par vanlege beitemarkssoppar.
*Avgrensing og prioritering*: Lokaliteten er naturleg avgrensa av elva mot nord og av gjerde mot utmarka ovanfor og nedanfor. Grensa sørover er drege etter skjøn. Lokaliteten kunne førast som naturtypen ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet, som av DN er kategorisert som livskraftig til noko truga (LC-VU), men lokaliteten er i staden ført som slåtteeng, der slåtteenger på olivingrunn er ei sjeldan utforming. Lokaliteten er relativt stor, lite gjødsla og har lang og god hevd. Lokaliteten var artsrik, og det vart funne eit godt innslag av naturengplantar. Desse momenta gjer at verdien av lokaliteten vert vurdert som viktig (B), men det kan verte aktuelt å endre verdien etter nærare undersøkingar.
*Truslar/konflikt og forvaltning*: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrt hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarkssopp.
Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad, Landbrukskontoret i Vanylven

## Vanylven: Åheim: Gusdal nedre

Naturbasenummer: BN00012913
Areal: 1,8
Sist undersøkt: 20.09.2006
Verdi: C
Verdi revurdert: C
Tilstand: D
UTM (EUREF89): LP 209 809
Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Høgde (m.o.h.): 50-60
Besøkt i felt: 01.07.2001 GGa (A/S Olivin 2002, Vidnes 2003)

*Områdeskildring:* Lokaliteten ligg på Gusdal, og består av små slåtteenger i bakkane ovanfor vegen til Almklovdalen. Desse slåtteengene er i dag i ferd med å gro igjen, men det er framleis eit godt innslag av ulike naturengplantar, m.a. den regionalt uvanlege arten dunhavre (regional raudlisteart). Engsamfunna her har tørrengpreg, truleg dels som følgje av sandflukt frå dagbrotet.
*Spesielle artar:* Dunhavre står oppført i lista over regionalt sjeldne planteartar (Gaarder og Jordal 2003).
*Avgrensing og prioritering:* Lokaliteten kunne også ha vore ført under naturtypen vegkantar, men er i dette arbeidet ført under naturtypen slåtteeng. Lokaliteten er ikkje skjøtta og i gjengroing, men er vurdert til å ha restaurerinspotensial. Verdien vert vurdert som lokalt viktig (C).
*Truslar/konflikt og forvaltning:* Lokaliteten er ikkje skjøtta og i gjengroing, men er vurdert til å ha restaureringspotensiale. Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel, med sein slått og lite gjødsling.

## Vanylven: Åheim: Gusdal Øvre

Naturbasenummer: BN00012912
Areal: 3,40
Sist undersøkt: 20.09.2006 JBJ
Verdi: B
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
UTM (EUREF89): LP 211 809
Kartblad M711: 1119 III Vanylven

Areal: 3,3 daa
Høgde (m.o.h.): 60-65
Besøkt i felt: 01.07.2001 GGa (A/S Olivin 2002, Vidnes 2003), 20.09.2006 JBJ

*Områdeskildring*: Lokaliteten ligg på Gusdal, og består av små slåtteenger i bakkane ovanfor vegen til Almklovdalen. Desse slåtteengene er i dag i tidleg gjengroingsfase, men er til dels ganske artsrike med eit godt innslag av ulike naturengplantar, m.a. den gode naturengindikatoren marinøkkel (NT på raudlista 2006), og i tillegg mykje av den regionalt uvanlege arten dunhavre (regional raudlisteart). Engsamfunna her har tørrengpreg, truleg dels som følgje av sandflukt frå dagbrotet. Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002). Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Bakkane vart slått årleg fram til ca. 1996 og dessutan beita av kyr av dei tidlegare brukarane. Seinare har det vore slått fleire gonger av andre, men vart i 2006 ikkje slått, berre litt beita av sau. Bakkane har vore litt gjødsla med kunstgjødsel (kjelde: Arne og Klara Gusdal). Vegetasjonen er delvis dunhavreeng (G7b), ein truga vegetasjonstype som er uvanleg på kysten.
*Spesielle artar*: Marinøkkel (NT på raudlista 2006) og dunhavre (regionalt sjelden planteart, Gaarder og Jordal 2003). Innlagt av J.B. Jordal 19.03.2007: Det vart 20.09.2006 funne 12 artar av beitemarkssopp, m.a. raudlisteartane rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* og raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (begge NT), som begge trivst best på kalkrik grunn. Av andre beitemarkssopp kan nemnast spiss vokssopp og *Entoloma caesiocinctum*. Det vart vidare notert blåknapp, liljekonvall, engfiol, knegras, smalkjempe, tiriltunge, storblåfjør, blåklokke, kystgrisøyre, kornstorr og enghumleblom.
Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten følgjer A/S Olivin (2002). Det er naturengartar på fleire enger rundt Gusdal, men den avgrensa lokaliteten vart av G. Gaarder (A/S Olivin 2002) vurdert som den mest artsrike og interessante. Lokaliteten er lite skjøtta og i tidleg gjengroing, men slåtteengpreget er framleis tydeleg. Lokaliteten har vidare eit så godt innslag av naturengplantar at verdien vert vurdert som viktig (B). Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Tilstanden (tilnærma intakt), vegetasjonen (truga naturtype) og utvalet av kravfulle artar, m.a. tre raudlisteartar, tilseier at lokaliteten kan få verdi A. Men da må slåtten takast opp att, elles vil verdiane gradvis gå tapt.
*Truslar/konflikt og forvaltning*: Lokaliteten vert for svakt skjøtta og er byrjande attgroing. Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel, med sein slått og lite gjødsling.
Skriftlege kjelder: A/S Olivin 2002

## *Vanylven: Åheim: Halse*

Naturbasenummer: BN00012906
Areal: 0,3
Sist undersøkt: 20.09.2006
Verdi: C
Verdi revurdert: B
Tilstand: I
UTM (EUREF89): LP 205 795
Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Høgde (m.o.h.): 150-155
Besøkt i felt: 25.05.02 MV (Vidnes 2003), 20.09.2006 JBJ

*Områdeskildring:* Lokaliteten ligg ovanfor vegen ved Halse, mellom hovudvegen og ein traktorveg som går oppover bakken, Slåtteenga er truleg ikkje gjødsla på lenge av di det er vanskeleg å komme til med traktor. Lokaliteten har eit tydeleg slåtteengpreg. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Enga vart framleis slått i 2006 (kjelde: Arne Hermansen).
*Spesielle artar:* Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Av planteartar registrert 20.09.2006 kan nemnast blåklokke, knegras, kornstorr, kystmaure, prestekrage, kvitbladtistel og enghumleblom. Elles vart den raudlista beitemarkssoppen raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT) påvist.
*Avgrensing og prioritering:* Slåtteenga er ein del av ei større eng som vert gjødsla, men den utvalde lokaliteten er brattlendt og inneklemd mellom hovudvegen og ein bjørkeallé som går langs ein traktorveg oppover skråninga. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Befaring 20.09.2006 viser at dette er ei intakt slåtteng med fleire kravfulle artar, og verdien vert sett opp frå C til B (viktig).
*Truslar/konflikt og forvaltning:* For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrt hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad.

## *Vanylven: Åheim: Hellebust*

Naturbasenummer: BN00012903
Areal: 2,33
Sist undersøkt: 20.09.2006
Verdi: A
Verdi revurdert: A

Tilstand: I
UTM (EUREF89): LP 236 791
Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Høgde (m.o.h.): 105
Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG (Vidnes 2003), 20.09.2006 JBJ

*Områdeskildring*: Lokaliteten vert kalla Holmen og ligg som namnet seier på ein holme i elva på Hellebust, aust og nedanfor Almklovnakken. Holmen har lang og god hevd med sein slått og litt beiting vår og haust, og har elles ikkje vore gjødsla eller pløgd så langt ein kan hugse attende. Lokaliteten får truleg tilført noko næring frå elva. Vegetasjonen har eit typisk slåtteengpreg, med registrerte artar som småengkall, smalkjempe, gulaks, tiriltunge, tepperot, harerug, firkantperikum, følblom og blåknapp, samt beitemarksoppen tua køllesopp (ikkje kontrollbestemt). Innlagt av J.B. Jordal 19.03.2007: Holmen vart i 2006 berre beita av storfe og ikkje slått, men brukarane er positive til forslag om å halda fram slåtten med tilskott, m.a. sidan ein også har planlagt å slutta med dyr i 2007 (kjelde: Karin Aasen).
*Spesielle artar*: Den raudlista arten solblom finst her (VU-sårbar på raudlista 2006). Innlagt av J.B. Jordal 19.03.2007: Andre registrerte artar var enghumleblom, knegras, hanekam og kvitbladtistel.
*Avgrensing og prioritering*: Lokaliteten avgrensar seg sjølv ved at den ligg på ein holme, men også små område inn på hovedjorda har naturengpreg. Ein mindre holme ved sidan av som ikkje vert skjøtta, er heilt dominert av mjødurt. Grunna lang og god hevd, samt funn av raudlisteart (VU) gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A).
*Truslar/konflikt og forvaltning*: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrt hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarkssopp.
*Muntlege kjelder*: Landbrukskontoret i Vanylven

## Vanylven: Åheim: Lia

Naturbasenummer: BN00012902
Areal: 10
Sist undersøkt: 20.09.2006
Verdi: C
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
UTM (EUREF89): LP 230 788
Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Høgde (m.o.h.): 190-220
Besøkt i felt: 17.06.02 MV (Vidnes 2003), 20.09.2006 JBJ

*Områdeskildring*: Lokaliteten ligg i bakkane sydvest og ovanfor Hellebust (Bruk nr. 60/1), og er ei relativt artsrik slåtteeng i tidleg gjengroingsfase. Det har ikkje vore jordarbeiding på lokaliteten så lenge ein kan hugse. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Lokaliteten var framleis i attgroing hausten 2006. Det var ca. 40% sølvbunkeeng (G3) og 50% frisk fattigeng (G4), resten var blåbærdominert vegetasjon.
*Spesielle artar*: Slåtteenga er framleis relativt rik på naturengartar, m.a. prestekrage, blåklokke, småengkall, harerug, smalkjempe, jordnøtt, kystmaure, lækjeveronika og tepperot. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Det vart og funne eit par vanlege beitemarkssoppar, seig vokssopp og honningvokssopp.
*Avgrensing og prioritering*: Bakkane ovanfor gardsvegen er avgrensa då desse er mest artsrike og har lengst skjøtsel. Lokaliteten er relativt stor og naturengpreget er framleis tydeleg. Lokaliteten har truleg framleis eit stort restaureringpotensial, gjengroing dreg verdien ned, men førekomst av jordnøtteng tilseier at lokaliteten får verdien viktig (B).
*Truslar/konflikt og forvaltning*: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein ta opp igjen tradisjonell skjøtsel med lite gjødsling og sein slått. Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrt hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. Lokaliteten har truleg framleis eit stort restaureringpotensial. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar.
*Muntlege kjelder*: Landbrukskontoret i Vanylven.

## Vestnes: Skorgedalen: Helland

Naturbasenummer: BN00010980
Areal: 8,06
Sist undersøkt: 10.07.2001
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 1535-10050

Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9612-9615 3797-3800
Høgd over havet: 210 m
Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ (Jordal 2003)

Områdeskildring:
*Generelt:* Ved det fråflytta småbruket Helland øvst i Skorgedalen er det gamle slåtteenger (attgroande) med innslag av solblom.
*Vegetasjon:* G4, frisk fattigeng.
*Kulturpåverknad:* Innmark som tidlegare er slått og beita, no er hevden omtrent opphøyrt. Det vart observert ei søye med 3 lam, men beitetrykket er ubetydeleg. Det blir drive med litt vedarbeid, og lokaliteten er stadvis påverka av traktorkøyring.
*Artsfunn:* Det vart rekna ca. 30 blomstrande rosettar av solblom (VU). Elles vart det notert aurikkelsvæve, grov nattfiol, harerug og smalkjempe.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt førekomst av raudlistearten solblom. Innlagt av JB Jordal 19.03.07: Solblom er no oppført som VU - sårbar i raudlista 2006. Dette er ein mindre bestand, og området er i sterk attgroing, men kan restaurerast. Utan tiltak vert verdien sett til B framleis.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med slått eller beiting for å bevara solblombestandane.

## Vestnes: Skorgedalen: Kjelbotn

Naturbasenummer: BN00010938
Areal: 10,10
Sist undersøkt: 29.08.2001
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1535-10045
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 0133 3920 – 0156 3928
Høgd over havet: 140 m
Undersøkt/kjelder: 11.07. og 29.08.2001, JBJ (Jordal 2003)

Områdeskildring:
*Generelt:* Lokaliteten ligg vest for husa i Kjelbotn fremst i Skorgedalen.
*Vegetasjon:* Mest frisk fattigeng (G4) med jordnøtt (rekna som sterkt truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001), små parti med sølvbunkeeng (G3), dette tyder på at lokaliteten har vore lite gjødsla i seinare tid.
*Kulturpåverknad:* Gammel slåtteeng, dels fulldyrka og dels overflatedyrka i eldre tid. Det vart beita noko med hest i 2001.
*Artsfunn:* Det vart notert 74 planteartar, av desse aurikkelsvæve, blåklokke, grov nattfiol, hanekam, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, jordnøtt, kornstorr, kystmaure, prestekrage, skogbjønnbær, smalkjempe, stormaure og solblom (VU). Det vart funne 6 blomstrande rosettar av solblom (UTM med GPS: MQ 01513 39264). På same stad vart beitemarkssoppen raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT) funnen. Elles vart det funne eit par meir vanlege beitemarkssopp, men det er potensiale for langt fleire artar.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei velutvikla, intakt slåtteeng/naturbeitemark med fleire raudlisteartar, blant desse ein i kategori sårbar, og på grunn av velutvikla jordnøtteng, som er sterkt truga.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig å sikra framhald i hevden på staden, anten gjennom slått eller beiting. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

## Vestnes: Tomrefjord: Juvikplassen

Naturbasenummer: BN00010915
Areal: 6,90
Sist undersøkt: 06.07.2001
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 1535-10009
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 926 413
Høgd over havet: 10 m
Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ (Jordal 2003)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei lita attgroande slåtteeng på 2-3 dekar mellom riksvegen og 3 hytter.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, jordnøttutforming (G4b), i attgroing. Vegetasjonstypen er oppfatta som akutt truga (CR, Fremstad & Moen 2001).
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slåtteeng og truleg beitemark, no ute av hevd. 3 hytter i skogkanten, riksveg i nedkant.
*Artsfunn:* Det vart notert 44 planteartar, blant desse grov nattfiol, nattfiol, harerug, kornstorr, kystmaure, sumpmaure og store mengder jordnøtt.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei gammal slåtteeng i attgroing, med nokre biologiske verdiar. Viktigast er vegetasjonstypen med jordnøtt og kystmaure, som er vurdert som akutt truga, men som snart vil gå tapt ved fortsatt opphøyr av slått og beiting.
*Skjøtsel og omsyn:* Dersom verdiane skal bevarast må ein ta opp att slått/beiting.

## Vestnes: Tomrefjord: Klingrå

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010974 |
| Areal: | 1,47 |
| Sist undersøkt: | 04.10.2002 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1535-10011 |
| Kartblad: | 1220 II Vestnes |
| UTM (EUREF 89): | LQ 9256-9258 3970-3973 |
| Høgd over havet: | 10 m |
| Undersøkt/kjelder: | 28.06. og 04.10.2002, JBJ (Jordal 2003) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ein liten, intakt slåtteengrest ved Frostad med solblom på mindre enn 1 dekar ved ei bustadhus oppført 1990. Lokaliteten vert framleis slått.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er omgjeven av veg, bustadhus med hage, og eit eldre massetak som no er planert og dyrka.
*Artsfunn:* Mest interessant er ein bestand på 12-15 blomstrande solblom (VU). Dette er truleg ein rest av tidlegare større bestandar i Tomrefjorden, og den mest intakte. Det vart og funne ein liten bestand på 5 blomstrande planter på nokre kvadratmeter ved Frostad (LQ 9272 4065), men dette er ikkje avgrensa som lokalitet. Arnfinn Skogen og Eli Fremstad fann solblom i Tomrefjorden i 1971, men funnstaden er uviss. Elles vart det notert geitsvingel, harerug, kjertelaugnetrøst, prestekrage, smalkjempe, småengkall og tiriltunge. Ved haustbesøket vart det funne følgjande artar av beitemarkssopp: glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (NT) og silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum*. Lokaliteten har potensiale for fleire beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området blir verdisett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita, men artsrik og interessant slåtteeng med solblom og einskilde andre meir krevjande artar.
*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør halda fram med å slå enga, helst seint i sesongen, raka vekk graset og ikkje gjødsla. Enga bør skånast for fysiske inngrep som graving i jorda.

## Volda: Folkestad: Bøen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00022188 |
| Areal: | 13,07 |
| Sist undersøkt: | 19.09.2006 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Undersøkt/kjelder: | 20.08.2002, KJG, (Engen & Grimstad i manus), 19.09.2006, JBJ |

Områdeskildring
Fråflytt gardsbruk, enga vert slegen og graset rydda bort. Det beiter også nokre sauer på deler av bruket. I enga veks fleire naturengplanter og beitemarkssopp, mellom anna limvokssoppen *Hygrocybe glutinipes*. Her kan det avgjort dukke opp fleire interessante artar så lenge enga blir slått eller fortsatt beita. Innlagt JB Jordal etter besøk 19.09.2006: framleis fine slåtteenger (G4 frisk fattigeng) der graset blir fjerna, og etterbeita av sau. Elles fine steingjerde og mosegrodde rydningsrøyser. Av planter vart notert knegras, heiblåfjør, blåklokke, harerug, hårsvæve, smalkjempe, aurikkelsvæve. I 2006 vart limvokssoppen attfunnen (ikkje lenger på raudlista), dessutan raudlistearten gulbrun narrevokssopp

*Camarophyllopsis schulzeri* (NT). Verdien vert oppretthalden på bakgrunn av storleik og tilstand. Elles er det potensiale for fleire raudlista beitemarkssopp.

## Volda: Folkestad: Løndalen

Naturbasenummer: BN00022211
Areal: 10,32
Sist undersøkt: 19.09.2006
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: D
Undersøkt/kjelder: 19.07.2002, KJG, (Engen & Grimstad i manus), 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring
Brattlendt og bakket gardsbruk i brukbar hevd. Enga ber preg av langvarig hevd med mange typiske planter i gammal slåttemark som prestekrage, smalkjempe, ryllik, engkall, blåklokke, nattfiol og den raudlista solblomen (VU). Denne siste var tidligare meir utbreidd inne i enga fortalte drivaren, men veks no for det meste i utkanten mot nord i enga. Ved besøket var blomstinga for det meste over, men 4 stenglar og 90-100 rosettar blei registrert. Enga bør undersøkast tidligare i sesongen, fleire sjeldne artar kan finnast i slik mark, m.a. kvitkurle (VU) og marinøkkel (NT). Her burde også finnast beitemakssopp. (K. J. Grimstad, pers medd). Innlagt JB Jordal etter besøk 19.09.2006: Her har vore sau til 2004, hest til 2005, arealet vert no bortleigd til beite, og er ikkje slått dei siste to åra (kjelde. Else Løndal). Solblom vart attfunnen lengst i nord (LP 4417 9280, 165 m). Her fanst heistorr, heisiv, finnskjegg, blåtopp, engkvein og geitsvingel. Ein del av dei øvrige engene er relativt artsfattige med m.a. ein del krattlodnegras. Ovafor løa vart det slått til 2005. Her finst jordnøtt, kystgrisøyre, blåknapp, flekkmarihand, heistorr, harerug, kvitbladtistel og smalkjempe.

## Volda: Kilspollen: Mjeltevika

Naturbasenummer: BN00022185
Areal: 24,13 (avgrensing bør revurderast)
Sist undersøkt: 19.09.2006
Verdi: C
Verdi revurdert: C
Tilstand: D
Undersøkt/kjelder: 02.08.1996 (Melby & Gaarder 2001a, Engen & Grimstad i manus), 19.09.2006, JBJ
Områdeskildring
Beskrivelsen er basert på Melby & Gaarder (2001a), samt egne feltnotater. "Et lite gardsbruk med rester av artsrike slåtteenger. Flere typiske naturengplanter forekommer fortsatt ganske vanlig." (Melby & Gaarder 2001). Egne feltnotater, Engen & Grimstad (i manus): Garden har en del små flekker med natureng, som delvis er i god hevd og delvis er i begynnende gjengroing. Innlagt JB Jordal etter besøk 19.09.2006: Det sørligste bruket gror nå igjen pga. helseproblemer hos eieren (Johan Mjeltevik pers. medd.). Det ble slått siste gang 2005, det forekommer heller ikke streifbeiting av sau lenger. Noe av det som er avgrenset er pløyd og gjødslet og bør tas ut, mens det fortsatt finnes flekker med mer artsrik natureng som nå begynner å gro igjen. Et mindre område ovenfor det nordligste bruket er fremdeles i hevd med slått (Åsmund Kyrkjeeide, bor ikke på plassen), og kunne isolert sett fått verdi B. Av planter på det nordligste bruket kan nevnes kystgrisøre, smalkjempe, kvitbladtistel, blåklokke, blåkoll, jonsokkoll, blåknapp, tusenfryd og hårsveve, de fleste av disse rosettplanter som trives i slåtteenger. På det sørligste ble det observert bl.a. harerug, kystmaure, jordnøtt, blåkoll og skogmarihand. Avgrensing bør endres.

## Volda: Lauvstad: Grøtholen

Naturbasenummer: BN00022193
Areal: 25,18 (avgrensing bør revurderast)
Sist undersøkt: 19.09.2006
Verdi: A
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Undersøkt/kjelder: 18.07.2002, KJG, (Engen & Grimstad i manus), 19.09.2006 JBJ

Områdeskildring
Gamalt nedlagt gardsbruk i sterk attgroing. I nedre austre delen av bruket veks den raudlista solblomen (VU). Det vart teld 120 rosettar og ellers ei mengd andre naturengplanter. I enga blei det høyrt og sett grønn markgrashoppe og ellers ei mengd andre insekter som har tilhald i slike enger. I eit tørt parti i øvre del av bruket blei det registrert ein koloni med gravande jordbier, truleg *Halictus rubicundus* eller andre sandbier i slekta *Andrena*. Garden eigner seg svært godt som kulturhistorisk restaureringsobjekt med sine enger og gamle bygningar og tida er knapp, solblomen vil sannsynlegvis snart forsvinne på grunn av attgroing. Mosaikk av G3 sølvbunkeeng, G4 -G5 frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-

gulaks/finnskjegg mm. (K. G. Grimstad, pers. medd.). Supplement skrive av JB Jordal etter besøk 19.09.2006: framleis sterk attgroing, solblom vart ikkje attfunnen, men kan framleis finnast. Det vart observert styva selje og grov søyleeiner. Verdien vert sett ned til B pga. tilstanden. Det bør understrekast at det her er knapt med tid for å restaurera kulturlandskapet. Det er m.a. ein del krattlodnegras og oppslag av einstape og platanlønn. Det vart observert sau på nabobruka.

## Volda: Tømmerbakk

Naturbasenummer:
Areal: 4
Sist undersøkt: 21.07.2005
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 151900308
Kartblad: 1119 II Volda
UTM: LP 5158 9405
Undersøkt: 21.07.2005, JBJ (Jordal 2006)

*Generelt:* Gammel slåtteeng, ikke slått siste år, men intakt mangfold. Lokaliteten ligger på Tømmerbakk i øvre del av Volda, like i nedkant av bygdevegen.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng.
*Kulturpåverknad:* I vest grenser lokaliteten til et steingjerde, i øverkant mot bygdevegen.
*Artsfunn:* Av planter kan nevnes grov nattfiol (> 50 individer), hårsveve, jordnøtt, kystgrisøre, smalkjempe og prestekrage.
*Verdisetting:* Det er en tilnærmet intakt slåtteeng med et intakt artsmangfold, bl.a. en god bestand av grov nattfiol, og trolig godt potensiale for beitemarkssopp, derfor verdi B.

## Ørskog: Sjøholt: Bårdsgjerde, Martinusgarden

Naturbasenummer: BN00021538
Areal: 0,36
Sist undersøkt: 06.09.2004
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: I
Lokalitetsnummer: 1523-29
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 891 304
Høgd over havet: 190 m
Undersøkt/kjelder: 19.07.2002, 06.09.2004, JBJ (Jordal & Holtan 2005c)

Områdeskildring
*Generelt:* Mindre slåtteeng, under 0,5 dekar like vest for husa på Martinusgarden. Framvist av Marta Vik.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av jordnøtt-type (truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001).
*Kulturpåverknad:* Enga vert framleis slått.
*Artsfunn:* Det er gjort funn av raudlistearten solblom (VU), med ein bestand på over 100 blomsterstenglar. Lenger opp lang driftsvegen er solblomen gått ut for 30-40 år sidan. Elles vart det funne harerug, blåkoll, heistorr, heisiv, fjell-augnetrøst, hårsvæve, lækjeveronika, kystgrisøyre, jordnøtt, blåklokke, knegras og kattefot. Elles vart beitemarkssoppen *Entoloma chalybaeum* funnen.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av rike førekomstar av raudlistearten solblom.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## Ørskog: Solnørdalen: aust for Barlindhaugen

Naturbasenummer: BN00021529
Areal: 20,85 (avgrensing bør revurderast)
Sist undersøkt: 28.07.2001
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 1523-37
Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 871 324
Høgd over havet: 170 m
Undersøkt/kjelder: 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken (Jordal & Holtan 2005c)

Områdeskildring
*Generelt:* Dette er ei gammal slåtteeng tilhøyrande den øvste garden i grenda Barlindhaugen.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng.
*Kulturpåverknad:* Ein del gran er planta i enga.
*Artsfunn:* Det er gjort funn av raudlistearten solblom (VU), med ca. 50 blomstrande.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av middels rike førekomstar av raudlistearten solblom i ein lokalitet som står i fare for å gro att.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna. Grana bør fjernast før ho veks til.

## Ørskog: Vagsvika: Sollia, austre del

Naturbasenummer: BN00021553
Areal: 4,67
Sist undersøkt: 31.07.2000
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1523-16
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 9259 2705
Høgd over havet: 190 m
Undersøkt/kjelder: 31.07.2000, GGa & JBJ (Jordal & Holtan 2005c)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng aust for Øvre Sollia, på vestsida av eit større steingjerde ovanfor vegen, ovafor vestenden av bustadfeltet.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått/beite, no svak hevd.
*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom (VU), med ein bestand på 500-1000 blomstrande planter, ein av dei største i distriktet. Elles vart følgjande naturengplanter noterte: harerug, grov nattfiol, gulaks, finnskjegg, engfrytle, tepperot, blåklokke, prestekrage, kornstorr, blåknapp, knegras, geitsvingel, smalkjempe, tiriltunge, bråtestorr, heiblåfjør, i alt 17 naturengplanter.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av svært rike førekomstar av raudlistearten solblom, og generelt artsrik slåtteeng.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## Ørskog: Vagsvika: Øvre Sollia

Naturbasenummer: BN00021519
Areal: 1,33
Sist undersøkt: 31.07.2000
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1523-14
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 9236 2711
Høgd over havet: 190 m
Undersøkt/kjelder: 31.07.2000, GGa & JBJ (Jordal & Holtan 2005c)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng ovafor husa i Øvre Sollia. Avgrensinga er utført i etterkant av undersøkinga og er litt usikker.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, G4.
*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått/beite, i 2000 svakare hevd.

*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom (VU), bestand på meir enn 200 blomstrande planter. Andre naturengplanter: grov nattfiol, finnskjegg, harerug, tiriltunge, gulaks, engfrytle, blåklokke, blåknapp, aurikkelsvæve, prestekrage, kornstorr, smalkjempe, heisiv, knegras, i alt 15 naturengplanter. Elles vart det notert heistorr.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av rike førekomstar av raudlistearten solblom, og generelt artsrik gammel slåtteeng.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## Ørskog: Vagsvika: Øvre Sollia, vestre del

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021552 |
| Areal: | 6,39 |
| Sist undersøkt: | 31.07.2000 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | G |
| Lokalitetsnummer: | 1523-15 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 9215 2705 |
| Høgd over havet: | 170 m |
| Undersøkt/kjelder: | 31.07.2000, GGa & JBJ (Jordal & Holtan 2005c) |

Områdeskildring
*Generelt:* Gammel slåtteeng i svak attgroing på oversida av vegen ved eit fråflytta bruk.
*Vegetasjon:* Mykje av det fråflytta bruket har sølvbunkeeng (G3) som er i attgroing, elles G4, frisk fattigeng i kantområda. Eit inngjerda skifte er tresett med noko bjørk
*Kulturpåverknad:* Tidlegare overflatedyrka og slått/beita, no svakare hevd med vårbeite og lett haustbeite av sau.
*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom (VU), bestand på 3 blomstrande planter pluss nokre rosettar. Andre naturengplanter: finnskjegg, gulaks, knegras, geitsvingel, kornstorr, tepperot, tiriltunge, blåklokke, heiblåfjør, aurikkelsvæve, harerug, engfrytle, prestekrage, småengkall, lækjeveronika, kystgrisøyre, jordnøtt, hårsvæve, blåknaopp, blåkoll, smalkjempe, i alt heile 22 naturengplanter, som er eit høgt tal. Elles vart det notert heistorr, loppestorr og kystmyrklegg. Potensiale for beitemarkssopp.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng/hagemark i attgroing, men med førekomst av raudlistearten solblom, og i tillegg uvanleg artsrik gammel slåtteeng. Lokaliteten bør undersøkast betre. Ved framhaldande attgroing vil verdien gradvis verta lågare.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for både solblomen og alle dei andre engplantene, og dei vil gradvis forsvinna.

## Ørskog: Viset: Øggarden

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00021556 |
| Areal: | 4,44 |
| Sist undersøkt: | 31.07.2000 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1523-17 |
| Kartblad: | 1219 I Stranda |
| UTM (EUREF 89): | LQ 921 257 |
| Høgd over havet: | 120 m |
| Undersøkt/kjelder: | 31.07.2000, GGa & JBJ (Gaarder & Jordal 2001, 2002, Jordal & Holtan 2005c) |

Områdeskildring
*Generelt:* Slåtteengrest på Viset, mellom fulldyrka mark og skogkanten i skråninga opp mot Dektene, utstrekning ca. 20x150 meter.
*Vegetasjon:* Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4).
*Kulturpåverknad:* Engene har vore slått tidlegare, men er no i byrjande attgroing.
*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom (VU), med ein bestand på fleire hundre blomstrande planter. Elles vart det funne brudespore (NT på raudlista 2006) og grov nattfiol, vidare naturengplantene harerug, tepperot, finnskjegg, gulaks, småengkall, kystgrisøre, blåklokke, engfrytle, tiriltunge, smalkjempe, geitsvingel, aurikkelsveve, blåknapp, i alt 16 naturengplanter.
*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av individrike førekomstar av raudlistearten solblom.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna. Fysiske inngrep kjem i konflikt med dei biologiske verdiane.

## *Ørsta: Barstaddalen: Bakketun på Volle*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00029768 |
| Areal: | 1,09 |
| Sist undersøkt: | 06.09.2006 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | I |
| Lokalitetsnummer: | 1520-11055 |
| Kartblad: | 1219 IV Sykkylven |
| UTM (EUREF 89): | LQ 591 158 |
| Høgd over havet: | 110 m |
| Undersøkt/kjelder: | 06.09.2006, JBJ (Jordal m.fl. 2007) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten består av nokre bratte bakkar ved småbruket Bakketun på Volle i Barstaddalen. Dette er noko så spesielt som truleg den einaste tradisjonelle slåttemarka (ugjødsla, upløgd) i Ørsta som framleis vert slått.
*Vegetasjon:* Lokaliteten består av frisk fattigeng (G4) med ein del kystmaure og mange rosettplanter tilpassa langvarig slått, som blåknapp, blåkoll, hårsvæve, jonsokkoll, kystgrisøyre, myrtistel, prestekrage, smalkjempe og tusenfryd.
*Kulturpåverknad:* Bruket hadde 4 sauer fram til 1994. Desse bakkane er tidlegare slått med ljå, men vert no slått med kantklippar av Marit Synnøve Volle, og graset vert fjerna (kjelde: Gyda Volle).
*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. blåklokke, blåkoll, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kystgrisøyre, kystmaure, lækjeveronika, prestekrage, smalkjempe, tiriltunge og tusenfryd. Av sopp kan nemnast brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. Ein reknar med at det er potensiale for fleire beitemarkssopp enn dei som vart funne.
*Verdivurdering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at dette er ei intakt slåttemark av den lite gjødselpåverka typen, som elles er nærast forsvunne i distriktet.
*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med fortsatt slått utan gjødsling og jordarbeiding. Slåtten kan godt vera sein (august). Graset må fjernast.

## *Ørsta: Follestaddalen: Barstad, nedafor vegen*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00029832 |
| Areal: | 1,68 |
| Sist undersøkt: | 20.07.2005 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | D |
| Lokalitetsnummer: | 1520-11097 |
| Kartblad: | 1219 III Hjørundfjord |
| UTM (EUREF 89): | LP 5566 9831 |
| Høgd over havet: | 90 m |
| Undersøkt/kjelder: | 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (Jordal 2006, Jordal m.fl. 2007) |

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Barstad nedanfor vegen i gammal slåtteeng, og er avgrensa på grunn av ein førekomst av raudlistearten solblom på ca. 20x30 meter.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med kystmaure.
*Kulturpåverknad:* Slått tidlegare, men no i tidleg attgroing. Ei rydningsrøys.
*Artsfunn:* Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (VU). Det vart funne 19 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert både nattfiol og grov nattfiol, og dessutan kystmaure.
*Verdivurdering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei lita slåttemark med ein mindre bestand av raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.
*Skjøtsel og omsyn:* Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

## *Ørsta: Follestaddalen: nord for Litlesæter*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00029817 |
| Areal: | 3,45 |
| Sist undersøkt: | 20.07.2005 |
| Verdi: | A |

Verdi revurdert: A
Tilstand: D
Lokalitetsnummer: 1520-11099
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LQ 5676 0077
Høgd over havet: ca. 80-90 m
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (Jordal 2006, Jordal m.fl. 2007)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten ligg i Follestaddalen nord for Litlesæter i nedkant av vegen, er ei gammal slåtteeng, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure (truga vegetasjonstype, 80%), sølvbunkeeng (G3) (20%).
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har truleg vore slått til for ikkje lenge sidan, men er no i attgroing.
*Artsfunn:* Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (VU). Det vart funne 48 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert beitesvæve, heistorr, jordnøtt, kvitbladtistel, kystmaure.
*Verdivurdering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei mindre slåtteng med raudlistearten solblom, ein truga vegetasjonstype og med nokre andre interessante planteartar, men diverre i attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

## Ørsta: Follestaddalen: vest for Skulebrua

Naturbasenummer: BN00029816
Areal: 2,16
Sist undersøkt: 20.07.2005
Verdi: A
Verdi revurdert: B
Tilstand: G
Lokalitetsnummer: 1520-11100
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LQ 5680 0090
Høgd over havet: ca. 90 m
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (Jordal 2006, Jordal m.fl. 2007)

Områdeskildring
*Generelt:* Lokaliteten ligg ved eit vegkryss rett vest for Skulebrua (Follestaddalen skule), dels i vegkant og dels i gammal slåtteeng, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom. Lokaliteten med solblom er berre rundt 10x10 meter.
*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) ca. 30%, finnskjeggeng ca. 10% og smyle/blåtoppeng med blåbær ca. 50%.
*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til veg, og er i attgroing med høgt gras og busker.
*Artsfunn:* Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (VU). Det vart funne 3 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert beitesvæve, grov nattfiol, hårsvæve, kystmaure og småengkall.
*Verdivurdering:* Verdien er endra av J. B. Jordal 23.05.2006 til B (viktig) på grunn av at det er ein småbiotop/gammal slåtteeng med få stenglar av raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar, men elles i kraftig attgroing.
*Skjøtsel og omsyn:* Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

## Ålesund: Emblem

Naturbasenummer: BN00010816
Areal: 5,97
Sist undersøkt: 09.10.1999
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: U
Undersøkt/kjelder 09.10.1999, Jordal & Holtan (1999)
Områdeskildring
*Områdeskildring, vegetasjon*: På garden Emblem (eigar: Leon Emblem) har det vore ungdyr til for 5-6 år sidan. Her er både fulldyrka og overflatedyrka mark som framleis blir slått. Her har ikkje vore gjødsla på mange år, men likevel gjødsla tidlegare. Vegetasjon, flora og soppflora var mest artsrik i kantane, men også på fulldyrka mark er det relativt artsrikt på grunn av lite gjødsling i seinare tid. Enga er rik på engkransmose med ein god del smalkjempe og prestekrage. Elles er vegetasjonen dels å rekna som engkvein/gulaks-eng.
*Kommentarar til funn*: Det vart funne 16 naturengplantar. Kystgrisøyre var stadvis talrik. Også andre slåttetilpassa rosettplanter var vanlege, som smalkjempe, hårsvæve, aurikkelsvæve, følblom, blåknapp, prestekrage, gjeldkarve og

raudknapp. Det vart også funne dikesvineblom og jordnøtt. Det vart funne 11 beitemarkssopp, av desse 9 vokssoppartar. Dei mest interessante var gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) og limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*.
*Verdisetting*: Verdien vert sett til B pga. artsutvalet og tilstanden.
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

## Ålesund: Litlekalvøya: Plassen

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010838 |
| Areal: | 7,33 |
| Sist undersøkt: | 14.10.1999 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | U |
| Undersøkt/kjelder | 25.09., 05.10. og 14.10.1999, Jordal & Holtan (1999) |

Områdeskildring
Skrive av JB Jordal 19.03.2007. For generelle skildringar av Litlekalvøya: sjå lokaliteten Tua.
*Områdeskildring, vegetasjon*: Rema har ein moserik vegetasjon med slått-tilpassa plantar som smalkjempe, gulaks, følblom og kvitkløver. Vegetasjonen vekslar mellom engkvein-gulaks-eng og sølvbunkeeng, i kantområde også litt meir heipregа vegetasjon med tepperot, bjønnkam og blåknapp.
*Kommentarar til funn*: Ved Rema vart det funne 13 artar av beitemarkssopp, m.a. 9 vokssoppartar. Det er verdt å trekkja fram halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT-nær truga på raudlista 2006), *Entoloma versatile* (sjeldan, 3. lokalitet i Norge, DD-datamangel på raudlista 2006), svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* (ikkje lenger raudlista). Elles vart det funne grå vokssopp og liten mønjevokssopp.
*Verdisetting*: Verdien vert under tvil sett til B pga artsutvalet. Tilstanden var bra i 1999, og betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den bruken som har vore. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

## Ålesund: Litlekalvøya: Rema

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010817 |
| Areal: | 20,10 (avgrensing bør revurderast) |
| Sist undersøkt: | 14.10.1999 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | U |
| Undersøkt/kjelder | 25.09., 05.10. og 14.10.1999, Jordal & Holtan (1999) |

Områdeskildring
Skrive av JB Jordal 19.03.2007. For generelle skildringar av Litlekalvøya: sjå lokaliteten Tua.
*Områdeskildring, vegetasjon*: Plassen har ein moserik vegetasjon med slått-tilpassa plantar som smalkjempe, gulaks, følblom og kvitkløver. Vegetasjonen inneheld mest engkvein-gulaks-eng.
*Kommentarar til funn*: Av planter kan nemnast prestekrage, hårsvæve og kornstorr. Ved Plassen vart det funne mange beitemarkssopp, m.a. 14 vokssoppartar. Det er verdt å trekkja fram halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT-nær truga på raudlista 2006), *Entoloma pratulense* (NT-nær truga på raudlista 2006), *Entoloma versatile* (3. lokalitet i Norge, DD-datamangel på raudlista 2006), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT-nær truga på raudlista 2006), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* (ikkje lenger raudlista). Elles vart det funne grå vokssopp og lutvokssopp.
*Verdisetting*: Verdien vert sett opp til A pga. artsutvalet. Tilstanden var også bra i 1999.
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den bruken som har vore. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

## Ålesund: Litlekalvøya: Tua

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010839 |
| Areal: | 7,91 |
| Sist undersøkt: | 14.10.1999 |
| Verdi: | A |
| Verdi revurdert: | A |
| Tilstand: | U |

Undersøkt/kjelder 25.09., 05.10. og 14.10.1999, Jordal & Holtan (1999)

Områdeskildring (justert av JB Jordal 19.03.2007)
*Områdeskildring, vegetasjon*: Det ligg 7 gardsbruk på øya, 6 av desse er fråflytta. M.a. beiter 11 villsau på øya (1999). Det meste av innmarka er fulldyrka eller overflatedyrka. Dei fleste bruka blir framleis slått, medan noko gror att med strandrøyr og sølvbunkeeng. Fleire av gardsbruka har vore slått utan å ha vore gjødsla i over 30 år. Dei stadene som var mest interessante med omsyn på naturengplantar og beitemarkssopp, var Tua, Rema og Plassen. Sjølv i tidlegare fulldyrka eng er det no utvikla ein moserik vegetasjon med slått-tilpassa plantar som smalkjempe, gulaks, følblom og kvitkløver. Vegetasjonen vekslar mellom engkvein-gulaks-eng og sølvbunkeeng, og med innslag av andre typar avhengig driftshistoria. I kantområde fanst meir heiprega vegetasjon med tepperot, bjønnkam og blåknapp. Innlagt av JB Jordal 19.03.2007: Avstandsobservasjon frå Ellingsøya 21.09.2006 tyder på at lokaliteten vart slått også i 2006.
*Kommentarar til funn*: Det vart funne 9 naturengplantar, som er relativt lågt. Utvalet av planteartar i kulturlandskapet på Litlekalvøya var nokså trivielt. Det kan nemnast funn av dikesvineblom, kystgrisøyre, hårsvæve, knegras, kornstorr, prestekrage og tusenfryd. Soppfloraen var derimot svært interessant. Det vart funne 11 beitemarkssopp, av desse 8 vokssoppartar. Nedafor husa på Tua vart det funne ein ny vokssopp for Norge, *Hygrocybe calyptriformis* (LQ 614 309, Jordal & Holtan 2000). Arten er pr. 2006 berre funnen ein annan stad i Noreg (Bømlo i Hordaland), og arten står som CR - kritisk truga på raudlista 2006. Av andre funn er det verd å trekkja fram halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT-nær truga på raudlista 2006), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* (ikkje lenger raudlista). Bestanden av halmgul køllesopp hadde mange mycel og eit stort tal individ, og er ein av dei største bestandane som er funne hittil her i landet.
*Verdisetting*: Verdien vert sett til A pga. artsutvalet og tilstanden.
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den bruken som har vore. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

## Ålesund: Magerholm (småbruk) Akselhaugen

Naturbasenummer: BN00010827
Areal: 3,30
Sist undersøkt: 17.09.1999
Verdi: B
Verdi revurdert: B
Tilstand: U
Undersøkt/kjelder 17.10.1999, Jordal & Holtan (1999)

Områdeskildring
*Områdeskildring, vegetasjon*: Dette er eit småbruk like vest for ferjeleiet på Magerholm. For tida bur ingen fast i husa, men innmarka blir halden i hevd gjennom slått utan gjødsling. Det mest artsrike er moserike kantar og anna overflatedyrka areal. Her finst innslag av både smalkjempe-dominerte parti med ulike rosettplanter som blåknapp og kystgrisøyre, og noko finnskjeggdominerte område, elles finst engkvein-gulakseng.
*Kommentarar til funn*: Det vart funne 12 naturengplantar. I tillegg til det som er nemnt ovafor vart det funne m.a. aurikkelsvæve, blåklokke og prestekrage. Det vart funne 21 beitemarkssopp, av desse 13 vokssoppartar. Dei mest interessante var skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* og svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT).
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken, men med minst muleg gjødsling og jordarbeiding. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Fjerning av tre og busker i kantane vil verka positivt på dei artane som er knytt til engsamfunn.

## Ålesund: Ratvikvatnet (ved Lerstadvegen)

Naturbasenummer: BN00010832
Areal: 3,19
Sist undersøkt: 12.10.1999
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: U
Undersøkt/kjelder 12.10.1999, Jordal & Holtan (1999)

Områdeskildring
*Områdeskildring, vegetasjon*: Dette er ein relativt tørr bakke som framleis blir slått og som heller slakt ned mot Lerstadvegen i sør. Lokaliteten grensar til en stor kristtornhage og einskilde store tre i nord og vest. Ved vegen er det eit

fuktig søkk med mykje lyssiv og knappsiv. Vegetasjonen er moserik og middels artsrik med m.a. ein del gulaks og smalkjempe.
*Kommentarar til funn*: Det vart funne 17 naturengplantar. Av plantefunna er det grunn til å nemna markfrytle, ei kystplante som i dag ikkje er særleg vanleg. Elles finst blåklokke, hårsvæve, jonsokkoll, jordnøtt, knegras, kvitmaure, kystgrisøyre og prestekrage. Soppfloraen var svært interessant. Det vart funne 28 beitemarkssopp, av desse 17 vokssoppartar. Her er det særleg verd nemna sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (VU) og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU). Vidare er det grunn til å trekkja fram halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (NT), raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT). Den store samlinga av raudlisteartar tyder på at dette er ein svært gammel lokalitet med lang kontinuitet.
*Råd om framtidig bruk*: Det er viktig for det biologiske mangfaldet at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den bruken som har vore i seinare tid, og at området ikkje blir bygd ned. Det er den bruken som har vore fram til no som forklarar det store talet på beitemarkssopp, og som forklarar forekomsten av ein del sjeldne slike artar. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Kommunen bør syta for å få ein avtale med grunneigaren om årleg slått og fjerning av graset. Det er naturleg at kommunen og/eller Fylkesmannen bidrar økonomisk til dette. Området må ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

## *Ålesund: Tørla, Gruen*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010822 |
| Areal: | 11,61 |
| Sist undersøkt: | 09.10.1999 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | U |
| Undersøkt/kjelder | 09.10.1999, Jordal & Holtan (1999) |

Områdeskildring
*Områdeskildring, vegetasjon*: Dette er eit gardsbruk med ein del fulldyrka mark. Det er lenge sidan her var gjødsla. Enga nord for husa var moserik (engkransmose), med mykje smalkjempe og prestekrage. Ned mot sjøen finst ein einerbakke med attgoande sølvbunkeeng og noko heipreg somme stader.
*Kommentarar til funn*: Det vart funne 15 naturengplantar, som er eit bra resultat. Av plantefunna kan nemnast blåklokke, dikesvineblom, heiblåfjør, heisiv, hårsvæve, jordnøtt, kystgrisøyre og prestekrage. Det vart funne 9 beitemarkssopp, av desse 8 vokssoppartar. Dei mest interessante var limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* og grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*.
*Råd om framtidig bruk*: Det er positivt om slåtten kan halda fram utan gjødsling. Etterbeite med sau eller ungdyr vil og vera positivt.

## *Ålesund: Vanberg (ved Lerstadvegen)*

| | |
|---|---|
| Naturbasenummer: | BN00010833 |
| Areal: | 2,46 |
| Sist undersøkt: | 12.10.1999 |
| Verdi: | B |
| Verdi revurdert: | B |
| Tilstand: | U |
| Undersøkt/kjelder | 12.10.1999, Jordal & Holtan (1999) |

Områdeskildring
*Generelt*: Området ligg frå Lerstadvegen og opp på ein haug i ei relativt tørr helling, nokre knausar finst og i området. Mykje av lokaliteten er tidlegare dyrka eller overflatedyrka. Det har ikkje vore gjødsla på lenge, men er framleis slått. Graset blir samla opp og tømt i kantområde.
*Vegetasjon*: Vegetasjonen er utmagrande med mykje engkransmose i botnen. Det finst steingjerde og ein oppmura terrasse (truleg tidlegare åker). Vegetasjonen er dels engkvein/gulakseng med varierande innslag av englodnegras, kystgrisøyre (god bestand) m.m. Somme parti har ein del smalkjempe.
*Artsfunn*: Det vart funne 10 naturengplantar. Av plantefunna kan nemnast dikesvineblom, jordnøtt, kystgrisøyre og vivendel. Det vart funne 15 beitemarkssopp, av desse 12 vokssoppartar. Av interessante artar kan nemnast bronseraudskivesopp *Entoloma formosum*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, spissvokssopp *Hygrocybe persistens*, og skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*.
*Råd om framtidig bruk*: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding. Tre og buskar bør haldast nede.

## *Ålesund: Ystebøen, Emblem*

Naturbasenummer: BN00010815
Areal: 24,16 (avgrensing bør revurderast)
Sist undersøkt: 15.10.1999
Verdi: A
Verdi revurdert: A
Tilstand: U
Undersøkt/kjelder 15.10.1999, Jordal & Holtan (1999)

Områdeskildring
*Generelt*: Lokaliteten er eit gardsbruk i slakk sørhelling lengst vest på Emblem. I nord og vest grensar innmarka mot skogen, i aust og sør mot anna innmark. Bruket er ikkje gjødsla etter ca. 1975, men blir framleis slått. I seinare tid har det vore storfe på bruket, men ein planlegg no å slutta. Innmarka har både fulldyrka og overflatedyrka parti. Mest interessant for det biologiske mangfaldet er overflatedyrka parti på haugar og knausar, og kantområde, men også den fulldyrka marka er artsrik pga lite gjødsling dei siste tiåra, kombinert med god hevd.
*Vegetasjon*: Lokaliteten inneheld ein del gulaks/engkvein-eng, men og ein del parti dominert av finnskjegg, somme tørre stader er det mykje hårsvæve, kystgrisøyre, smalkjempe og tiriltunge. I bakkane finst somme stader noko firkantperikum, som er vanskeleg å tukte sjølv om ein slår han årleg. Denne arten bør ikkje bli for dominerande, men har lett for å ta overhand. Vest for bruket er det fin beita hagemarkskog med hassel og andre lauvtre. Her finst fleire sjeldne planter (sjå nedanfor).
*Artsfunn*: Det vart funne heile 20 naturengplantar, mest av alle lokalitetane i Ålesund. Det er registrert 29 lokalitetar i heile fylket med fleire artar enn dette (pr. 1999). Slåtteengene har mange plantar med ein grunnstilt rosett, slik som harerug, prestekrage, aurikkelsvæve, blåknapp, smalkjempe, aurikkelsvæve, hårsvæve, blåkoll, raudknapp, kystgrisøyre og gjeldkarve. Slike artar er særleg tilpassa lite gjødsla slåtteenger. Andre interessante artar var vill-lin, jordnøtt og knegras. Vill-lin er ein art som indikerer baserikt jordsmonn og god hevd. I hagemarkskogen vart det funne fuglereir, som er ein sjeldan orkidé, vidare vårmarihand, breiflangre og sanikel. Det vart funne 28 beitemarkssopp, av desse 20 vokssoppartar. Av særleg interessante artar må nemnast grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (VU) og sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (VU), som begge er blant dei beste indikatorane på verdfulle lokalitetar med lang kontinuitet. Vidare er det funne lillagrå raudskivesopp *Entoloma griseocyaneum* (NT), *Entoloma exile*, limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT), musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT) og skjeljordtunge *Geoglossum fallax*. Elles vart det funne bleik engvokssopp *Hygrocybe pratensis* var. *pallida*, som og er sjeldan.
*Råd om framtidig bruk*: Det er viktig at denne lokaliteten framleis blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken. Det er den bruken som har vore fram til no som forklarar det store talet på beitemarkssopp, og som forklarar forekomsten av ein del sjeldne slike artar. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Det beste ville vera slått ein gong i året, helst relativt seint på sommaren, og noko etterbeiting av sau eller ungdyr. Ettersom dyrehaldet på bruket no synest å opphøyra, bør ein i alle høve få ein avtale med grunneigaren om årleg slått og fjerning av graset. Det er naturleg at kommunen og/eller Fylkesmannen bidrar økonomisk til dette.

# DISKUSJON

Slåttemark av den typen som vert omtala her er ein svært truga naturtype. Samstundes er typen ein av dei aller viktigaste for mangfaldet. Vårt fylke har att relativt mange slike lokalitetar, men dei fleste er ikkje lenger i ordinær jordbruksmessig drift. Dei er anten slått på fritid/hobbybasis av eigar, leigar, frivillig organisasjon eller offentleg instans, eller dei har i den seinare tid vore beita men har likevel bevart preget av slåtteeng. Mange er relativt nyleg gått heilt ut av bruk og gror att, men mangfaldet er inntil vidare stort sett bevart. Slike slåtteenger er den mest truga naturtypen i kulturlandskapet, samstundes som han inneheld svært mange kravfulle artar og eit stort mangfald som vanskeleg kan bevarast utan at desse lokalitetane vert bevart på ein måte som liknar den tradisjonelle drifta. 178 lokalitetar vert skildra i rapporten. Dei som var tilgjengelege i Naturbase var 133 lokalitetar (totalt 136, men 3 vart strokne). Dessutan har det i løpet av prosjektet vore samla opplysningar om 55 lokalitetar. 18 av desse er digitaliserte av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men ikkje lagt inn i Naturbase. Totalt 151 lokalitetar er arealberekna, og desse utgjer til saman 1431 dekar, dvs. eit snittareal på 9,5 dekar. Ut frå dette snittarealet kan ein rekna med at totalarealet av alle kjente og omtala slåtteenger i fylket er ca. 1700 dekar. Truleg er ein del lokalitetar feilavgrensa på den måten at dei inneheld ein del areal som er fulldyrka eller gjødsla og såleis ikkje fell under definisjonen på tradisjonell slåtteeng. Det verkelege arealet er derfor truleg mindre enn det som er oppgjeve. I ei framtidig evaluering/kvalitetssikring av data i Naturbase, burde derfor avgrensingane av ein del slåtteenger gjennomgåast på nytt med kritiske auge. Derimot må ein også rekna med at det finst ein del fleire slåtteenger som framleis ikkje er registrerte. Kvar desse finst, er vanskeleg å seie, men det kan vera særleg grunn til å leita meir i fjord- og dalkommunar som Vanylven, Volda, Norddal, Stranda, Stordal, Rauma og Sunndal. Kommunane Stordal, Rauma, Tingvoll og Sunndal har flest kjende lokalitetar, og her er nok mulegheitene til stades for å finna fleire, men 29 av fylkets 37 kommunar har registrerte slåtteenger. Erfaringar frå ferske registreringar i Tingvoll (Gaarder 2007) indikerer at dei fleste nye slåtteenger som vert funne heretter, er små, oftast mindre enn 2-3 dekar, og at dette er ei av årsakene til at dei ikkje er oppdaga tidlegare.

Dei registrerte lokalitetane viser ei klumpvis førekomst, der særleg viktige kommunar med mange lokalitetar er deler av Stordal (22 lokalitetar, særleg Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg øvre Romsdalen), Tingvoll (19, særleg Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg fjellgardane).

Mange såkalla raudlisteartar er også avhengige av slåtteenger. 64 slike artar er oppgjeve frå dei lokalitetane som er skildra i denne rapporten. Desse skal prioriterast høgt i forvaltninga, m.a. gjennom 2010-målet om stans i tapet av biologisk mangfald. Det er eit akutt behov for ein sterk, målretta innsats for å ta vare på restane av denne særmerkte naturtypen, men tiltak og verkemiddel er ikkje eit tema for denne rapporten.

Det er ikkje føremålet med denne rapporten å drøfta tiltak i forhold til slåtteenger. Tilskotsordningar vert m.a. nærare drøfta av Jordal (2007). Det er eit stort problem at bruk utan produksjonstilskot ikkje har noko effektivt tilbod om midlar til skjøtsel. Sidan slåtteengene er så sterkt truga som naturtype, og utgjer så små areal, er det ei stor forvaltningsmessig oppgåve knytt til det å ta vare på restane.

# KJELDER


A/S Olivin 2002. Konsekvensutredning. Uttaksområdene i Gusdalen og Sunndalen. Asplan Viak AS og A/S Olivin.

Aksdal, S., 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.

Ansok, S., 1973: Far etter folk. Stranda Sogemnd. 3. opplag 1982, 167 s.

Ansok, S., 1977: Utkantgardane - eit minne om ei anna tid. I: P. Larsen (red.): Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge. Gyldendal. s. 214-226.

Aune, E. I, 2005a: Kartlegging av biologisk mangfold (naturtyper) i Rindal kommune. NTNU rapport botanisk serie 2005-4. 39 s.

Aune, E. I, 2005b: Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU rapport botanisk serie 2005-1. 52 s.

Austad, I., 1988: Tingvoll bygdemuseum: økomuseum og rekreasjonsområde: forslag til landskaps- og arealbruksplan. Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Skrifter 1988:3. 80 s.

Beyer, I. & Jordal, J. B. 1995: Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavd. rapport nr. 15-1995. 45 s.

Bratli, H. & Norderhaug, A. 2005. Felthåndbok for kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap. Versjon 06.06.05. 26 s.

Bruaas, T. & Hatløy, K. H., 1991: Ytste-Skotet i Stordal kommune. Metodeopplegg for istandsetjing og skjøtsel av kulturlandskapet. Kandidatoppgåve for linja landskapsforvaltning og planlegging. Sogn og Fjordane distriktshøgskule. 107 s. + kart.

Connor, A., 2004: Kartlegging og verdisetting av viktige naturtyper for biologisk mangfold i Molde kommune. Institutt for naturforvaltning, Norges Landbrukshøgskole. Mastergradsoppgave, 206 s. + vedlegg.

Direktoratet for naturforvaltning, 1999a: Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.

Direktoratet for naturforvaltning, 1999b: Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 161 s.

Engen, T. & Grimstad, K. J. i manus: Biologisk mangfald i Volda. Rapport.

Engen, T., Grimstad, K. J. & Soot, K.M., i manus: Biologiske undersøkingar i Hareid kommune. Rapport.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.), 2001: Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.

Gaarder, G., 1993: Natur i Tingvoll. Naturverdier i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal, med spesiell vekt på biologisk mangfold. Tingvoll kommune, rapport. 65 s.

Gaarder, G., 2003a: Kartlegging av biologisk mangfold i Frei kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2003:17, 29 s.

Gaarder, G., 2003b: Biologisk mangfold i Kristiansund kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2003:18, 33 s.

Gaarder, G., 2007: Verdifulle kulturlandskap i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning. Rapport 2007:8. 80 s.

Gaarder, G. & Jordal, J. B., 1996: Biologiske mangfold på sørlige deler av Smøla. Utarbeidet i forbindelse med plan for forvaltning av kulturlandskapet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 8-1996, 59 s.

Gaarder, G. & Jordal, J. B., 2000: Botaniske tilleggsregistreringer for verneplanarbeidet på Smøla. Miljøfaglig Utredning, rapport 2000/3. 64 s. + kart.

Gaarder, G. & Jordal, J. B., 2001: Rødlistearter i Møre og Romsdal 2001. Planter, moser, kransalger, sopp, lav og sommerfugler. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 1-2001. 88 ss.

Gaarder, G. & Jordal, J. B., 2002: Etablering av pukkverk på Viset. Konsekvensutredning på tema Naturmiljø. Miljøfaglig Utredning, rapport 2001.

Gaarder, G. & Jordal, J. B., 2003: Regionalt sjeldne og truete plantearter i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2003:01. 70 s.

Gaarder, G. & Oldervik, F. 2003: Biologisk mangfold i Averøy kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2003:19, 37 s.

Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B., 2001: Biologisk mangfald innafor Geiranger-Herdal landskapsvernområde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 2001:03. 76 s. + kart

Hagen, G., 2000: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Tingvoll kommune etter DN-handbok 13-1999. Hovudfagsoppgåve i naturvern ved Institutt for biologi og naturforvaltning, Norges Landbrukshøgskole. 216 s. + vedlegg.

Hansen, L. O. & Aarvik, L., 2000: Sjeldne insekter i Norge 3. Sommerfugler (Lepidoptera). NINA Fagrapport 038. 145 s.

Holtan, D., (red.), 2001: Biologisk mangfold i Ålesund. Sluttrapport 2001. Ålesund kommune, rapport. 123 s. + kart.

Holtan, D., 2004: Kartlegging av biologisk mangfald i Sykkylven kommune. Sykkylven kommune, rapport. 61 s.

Holtan, D., i trykk: Biologisk mangfold i Giske kommune. Rapport.

Holtan, D. & Grimstad, K. J., 2000: Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal - biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s.

Holtan, D. & Grimstad, K. J., 2004a: Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Stranda kommune, rapport. 127 s. + kart.

Holtan, D. & Grimstad, K. J., 2004b: Biologiske undersøkingar i Sula kommune 2000-2001. Sula kommune, rapport. 47 s.
Iversen m.fl. 1994: Verdifulle kulturlandskap i Norge. Mer enn bare landskap! Del 4. Sluttrapport fra det sentrale utvalget for registrering av verdifulle kulturlandskap. 117 s.
Jordal, J. B., 1996: Eigedomen Vaulen på Nordmarka. Biologiske registreringar og forslag til skjøtsel av kulturlandskapet. Surnadal kommune. 28 s.
Jordal, J. B., 1997: Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s. TE 753.
Jordal, J. B., 2000: Biologiske undersøkingar i fjellgardane og seterdalane i Grøvuvassdraget, Sunndal kommune. Statusrapport for kulturlandskapet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 3-2000. 84 s.
Jordal, J. B., 2002: Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2000. 104 s.
Jordal, J. B., 2003: Kartlegging av biologisk mangfald i Vestnes kommune, Møre og Romsdal. Vestnes kommune, rapport. 114 s.
Jordal, J. B., 2004a: Kartlegging av naturtypar i Smøla kommune. Smøla kommune, rapport. 106 s. + kart.
Jordal, J. B., 2004b: Et gløtt inn i Sunndalsnaturen – en kartlegging av viktige naturtyper. Sunndal kommune, rapport. 262 s.
Jordal, J. B., 2005a: Kartlegging av naturtypar i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s. + kart.
Jordal, J. B., 2005b: Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 80 s. + kart.
Jordal, J. B., 2005c: Kartlegging av naturtypar i Nesset kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 6-2005. 162 s.
Jordal, J. B., 2005d: Kartlegging av naturtypar i Sandøy kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 1-2005. 73 s.
Jordal, J. B., 2005e: Forvaltningsplan for Molnes naturreservat i Giske kommune i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal Fylke. 30 s.
Jordal, J. B., 2006: Nasjonal registrering av kulturlandskap. Kartlegging av biologisk mangfold i Midt-Norge, med en kunnskapsstatus for Møre og Romsdal. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2006, 94 s.
Jordal, J. B., 2007: Revisjon av regionalt miljøprogram i Møre og Romsdal og omsynet til biologiske verdiar i kulturlandskapet. Møre og Romsdal Fylke, Landbruksavdelinga, rapport 2 - 2007.
Jordal, J. B., i trykk: Kartlegging av naturtypar i Eide kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 4-2005. 65 s. + kart.
Jordal, J. B. & Grimstad, K. J., 2001: Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport, 123 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1993: Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1995a: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1995b: Biologisk mangfold i Molde. Del 1. Hovedrapport. Molde kommune. 164 s. + kart. Del 2. Flora og fauna. Molde kommune. 101 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1995c: Biologisk mangfold på økologisk drevne bruk. Beitemarkssopp og planter. Norsk senter for økologisk landbruk, Tingvoll. 44 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1996: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttemarker II. Agarica 14 (23): 90-110.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1997: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1998a: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 2 - 98. 117 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1998b: Rødlistearter i Møre og Romsdal - planter, sopp og lav. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 3/98. 109 s.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1998c: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttemarker III. Agarica 15 (24/25):29-58.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1999: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 2002: Hygrocybe vitellina (Fr.) P.Karst. (sensu Boertmann 1990) - en oseanisk sopp. Blyttia 60:195-202.
Jordal, J. B. & Holtan, D., 1999: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Ålesund. Ålesund kommune, rapport. 30 s. + kart.
Jordal, J. B. & Holtan, D., 2000: Vokssoppen Hygrocybe calyptriformis (Berk. & Broome) Fayod funnet i Norge. Blyttia 58: 88-92.
Jordal, J. B. & Holtan, D., 2005a: Kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilete og kart.
Jordal, J. B. & Holtan, D., 2005b: Kartlegging av naturtypar i Skodje kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 3-2005. 87 s. + kart.
Jordal, J. B. & Holtan, D., 2005c: Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2005. 78 s. + kart.

Jordal, J. B. & Sivertsen, S. 1992: Soppfloraen i noen ugjødsla beitemarker i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 11 1992. 65 s. ISBN 82-7430-050-5.
Jordal, J. B. & Stueflotten, S., 2004: Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart
Jordal, J. B., Busengdal, S.E. & Holtan, D. 2005: Kartlegging av naturtypar i Stordal kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 1-2005. 110 s. + kart.
Jordal, J. B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007: Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.
Jordal, J. B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K. J. 2006. Status for solblom Arnica montana L. i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64:213-230.
Kjølås, G., 1954: Stranda bygdebok første del. Gard og grend. Stranda. 507 s.
Kålås, J.A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006: Norsk Rødliste 2006. Artsdatabanken, Trondheim. 415 s.
Larsen, B.H. & Gaarder, G., 2004: Vindkraftverk på Bud/Hustad i Fræna kommune. Konsekvensutredning på temaene Flora, fugl og annen fauna. Miljøfaglig Utredning Rapport 2004: 13, 48 s. + vedl.
Melby, M. W. & Gaarder, G., 2001a: Verdier i Stigedalselva, Volda kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-7. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 46 s. + vedlegg.
Melby, M. W. & Gaarder, G., 2001b: Verdier i Stordalselva, i Stordal, Norddal, Stranda og Rauma kommuner i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-47. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 58 s. + vedlegg.
Moen, A., A. Norderhaug & A. Skogen, 1993: Håndbok for feltregistrering - viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Midt-Norge. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning. 48 s.
Norderhaug, A., Hansen, S. & Jordal, J. B., 2004: Storfjordprosjektet. Fagrapport om kulturlandskapet i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga, Molde. Rapport nr. 1-2004. 240 s.
Oldervik, F. in prep. Registrering av naturtypar i Aure. Rapport.
Sande, J., 1989: Farne tider. Bygdesoga fram til 1920. Stordalssoga band I. Stordal. 505 s.
Sivertsen, S., Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1994: Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttemarker. Agarica 13 (22):1-38.
Skogen, A. & Odland, A. 1989: Flora og vegetasjon i Stordalsvassdraget på Sunnmøre. Univ. i Bergen, Bot. Inst. Rapp. 27:1-109.
Strøm, H., 1766: Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge. II anden part Sorøe. 509 s.
Vidnes, M. 2003. Biologisk mangfald i Vanylven kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtyper. 78 s. + kart.
Vidnes, M. & Grimstad, G. 2006. Biologisk mangfold i Sande kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar og viktige viltområde. Sande kommune, rapport. 90 s.

Internett:
DN 2006, revidert DN-handbok nr. 13: http://www.naturforvaltning.no/archive/attachments/02/123/Hndbo001.pdf
DN sin Naturbase: http://dnweb5.dirnat.no/nbinnsyn/
Kart/flyfoto: http://www.gislink.no/